

# **Masteroppgåve**

*Den internaliserte nynorsknormalen  
Om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar*

Av

Pernille Fiskerstrand

Oppgåva er gjennomført som eit ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjend som masteroppgåve. Denne godkjenninga inneber ikkje at universitetet står inne for dei metodane som er brukte og dei konklusjonane som er trekte.

Rettleiar: Helge Omdal

Universitetet i Agder, Kristiansand

Dato 3. november 2008

## Forord

---

Interessa for språknormeringsfeltet fekk eg gjennom egne erfaringar (og frustrasjonar) som nynorskbrukar, i tillegg til nyvunne kunnskapar som eg fekk om språknormering gjennom mastergradskurset 'Språknormer og språknormering' ved Universitetet i Agder hausten 2007.

Eg har lenge kjent meg usikker i val av kva for ord eg har lov til å bruke og ikkje på nynorsk. Min strategi vart å velje konservative former i stilar og anna skulearbeid for å vere på den trygge sida. Desse formene låg gjerne langt ifrå min dialekt, og denne situasjonen vart ikkje tilfredsstillande i lengda. Det kjendest etter kvart unaturleg å bruke former i skrift som eg sjølv oppfatta som gammaldagse og avleggs. Skriftspråket mitt vart fjernt og firkanta, og det verka til tider langt lettare å skrive bokmål. Etter kvart lærte eg at eg som elev og student kunne nytte mange former innan nynorskrettskrivinga som ligg langt tettare opp til dialekten min. Dette verka på mange måtar forlokkande, men på den andre sida førte det til eit litt for tett forhold til ordlista og også mange skrivefeil. Det vart for vanskeleg å halde orden på kvar grensene gjekk for korrekt nynorsk, bokmål og dialekt. Eg kjente at eg gjerne ville halde fram med å skrive nynorsk, men det verka så mykje meir komplisert, og det vart fleire feil enn når eg skreiv bokmål. I mykje av studietida har eg difor skrive bokmål. Men med kunnskap om normeringsprosessar, språklege prinsipp og språkbrukarane sine behov, vart eg igjen ivrig på å halde på språket mitt, og også finne ut om andre kjente på dei same hindringane som meg.

Då Språkrådet offentleggjorde sine vedtak om å revidere nynorsknormalen hausten 2007, vart det klart for meg at eg ville skrive masteroppgåva mi om nynorskbrukarane si oppfatning av nynorsk, og om deira om kunnskap og kjennskap til nynorsknormalen. Eg ville freiste å finne ut kva nynorskbrukarane sjølve har internalisert som rett nynorsk, og om dette i stor eller liten grad høver saman med den kodifiserte nynorsknormalen. Vidare ville eg samanlikne resultatane mine med måla som Språkrådet har vedteke for revideringa av nynorsknormalen, for å sjå om ei revidering verkeleg vil gagne nynorskbrukarane og gjere normalen lettare å bruke.

Vegen fram til eit ferdig produkt har vore interessant og givande, samstundes som eg ikkje kan legge skjul på at det har kosta både sveitte og frustrasjon. Eg må takke mann og barn for tolmod og uthald, alle som har stilt seg tilgjengelege som barnevakt, og ikkje minst Helge Omdal for god rettleiing – når det passa for meg. Eg håper at fleire enn eg vil finne resultatane interessante, og at undersøkinga kan verte til gagn for nynorsken, og for å sette nynorskbrukarane sine behov på dagsorden.

## Samandrag

---

Som utgangspunkt for denne granskinga sette eg to spørsmål:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

For å finne svar på desse spørsmåla gjennomførte eg både ei kvalitativ og ei kvantitativ undersøking blant elevar på Ulstein vidaregåande skule. 47 elevar frå vidaregåande kurs 1 var med i granskinga. Desse elevane burde ha gode føresetnader for å ha gode kunnskapar i nynorsk, då dei har vakse opp i eit aktivt nynorskområde, og dei har hatt nynorsk som hovudmål gjennom grunnskulen.

Språkrådet offentleggjorde hausten 2007 at dei har vedteke å gå i gang med ei revidering av nynorsknormalen. Målet var å ”laga ei tydeleg, enkel og stram norm (...) som er stabil over tid” (Språkrådet 2007b). Språkrådet vart seinare bede av KKD å vente med revideringa til etter stortingsmeldinga *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* vart lagt fram i juni 2008. KKD diskuterer i stortingsmeldinga vedtaka frå Språkrådet, og det vert peikt på at det er usemje kring kva som vil vere det beste for språkbrukarane. Men Kultur- og kyrkjedepartementet kjem etter ei samla vurdering til ”at det likevel er så mykje som taler for ein ny gjennomgang at det ikkje vil vere rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret [i Språkrådet] har vedteke” (St.meld. nr. 35 (2007–2008):206).

Undersøkinga freista å finne ut av om svara på spørsmåla også gav svar på om den normeringa av nynorsken som Språkrådet har planlagt, er i tråd med språkbrukarane sine behov. Resultata har vist at elevane i utvalet oppfattar sin dialekt som mest lik nynorsk. Likevel ser det ut til at fleirtalet ikkje oppfatta det at skrifta ligg ”etter” talen som ei hindring. Om Språkrådet utformar ein normal som er ”stram” og ”stabil”, slik at han dermed vil framstå som ytterlegare konservativ i forhold til talen, ser dette likevel ikkje ut til å ville bli oppfatta som noko problem for dei fleste i denne elevgruppa. Men ein kan heller ikkje påvise ut frå materialet at ein trongare og fastare normal klart vil løyse problema som elevane peiker på.

Det som kan sjå ut til å vere elevane sitt største språkmessige behov, er eit tydelegare system for ord- og formvalet i nynorsk. Slik som normalen framstår no, kjenner ikkje elevane grensegangane mellom dialekt, nynorsk og bokmål godt nok, og det gjer at dei føler seg usikre i skrivinga. Det er såleis mangelen på system og reglar for ordval som ser ut til å vere det området innanfor nynorsknormalen som gjer elvane mest usikre, og som dermed kan hindre dei i å bli støe nynorskbrukarar. I dette høvet er Språkrådet ikkje like tydelege på korleis den nye nynorsknormalen skal utformast.

# Innhald

---

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>7</b>
<b>1.1 Bakgrunn for oppgåva .....</b>	<b>7</b>
1.1.1 Den omstridde nynorsknormalen .....	7
1.1.2 Den internaliserte nynorsknormalen.....	8
<b>1.2 Disposisjonen i avhandlinga .....</b>	<b>9</b>
1.2.1 Teoretisk plassering av undersøkinga.....	9
1.2.2 Metode.....	10
1.2.3 Resultat og analyse.....	10
1.2.4 Konklusjon og avslutting.....	10
<b>2 Språkplanlegging.....</b>	<b>12</b>
<b>2.1 Teoretisk plassering av undersøkinga .....</b>	<b>12</b>
<b>2.2 Sentrale omgrep.....</b>	<b>13</b>
2.2.1 Språkpolitikk.....	13
2.2.2 Språkplanlegging .....	14
2.2.3 Språknormering.....	16
2.2.4 Normer, språknormer og internaliserte språknormer.....	17
<b>2.3 Språkplanlegging og verdival.....</b>	<b>19</b>
2.3.1 Haldning og handling.....	19
2.3.2 Språklege prinsipp til grunn i normeringa.....	20
<b>2.4 Aktørar i språkplanlegginga .....</b>	<b>22</b>
2.4.1 Normeringsinstansar som subjekt .....	22
2.4.2 Språket som direkte objekt .....	24
2.4.3 Språkbrukaren som indirekte objekt .....	24
2.4.4 Normering for kven? .....	25
<b>2.5 Omfang av språkplanlegging .....</b>	<b>26</b>
<b>2.6 Norsk språkplanlegging.....</b>	<b>27</b>
2.6.1 Norsk i særstilling .....	27
<b>2.7 Offisiell språkplanlegging av nynorsk.....</b>	<b>28</b>
2.7.1 Frå 1900 til 1950.....	28
<b>2.8 Frå 1950 og fram til i dag .....</b>	<b>29</b>
2.8.1 Purisme og inntak av nye ord.....	29
2.8.2 To-nivåsystemet.....	31
2.8.3 Nynorsk i forhold til bokmål.....	31
2.8.4 Nynorsk i forhold til dialekt .....	33
2.8.5 Sunnmørsdialekten – ein stad midt imellom.....	33
<b>3 Implementering og evaluering .....</b>	<b>35</b>
<b>3.1 Implementering .....</b>	<b>35</b>
3.1.1 Implementeringskjeda .....	35
3.1.2 Nynorsk i skulen .....	36
<b>3.2 Evaluering .....</b>	<b>37</b>
3.2.1 Vellukka implementering?.....	37
3.2.2 Tronge eller breie skriftspråksnormalar? .....	38
3.2.3 Forsking på nynorskelevar.....	40
<b>3.3 Nynorsken si framtid .....</b>	<b>41</b>
3.3.1 Ein ”heilskapleg norsk språkpolitikk” .....	41
3.3.2 Kva er meint med ”stram” og ”stabil”?.....	43
<b>4 Metode.....</b>	<b>45</b>
<b>4.1 Undersøkinga i metodisk perspektiv .....</b>	<b>45</b>

4.1.1	Operasjonalisering.....	45
4.1.2	Gyldigheit og pålitelegheit.....	48
4.1.3	Kvantitativ undersøking.....	49
4.1.4	Kvalitativ undersøking.....	50
<b>4.2</b>	<b>Informantane.....</b>	<b>51</b>
4.2.1	Utval av informantar.....	51
4.2.2	Studieretning og elevar.....	53
4.2.3	Gjennomføring.....	53
4.2.4	Melding til Datatilsynet.....	56
<b>4.3</b>	<b>Undersøking i fire delar.....</b>	<b>56</b>
4.3.1	Spørjeskjema.....	56
4.3.2	Rettetekstar.....	57
4.3.3	Ordliste.....	59
4.3.4	Intervju.....	60
<b>4.4</b>	<b>Handsaming av materialet.....</b>	<b>60</b>
4.4.1	Transkripsjon og innskriving.....	60
<b>5</b>	<b>Resultat og analyse.....</b>	<b>62</b>
<b>5.1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>62</b>
5.1.1	Oppsett og organisering.....	62
5.1.2	Materialet.....	62
<b>5.2</b>	<b>Oppfatta forhold mellom nynorsknormalen og eige talemål.....</b>	<b>64</b>
5.2.1	Sambandet mellom dialekt og normal.....	64
5.2.2	Elevane si oppleving av nærleiken mellom språknorma og dialekten.....	64
5.2.4	Synet elevane har på nynorsk- og bokmålsnormalane i høve til ulike variablar.....	71
5.2.5	Elevane si mening om kva som kan gjerast for å betre tilhøva til nynorsken.....	74
<b>5.3</b>	<b>Forholdet mellom den kodifiserte normalen og den internaliserte normalen.....</b>	<b>77</b>
5.3.1	Oppfatta kjennskap til norma.....	77
5.3.2	Bruk av ordlister og mangel på ord i nynorsk.....	82
5.3.3	Kjennskap til valfridommen og to-nivåsystemet.....	85
5.3.4	Bruken av 'anbehetelse'-ord.....	88
<b>5.4</b>	<b>Normsikkerheit i rettetekstane og ordlista.....</b>	<b>90</b>
5.4.1	Ikkje-tillatne bokmålsord.....	90
5.4.2	Tillatne "bokmålsord".....	93
5.4.3	"Bokmålsord" tillatne som sideformer.....	95
5.4.4	Ikkje-tillatne dialektord.....	99
5.4.5	Nynorskord som er i bruk i dialekten.....	102
5.4.6	Nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten.....	104
<b>5.5</b>	<b>Oppsummering frå resultat og analyse.....</b>	<b>106</b>
5.5.1	Den internaliserte nynorsknormalen ligg nær talemålet.....	106
5.5.2	Elevane kjenner seg usikre på rettskrivinga i nynorsk.....	107
5.5.3	Kjennskap til valfridom og sideformer.....	107
5.5.4	Elevane vel nynorsk.....	108
5.5.5	Manglande overordna system.....	108
5.5.6	Usekje kring kva som gjere nynorsken lettare.....	110
<b>6</b>	<b>Konklusjonar og avslutting.....</b>	<b>111</b>
<b>6.1</b>	<b>Bakgrunn for granskinga.....</b>	<b>111</b>
<b>6.2</b>	<b>Elevane sin oppfatta samanheng mellom nynorsknormalen og eigen dialekt.....</b>	<b>111</b>
6.2.1	Fleirtalet meiner at dialekten ligg nærast nynorsk.....	111
<b>6.3</b>	<b>Ord og former som elevane meiner høyrer inn under nynorsknormalen.....</b>	<b>112</b>
6.3.1	Elevane kjenner seg ikkje sikre på skrive nynorsk.....	112
6.3.2	Grensegangen mellom dialekt, nynorsk og bokmål.....	113

6.3.3 ELEVANE HAR INTERNALISERT EIN NYNORSKNORMAL SOM LIGG NÆR TALEMÅLET.....	114
<b>6.4 Nynorsken si framtid, sett i lys av resultata .....</b>	<b>115</b>
6.4.1 Mangel på system for innlemming av ord.....	115
6.4.2 Optimisme og framhald, trass i uvisse og påverknad frå bokmål.....	115
<b>6.5 Resultat frå undersøkinga i forhold til Språkrådet sine vedtak .....</b>	<b>116</b>
6.5.1 Språkrådet sine vedtak og kritikk av desse.....	116
<b>6.6 Konklusjon.....</b>	<b>118</b>
<b>7 Litteratur.....</b>	<b>119</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>121</b>

# 1 Innleiing

---

## 1.1 Bakgrunn for oppgåva

### 1.1.1 Den omstridde nynorsknormalen

Nynorsken lever i krysspreset mellom bokmålspåverknad og ein normtradisjon som yter motstand mot denne påverknaden, og i dette spenningsfeltet held han fram med å leve (Vikør 2002:49–53).

I sitatet over ser vi korleis Vikør (2002) omtaler nynorsken sine tilhøve. Nynorsknormalen skal vere dei tradisjonelle dialektbrukarane sin skriftlege språkvarietet, samtidig som den på den andre sida, må tilpasse seg talemålsutviklinga og bokmålet si utbreiing, for å stadig vere gjeldande og oppdatert. Sjølv om Vikør seier at nynorsken held fram med å leve i dette spenningsfeltet, er det òg viktig å ta med at nynorsken også er utsett for mykje kritikk. På den eine sida vert denne kritikken grunna i at nynorsknormalen er for streng, puristisk og gammaldags, slik at brukarane ikkje lenger kan ta utgangspunkt i talemålet. Normalen får såleis kritikk for at den tek for mykje omsyn til opphavet sitt, og at den på den måten mister noko av aktualiteten sin. Om dette er tilfelle, er heile eksistensgrunnlaget til varietetten truga fordi normalen nettopp er tufta på det nære sambandet mellom talemål og skrift. På den andre sida vert nynorsknormalen kritisert for å vere for brei til at det på nokon måte er mogeleg å få oversikt over han. Med det vert det meint at nynorsken har vore for open for innlemming av bokmålsord, og at ein med det har tatt livet av grunngevinga for å ha to skriftspråk. På den eine sida er normalen for lik bokmålet til å kunne krevje eigen eksistens, samstundes som han på den andre sida skil seg frå bokmålet i ei endelaus rekke med detaljar som ingen heilt klarer å halde oversyn med (Faarlund 1994:44, 47; Omdal & Vikør 2002:107).

I tillegg til dei mange detaljvedtektene om tillate og ikkje-tillate innan nynorskrettskrivinga, held normalen framleis fast på 'to-nivåsystemet'. Det inneber at ein opererer med såkalla 'hovudformer' og 'sideformer', samstundes som det også er fleire jamstelte former innan både hovudformene og sideformene. Resultatet av den store valfridommen innan nynorsknormalen ser ut til å vere at rettskrivinga har blitt så omfattande at språkbrukarar med normal skulegang ikkje har sjanse til å tileigne seg fullstendig oversikt over alle tillatne ord og former (Omdal & Vikør 2002:155). Dette fører til uvisse blant språkbrukarane, fordi det er uråd å vite om ordet ein skal til å skrive er tillate eller ikkje, utan å stadig ha ordboka tilgjengeleg. Dessutan vert det sagt at nynorsknormalen har gjennomgått for mange normeringar, slik at ein aldri kan vere sikker på om det ein har lært framleis er korrekt

(Omdal & Vikør 2002:107). Nynorskbrukarane har i tillegg lita støtte i lesing, då mest alt av bøker, blad og aviser kjem ut på bokmål. Dei får difor ikkje den same jamne tilføringa av ”sitt” språk som bokmålsbrukarane gjer. Då nynorskbrukarane manglar språklege inndata på nynorsk, samstundes som bokmålspåverknaden er massiv og nynorsknormalen har ei breidd som ingen kjenner omfanget av, er det grunn til å tru at desse språkbrukarane kan kjenne seg usikre i høve til norma.

Synet på om breidda i normalen er ein fordel eller ei ulempe har svinga fram og tilbake dei siste vel 70 åra. I dag er det nok flest stemmer å høyre frå leiren som meiner at valfridommen i nynorsknormalen må strammast inn. Det vert hevda at dette vil gjere nynorsken lettare å lære og å bruke (Språkrådet 2007b). Dette er også grunngevinga Språkrådet har gitt for å sette i gang ei revidering av normalen med tanke på å stramme inn valfridommen i nynorsknormalen (op.cit).

### *1.1.2 Den internaliserte nynorsknormalen*

Eg vil med denne avhandlinga freiste å undersøke kva for oppfatningar nynorskbrukarane sjølve har kring nynorsknormalen. Eg har kalla dette *den internaliserte nynorsknormalen*, og eg meiner med det kva for reglar og haldningar om nynorsk som informantane har tatt til seg som eigen kunnskap. Datamaterialet er samla inn frå nynorskelevar i vidaregåande opplæring. Målet med opplæringa må vere at elevane internaliserer ein nynorsknormal som er mest mogleg lik den kodifiserte normalen, og det er forholdet mellom denne fastsette språknorma og den oppfatta språknorma eg altså vil undersøke.

Elevane som er med i undersøkinga representerer på fleire måtar nynorsken si framtid. For det første er dette elevar som kjem frå det nynorske kjerneområdet på Vestlandet, og dei har hatt opplæring på nynorsk gjennom heile grunnskulen. Elevane vert difor kalla ”primærbrukarar” av nynorsk (Vikør 2008), og det er viktig for nynorsken si framtid at elevar med dette forholdet til nynorsknormalen held fram med å skrive nynorsk som vaksne. For å oppnå dette må dei sjå på det å fortsette med å skrive nynorsk som ein større fordel enn å byte over til bokmål. Nynorsknormalen må dermed tilby desse språkbrukarane det dei treng for å kunne uttrykke seg skriftleg på alle område i livet. For det andre vil den nynorsknormalen som desse har internalisert, vere utslagsgivande for korleis elevane vil bruke språket sitt i vaksenlivet. Då er det interessant å sjå om valfridommen faktisk er internalisert hos elevane, eller om breidda i normalen i praksis berre eksisterer i ordlister og hos profesjonelle språkfolk. Dessutan vil den generelle kunnskapen om nynorsknormalen hos elevane spele ei viktig rolle



for statusen til nynorsken framover, då det er ønskeleg at brukarane kan skrive rett nynorsk, og kanskje også ein relativt einsarta nynorsk.

I arbeidet med å undersøke kva for reglar og haldningar elevane har gjort til sine egne, kan ein velje fleire innfallsvinklar. Eg har valt å trekke ut to sider ved elevane si oppfatning av normalen som eg vil sjå nærmare på:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

I forhold til spørsmål 1 vil det vere vesentleg å høyre om i kva grad elevane oppfattar at den nynorske rettskrivinga korresponderer med daglegtalen deira. Det vil også vere interessant å sjå om dei har lært seg mindre kjente valfrie former som ligg nært opp til dialekten, og kva for forhold dei har til valfridommen og systemet med hovud- og sideformer.

Under spørsmål 2 er det meir faktakunnskapar om rettskrivinga i normalen som er relevant å sjå etter. Det vil her vere særleg interessant å sjå kva for ord som eventuelt skil seg ut som spesielt vanskelege å fastsetje og om det finst noko mønster eller samanhengar for kva for ord dette er.

På bakgrunn av resultata på dei to hovudspørsmåla, har eg valt å samanlikne funna frå denne granskinga med dei endringsmåla som Språkrådet har vedteke for revideringa av nynorsknormalen. I utsegna frå Språkrådet heiter det at målet med revideringa skal vere å ”laga ei tydeleg, enkel og stram norm (...) som er stabil over tid” (Språkrådet 2007b). Eg vil såleis freiste å sjå om funna frå granskinga taler for at ei ”stram” og ”stabil” norm vil gagne elevane i utvalet, eller om dei heller ville vore tente med ei open og fri norm, der ein kunne bygge på talemålsgrunnlaget, og der valmoglegheitene kom tydelegare fram.

## **1.2 Disposisjonen i avhandlinga**

### *1.2.1 Teoretisk plassering av undersøkinga*

Sidan denne oppgåva ligg under feltet *språknormering*, skal eg først gå igjennom dei sentrale termane og gangen i språknormeringa. Ein språknormeringsprosess er ein omfattande og tidkrevjande prosess, samstundes som han i alle ledd må gjennomførast med varsemnd fordi avgjerslene og vedtaka får dagleg innverknad på språkbruken til svært mange. Eg har difor lagt vekt på å få fram gangen i denne prosessen, og kvar ansvaret i språknormeringa ligg.

Vidare vil eg presentere nynorsknormalen si historie, sidan ho er sentral i denne samanhengen. Under dette punktet vil utviklinga av valfridommen kome tydeleg fram, og like eins korleis ein gjennom store delar av 1900-talet arbeidde for ei sameining av nynorsk og bokmål. Til slutt i denne sekvensen viser eg til forskning rundt implementering av rettskrivinga i nynorsk og korleis det er meint at nynorsk skal formidlast vidare gjennom skulesystemet og norskopplæringa.

Nynorsknormalen har som sagt fått kritikk både for å vere for smal og for å vere for brei. Det er vanskeleg å forske på korleis vanlege nynorskbrukarar faktisk skriv, og det ville kreve svære ressursar, men ein del undersøkingar har blitt gjort av korleis profesjonelle skribentar som forfattarar og journalistar praktiserer skriftnormalane. Dessutan har fleire forskarar gjort undersøkingar på elevar, studentar og lærarar sine haldningar og kjennskap til dei norske skriftnormalane. Desse granskingane vil eg peike på mot slutten av det siste kapitlet der teorien vert framstilt.

### *1.2.2 Metode*

I metodedelen vil sjølve granskinga stå i sentrum. Undersøkinga kombinerer både kvantitative og kvalitative forskingsmetodar, og kva som ligg i desse omgrepa og kvifor eg har valt å gjere det slik, vil verte forklart i dette kapitlet. Ein grundig gjennomgang av dei ulike delane som granskinga bestod av, vil også kome fram her, i tillegg til informasjon om skulen og elevane der undersøkinga vart gjennomført.

### *1.2.3 Resultat og analyse*

I kapitlet for Resultat og analyse vil eg framstille resultatata frå undersøkinga samstundes som eg analyserer dei. Resultata frå avkryssing- og utfyllingsspørsmåla er samla saman og lagt inn i tabellar i databehandlingsprogrammet Excel, medan intervjuar er skrivne ut i ei blanding av dialekt og normalisert nynorsk, og begge desse delane vil verte vist til om kvarandre. Kapitlet vil vere organisert organisert etter dei to hovudspørsmåla i granskinga, samstundes som desse igjen vil vere inndelt i fleire underspørsmål, der desse inneheld kvar sin førebelse konklusjon.

### *1.2.4 Konklusjon og avslutting*

Til slutt i oppgåva vil dei viktigaste funna frå Resultat og analysedelen verte framlagt, saman med ei oppsummering av hovudpunkta frå undersøkinga. Funna vil bli sett saman med og sett i

lys av dei to hovudspørsmåla i undersøkinga, og dei vil verte samanlikna med Språkrådet sine vedtak for revidering av nynorsknormalen.

## 2 Språkplanlegging

---

### 2.1 Teoretisk plassering av undersøkinga

Fleire språkteoretikarar har etterlyst meir forskning kring språkbrukarane si oppfatning av dei norske språknormene og korleis vedtak frå normeringane har verka inn på språkbrukarane (Hoel 1996:57; Omdal 2004:38). Denne avhandlinga tek sikte å bøte på noko av denne mangelen ved å undersøke den 'internaliserte nynorsknormalen' hos eit utval nynorskelevar i vidaregåande opplæring. Med 'internalisere' vert det meint "tileigne seg" eller "gjere gyldig for seg sjølv" (*Nynorskordboka* 2008), og den 'internaliserte nynorsknormalen' vert difor i denne avhandlinga eit omgrep for reglar rundt, og oppfatningar om, kva som er tillate innan nynorskrettskrivinga blant dei undersøkte elvane.


Denne internaliserte nynorsknormalen vil eg vidare freiste å sette oppimot den kodifiserte nynorsknormalen, for å sjå på kva for område dei to fell saman og kvar dei ikkje gjer det. Bakgrunnen for å gjere dette er at norsk språknormering har vorte kritisert for å ha tatt for lite omsyn til språkbrukarane i normeringa. Språkrådet har fått kritikk for å ikkje gjere noko behovsanalyse før det går i gang med ei ny normering av skriftnormalane, og at dei heller ikkje studerer implementeringa av den føregåande reforma, før den neste vert vedtatt (Omdal 2004:37). Denne avhandlinga vil difor freiste å undersøke kva for delar av implementeringa av nynorsk ordtilfang og formverk som har vore vellukka blant dei undersøkte elevane, samstundes som ho kanskje kan vere med på å avdekke behov som primærspåkbrukarar av nynorsk kjenner på i høve til nynorsknormalen. Dessutan vil funna frå granskninga verte samanlikna med Språkrådet sine mål for revideringa av nynorsknormalen, for å sjå om ei slik revidering vil gagne desse elevane eller ikkje.

Ved å ta dette perspektivet som utgangspunkt, plasserer avhandlinga seg i det vitskapelege forskingsfeltet 'språkplanlegging'. Språkplanlegging som eigen fagterm er ikkje meir enn om lag 50 år, men termen utgjer i dag ein sjølvstendig disiplin innan språkvitskapen (Vikør 2007:13). I språkplanleggingsomgrepet ligg det "tiltak for å påverke bruken og utviklinga av ein bestemt språknormal" (Omdal & Vikør 2002:17). Denne avhandlinga vil dermed vere eit ledd i førebuinga til slike tiltak som kan påverke bruk og utvikling av ein språknormal, i dette høvet nynorsk.

Før eg kjem inn på teori knytt til nynorsk og tidlegare forskning i forhold til implementering av språknormer, vil eg gi ei drøfting av sentrale omgrep.

## 2.2 Sentrale omgrep

Figuren under er henta frå Vikør (2007:109), og han viser viktige termar innan arbeidet med språk, samstundes som den får fram relasjonen mellom dei ulike omgrepa. Pilene i figuren viser til faseutvikling i den retninga pila peikar, medan strekar utan pil viser at omgrepet streken går ut ifrå er eit overomgrep, som også inneheld andre tydingar enn dei som kjem fram her.



Figur 1 Relasjonsmodell over språkomgrep (Vikør 2007:109)

### 2.2.1 Språkpolitikk

‘Språkpolitikk’ finn ein i figuren øvst til venstre. Termen er oversett frå den engelske ‘language status planning’, og ein legg i dette omgrepet tiltak som vert sette i verk frå politisk hald for å påverke språket sine tilhøve i samfunnet, eller kva for varietet språkplanlegginga skal bygge på (Omdal & Vikør 2002:17). I norsk samanheng kan eksempel på slik språkpolitikk vere ‘jamstillingsvedtaket’ i 1884, då ”det norske Folkesprog” formelt vart sidestilt med ”vort almindelige Skrift- og Bogsprog” (Torp & Vikør 2003:171). Med dette vedtaket greip politikarane aktivt inn i språkstriden, og dei sikra nynorsken sin rett til å leve vidare. Det same kan ein sjå døme på også i dag. Regjeringa har gjennom stortingsmeldinga ”Mål og mening – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk” på same måte sett i verk tiltak for å halde oppe og styrke nynorsken sine tilhøve. I meldinga heiter det mellom anna at: ”(...) det er vist til at nynorsk og bokmål formelt er likestilte, men at nynorsk likevel reelt sett har vanskelegare vilkår. Konklusjonen er at det difor er særleg viktig å sikre grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken” (St.meld. nr. 35 (2007–2008):209). Dette viser også til noko av det spesielle med den norske språkpolitikken. For medan andre land freistar å halde oppe sitt eige

språk mot trusselen frå engelsk, må norske politikarar i tillegg syte for gode levekår for to nesten like skriftnormalar.

### 2.2.2 Språkplanlegging

Vi såg av definisjonen over at ‘språkplanlegging’, eller på engelsk ‘language corpus planning’, inneber å sette i verk tiltak for å påverke bruk og utvikling av ein bestemt språknormal. Desse tiltaka kan finne stad på alle nivå i språket og i ulik grad, og det er difor formålstenleg å dele språkplanlegginga inn i mindre einingar.

Ein måte å framstille språkplanleggingsprosessen på, er å dele han inn i fire fasar. For det første må ein bestemme kva slags varietet ein skal bygge vidare på. Deretter må ein kodifisere denne varietetten. Det vil seie å fastsette skrivemåten for lydane i språket, for å avgjere stavinga til orda og utvikle ein grammatikk som er mogleg å formulere. Det tredje punktet er å bygge ut dei språklege funksjonane slik at språket dekker dei behova samfunnet set til språket. Varieteten må kunne brukast formelt både i statstenesta og andre offentlege instansar, samstundes som folket må kunne bruke han i meir uformelle, private samanhengar. Det siste punktet inneber samfunnet si godkjenning, det vil seie at språkbrukarane viser sitt samtykke til normalen ved å ta han i bruk slik som språkplanleggarane har vedtatt (Vikør 2007:103). Figuren under viser punktvis dei fire fasane i språkplanlegginga.




Figur 2 Dei fire fasane i språkplanlegginga

Inndelinga i fire fasar gir eit noko forenkla bilde av språkplanlegginga. Figuren får ikkje fram at aktørane i språkplanlegginga må få tilbakemelding på aksepten eller mangelen på slik hos språkbrukarane, slik at dei kan evaluere vedtaka dei har gjort. Rubin og Jernudd la i 1971 inn evaluering som eit femte punkt i denne rekka (op.cit.:94). Det var ei viktig presisering, men modellen klarer likevel ikkje å få fram at implementering og evaluering eigentleg høyrer til under kvar av desse fasane. Ein kan ikkje først bestemme normgrunnlag, kodifisere og bygge ut funksjonar før ein har høyrte med språkbrukarane om det vil verte akseptert. Dessutan må ein heile tida evaluere medan ein arbeider med språkplanlegging, og ikkje berre vente med det til slutt (op.cit.:105).

Vikør (ibid.) viser til korleis inndelinga i fire fasar i språkplanlegginga kan kombinerast med ein modell henta frå Karam (1974). Denne modellen får betre fram korleis

språkplanlegginga er sirkelforma, og han syner særleg behovet for evaluering etter at språknormene har blitt gjort kjent for språkbrukarane, samstundes som denne evalueringa må ligge til grunn for neste vedtak i språkplanlegginga. I forhold til dei fire fasane over, kan vi sette både fastsetting av norm, kodifisering og utbygging av funksjon inn i boksen ‘planning’ i denne modellen (dette med eit lite atterhald sidan både kodifisering, val av normgrunnlag og kodifisering på mange måtar berre er eit eingongsføretak). ‘Implementation’ er implementeringa, altså spreining av dei nye språknormene til språkbrukarane, som i modellen er kalla ‘the language community’ (op.cit.:106).



**Figur 3 Språkplanleggingssirkel (Vikør 2007:105)**

Då språkplanleggingsomgrepet inneheld fleire aspekt, har ein har sett det relevant å dele termen igjen inn i to. Desse vert kalla ‘språkrøkt’ og ‘språknormering’.

‘Språkrøkt’ omhandlar språkleg rådgeving, samt oppdatering og vedlikehald av språknormalen. Den språklege rettleiinga dreiar seg om å gi råd og undervisning for å spreie dei rådande oppfatningane om kva som er rett og kva som er ”godt språk”. Språkrøkta er på denne måten med på å stadfeste og å implementere dei vedtaka som er gjort. Denne opplysningstenesta er på mange måtar også eit ledd i sjølve språknormeringa fordi ein gjerne må uttale seg om fenomen i språket som der ikkje er bestemte reglar for. Ein må då utvise skjønn, og ved å gi slike språklege råd, er ein med på å normere språket. Samstundes skal språkrøkta sjå til at språket dekkjer dei behova som språkbrukarane har til å uttrykke seg. I dag går dette mykje ut på å utvikle nye omgrep i samband med den teknologiske utviklinga og å erstatte internasjonale uttrykk med gode norske ord (Vikør 2007:121). Skiljet mellom ‘språkrøkt’ på den eine sida og ‘språknormering’ på den andre sida er ikkje alltid like tydeleg, og frå fleire hald kan det sjå ut som dei glir over i kvarandre. Denne avhandlinga er knytt til språknormeringsaspektet ved språkplanlegginga. Eg vil difor gi ei meir utførleg forklaring av språknormering under.

### 2.2.3 Språknormering

I figur 2 såg vi korleis ‘språknormering’ er plassert under ‘språkplanlegging’ og ved sida av ‘språkrøkt’. Språknormering kan dermed seiast å vere ein del av språkplanleggingsprosessen, saman med språkrøkta. Vikør definerer omgrepet slik:

Å fastsette dei reglane som skal gjelde for kva som skal reknas for rett og gale (...) Det omfattar både den eingongshandlinga å fastlegge eit regel- eller normsett som ikkje var der frå før, og det å gjere endringar i ei etablert norm, supplere ved å ”normere inn” nye element (ord og uttrykk) osv. (Vikør 2007:117).

Av denne definisjonen ser vi at språknormeringa omhandlar ‘kodifisering’ og ‘utbygging av funksjon’ (saman med språkrøkta), av dei fire fasane vi såg på i språkplanlegginga.

Språknormering kan omfatte både talemål og skrift. I denne samanhengen er det skrift som er det aktuelle, og vil vere det innforståtte, om ikkje anna er nemnt. I skriftnormeringa tek ein sikte på å fastlegge reglar for språkbruken. På norsk seier vi gjerne fastsetting av ‘rettskrivinga’, medan ein internasjonal term er å fastsette ‘ortografien’. På norsk legg vi reglar for både staving av ord, og korleis dei kan bøyast og avleiast, inn i rettskrivingsomgrepet. Dette er ein noko vidare definisjon enn det som er vanleg i andre land (ibid.). Det er viktig å presisere at det ikkje er nynorsken som vert normert, men den nynorske skriftnormalen. Nynorsk som språk eksisterer eigentleg ikkje på noko papir, men berre i hovuda på dei som bruker det. På papiret der finn vi berre ”arbeidsteikningar” av nynorsken. Desse arbeidsteikningane skal freista å styre språkbruken og verke til at språkbrukarane internaliserer dei fastsette normene (Omdal & Vikør 2002:16).

Det viktigaste å fastsette i normeringa er kva slags system ein skal gå etter ved omgjeringa frå lyd til skrift. Det vil seie, spørsmålet om korleis ein skal kode lydeiningane frå talen. I Noreg har tradisjonen vore sterk for å halde på eit ’ortofont’ prinsipp. Det vil seie at så langt som råd skal kvar lyd i talen svare til eitt teikn i skrifta. I nokre tilfelle har dette prinsippet mått vike av omsyn til andre prinsipp. Dette kan vere etymologi, ideologi eller andre praktiske krav. Fastsetting av skriftkoding har med stavinga å gjere, fordi dette får konsekvensar for korleis orda vert sjåande ut i skrift. Ein står relativt fritt i valet på kva for prinsipp ein vil legge til grunn eller prioritere, men språk som har vorte normerte etter år 1800 har stort sett hatt ortofoni som hovudprinsipp (op.cit.:118–119).

Når ein så vidare skal normere morfologien, er ein meir bunden til systemet i den varietetten ein har valt å ta utgangspunkt i. Dei endingar og avleiingar som gir meiningsdistinksjonar i talen, bør sjølvstøtt vise att i skrifta. Likevel kan ein møte vanskar. Ein del skriftnormalar held nemleg på morfologiske kategoriar som er delvis eller heilt forsvunne



frå det talemålet som er basis for skrifta. Då må ein velje om ein vil oppretthalde desse, eller gå vekk ifrå dei (op.cit.:120). Ofte ser ein at skrifta er konservativ i forhold til talen, fordi talen endrar seg heile tida. Eller eigentleg er det ikkje tilfelle at språket endrar seg sjølv, men at spårkbrukarane endrar sine talemåtar og sitt ordtilfang (Omdal 1997:143). Eit eksempel henta frå nynorsk kan vere Aasen sitt val om å halde på fleirtalsbøying i presens av svake verb, sjølv om det berre var nokre få dialektar som framleis heldt på denne opposisjonen (eg *tek* – me *taka*) (Torp & Vikør 2003:161). Det høyrer med til historia at desse vart fjerna ganske raskt, då det vart meint at talemålsgrunnlaget var for tynt til at det var relevant å oppretthalde desse skilja.

Så lang har eg vist til normering av språknormer, utan å definere kva som ligg i omgrepet 'norm'. Dette vil eg no kome til i avsnittet under.

#### *2.2.4 Normer, språknormer og internaliserte språknormer*

Omgrepet 'norm' finn vi igjen mange stader i samfunnet, og særleg innan samfunnsvitskaplege og humanistiske fagområde (Mæhlum 2004:87). Termen kan verke noko abstrakt og tvitydig, men eg vil vidare ta utgangspunkt i Vikør sin definisjon, som seier at normer er "Mønster eller målestokk for kva som er akseptert resp. uakseptert" (Vikør 2007:71). Dette er ein brei definisjon som tek opp i seg mange sider ved normomgrepet. I denne samanhengen vil eg snevre inn definisjonen sidan det her er fokus på språk, nærare bestemt 'språknormer'. Vikør definerer språknormer som "normer for språkbruken vår, eller for den språklege oppførselen vår – og samtidig normer for den språklege oppførselen vi ventar av andre"(op.cit.:72).

Omgrepet 'språknormer' vert gjerne delt inn att i to undergreiner. Vikør kallar desse underpunkta for 'grammatiske normer' på den eine sida, og 'bruksnormer' på den andre. Dei grammatiske normene er dei normene som legg føringar for kva som er grammatisk rett og feil innan eit bestemt språkssystem, medan bruksnormene fortel om kva slags språk ein bruker i ulike samanhengar (ibid.). Han viser også til ei anna inndeling, der han refererer til Vannebo 1980. Han har kalla dei ulike normtypane for 'internaliserte normer' og 'fastsette normer' Dei internaliserte normene kan vere både grammatiske normer og det kan vere bruksnormer. Det som samlar dei, er at individa har lært seg desse normene ubevisst gjennom barneåra, og at desse vil følgje individa heile livet, sjølv om dei kan verte påverka av miljøskifte eller andre påverknader. Då kvart individ har sine individuelle nettverk og dermed ulike påverknadsarenaer for språk, vil dei internaliserte normene også variere frå individ til individ. Dei internaliserte normene tek opp i seg alle sider ved og rundt oppbygginga av språket, og dei

omfattar også normer for korleis vi vel å bruke språket i ulike samanhengar (op.cit.:73). Dei 'fastsette normene' derimot, har ikkje noko med ubevisste læreprosessar i individet å gjere. Fastsette normer er normer som vert formelt bestemt i organ som har kompetanse til å gjere det, og som vert uttrykt og gjort kjente gjennom oppføring i lærebøker, ordlister og ordbøker. Dei vert såleis vidare implementert gjennom formell og målretta undervisning. Fastsetting av språknormer kan i utgangspunktet også gjelde alle sider ved og rundt språket, men i praksis er det rettskriving, bøyning og uttale som vert fastlagt på denne måten. Avvik frå dei fastsette normene, vert gjerne rekna som feil (op.cit.:74). Av dette ser vi at dei fastsette normene har ein formel status i samfunnet, og korleis individa beherskar dei fastsette normene, kan gjere utslag for deira sosiale status. Dei internaliserte normene har ikkje denne statusen, då dette er normer som berre eksisterer inne i kvart einskild individ (ibid.) Det er ikkje slik at fastsette normer og internaliserte normer må vere fråskilt. Det er heller snakk om kvar sine ytterpunkt på ein skala. Målet for dei som driv med språknormering, er at dei fastsette normene skal verte internalisert så raskt som mogeleg og hos så mange språkbrukarar som mogeleg (Omdal 2004:26). Det er særleg viktig at dei som har status i samfunnet, tek normene til seg og bruker dei, og at informasjon om dei nye normene vert spreidd så godt som råd. Dersom dette ikkje skjer i tilstrekkeleg grad, vil ikkje språknormeringa fungere slik ho var meint (Vikør 2007:75).

I denne avhandlinga har eg valt å bruke dikotomien 'internaliserte normer' og 'fastsette normer', som eg har greidd ut om over, og som er henta frå Vikør si framstilling. Andre språkvitarar har kritisert det einsidige fokuset på individet i ulike definisjonar av internaliserte språknormer. Dyvik skriv at: "begrepene 'norm' og 'korrekthet' henger uløselig sammen" (Dyvik 2003:29), og med det meiner han at sjølv om internaliserte normer er resultat av individet sine eigne språklege erfaringar, så er dei likevel knytt saman med oppfatningar av korrekt og ikkje-korrekt språkbruk som er innlærte i samspel med andre. Desse normene styrer vår intuitive oppfatning av kva som er rett, og dei er òg med på å gjere ytringar gjenkjennelege for andre. Han hevdar difor at normer ikkje kan reduserast til å vere summen av einskildmenneska sin kunnskap, men heller ein kunnskap som fellesskapet eig til saman, men som føresett mentale prosessar i kvart individ. Definisjonen av desse normene kan difor ikkje einsidig seiast å vere individuelle. Han argumenter på den måten for at ein heller bør bruke omgrepet 'operative normer', fordi dette omgrepet ikkje framhevar individet på same måte. Han set vidare desse operative normene saman med 'preskriptive' (føreskrivne) normer som går saman med det Mæhlum kallar 'formaliserte normer' (op.cit.:29–30), og som Vikør kallar 'fastsette normer'.

Det er klart at det samfunnsmessige og den kollektive oppfatninga spelar ei stor rolle for den einskilde sine internaliserte normer. Eg har likevel valt å halde meg til omgrepet 'internaliserte normer' fordi eg vil framheve korleis dei fastsette normene vert tatt opp og modifisert i bevisstheita til kvar einskild språkbrukar (Vikør 2007:73). I det følgjande vil såleis 'internaliserte normer' stå for grammatiske normer og bruksnormer som eit utval nynorskelevar har tatt opp i seg om kva som er rett bruk av nynorsk, gjennom oppveksten i ein nynorskkommune. Desse normene vil verte samanlikna med dei 'fastsette normene' i nynorsknormalen.

## **2.3 Språkplanlegging og verdival**

### *2.3.1 Haldning og handling*

Eit språk er eit kodesystem som eksisterer mellom menneska som kommuniserer ved hjelp av det. Det er såleis eit fenomen som vil leve sitt liv uavhengig av kva for meiningar ein har om det. Likevel kan ikkje språkplanlegginga framstå som nøytral eller objektiv. Det er nemleg slik at språkplanlegginga både er tufta på vitskap om språk og språktilhøve, samstundes som ho også er avhengig av haldningar til sjølve språket, og meiningar om korleis dette skal vere utforma. Mennesket handlar ut ifrå haldningar, sjølv om desse kan vere ubevisste, og dette gjeld også for språkvtitarar (Vikør 2007:43,135). Det er vanleg at språkbrukarane viser konservative haldningar til endringar i sitt eige språk, og språknormering vekker ofte sterke kjensler i store lag av folket (op.cit.:13–14), jamfør protestane mot Språkrådet sine forslag til avløyssarord for engelske importord i 1996 (Sandøy 2004:125). Det er dermed viktig at dei som sit med makta i språkplanlegginga, er bevisste på kva slags meiningar og haldningar dei har til språket, slik at dette kan formidlast til språkbrukarane. På den andre sida krev ein slik posisjon at ein set seg godt inn i faktisk språkbruk, slik at ein har tilstrekkelege kunnskapar før ein går i gang med normeringsarbeidet – om då språkbrukaren har eit verdisyn som seier at språkbruken skal vere noko av grunnlaget for normalen (Vikør 2007:135).

Det å beherske språk og det å kunne uttrykke seg skriftleg er ein viktig dugleik i dagens utdannings- og yrkesbaserte samfunn, og sjølv om dei aller fleste i dette landet har fått lære å lese og skrive på skulen, kan ein framleis ikkje seie at skriftspråket er fullstendig demokratisert. Mange har problem med det formelle språket som vert nytta i saksdokument der avsendarane gjerne har lang utdanning og er vane med ein meir komplisert språkbruk. Mottakarane som skal lese desse skriva, har kanskje ikkje liknande bakgrunn, og det kan difor bli vanskeleg for dei å forstå innhaldet og svare tilbake. Skiljet i korleis ein beherskar språk,

kan såleis verke til å halde dei mindre språkkyndige utanfor viktige debattar og samfunnsområde, og på den andre sida favorisere dei som har fått moglegheit til lengre skulering. Språknormeringa blir på den måten eit viktig ledd i den generelle demokratiseringsprosessen, fordi ein med språknormering har moglegheit til å forenkle språk og språkreglar for fleire lag av folket. Det viser seg likevel å ikkje alltid vere så lett å gjere språket meir brukarvennleg. Dei som sit med normeringsmakt er gjerne sjølve godt skulerte, og dei har kanskje vanskeleg for å forstå og setje seg inn i problema til dei som har vanskar med språket. Dessutan har desse språkfolka gjerne meininger om språk og språkbruk tufta på vitskap og språkhistorie, og det kan vere at desse oppfatningane får meir spelerom enn det demokratiske aspektet (Omdal & Vikør 2002:143–144).

Språkplanlegginga kan også vere med på å framheve ulike grupper i samfunnet på andre måtar. Ved å dele inn ord og former i daglegtalet som tillatne og ikkje-tillatne, kan ein vere med på å gjere tilgangen til det skriftlege språket lettare for nokre språkbrukarar enn for andre. Ei språknormering vil såleis alltid vere å trekke fram enkelte språkbrukarar sitt språk og deira språkbruk til fordel for andre språkbrukarar. Dette heng også saman med sosial status fordi brukarane av orda og formene som vert innlemma i normalen, ofte får tillagt høgare prestisje gjennom språkbruken sin (Vannebo 1980:20). Språknormering er på denne måten eit forholdsvis sterkt maktmiddel, og dei som skal normere språket, sit med eit stort ansvar (Vikør 2007:43).

### 2.3.2 Språklege prinsipp til grunn i normeringa

Haldningane til språk og utforminga av språk viser seg att i ulike prinsipp som ein tek utgangspunkt i når ein normerer. Korleis ein prioriterer desse prinsippa gjer seg utslag i utforminga av normalen. I 1966 stilte Einar Haugen opp tre prinsipp for språkplanlegging. Desse var: *efficiency*, *adequacy* og *acceptability* (Vikør 2007:137). Dei tre prinsippa skulle vise seg å vere for vide og tvitydige til å vere særleg eigna som rettleiing. Valter Tauli har formulert eit alternativ: ”Ideal language is that which by the minimum of means attains the maximum of results”(Op.cit.:138). Han meiner vidare at for å kunne seie noko slikt om eit språk, må det oppfylle både krav til klarheit, økonomi og estetikk, og han laga ei tilhøyrande rekke prinsipp som han meinte det måtte takast omsyn til i normeringa. Vikør peiker på noko av vanskane med å framsette slike prinsipp ved å omtale Tauli si oversikt slik: ”Taulis prinsippoppstilling er nok den mest omfattande som er laga, og enda er ho svært mangelfull” (ibid.). Det er med

andre ord ikkje lett å fastsette kva for prinsipp som skal prioriterast og kva for omsyn normeringsprosessen må ta.

I tillegg til dei eg har nemnt, er det fleire andre som også har kome med forslag til oppstilling av språklege prinsipp. Eg skal ikkje trekke fram alle, men heller sjå litt nærare på Lars S. Vikør si framstilling av språklege prinsipp. Denne oppstillinga vart først vist i 1988, og han skriv sjølv at ho tek sikte på å vere gjeldande for dei fleste språk, men at framstillinga likvel er tufta på norske tilhøve (op.cit.:192). Eg har valt å setje prinsippa opp i skjema, sjølv om det ikkje er slik i Vikør si framstilling. Inndelinga er gjort ved å ta utgangspunkt i fire kategoriar: ”Interne språklege prinsipp”, ”Forholdet til andre språk og språkvarietetar”, ”Forholdet mellom språk og språkbrukarane” og ”Forholdet til generelle ideologiar” (op.cit.:152–188).



Figur 4 Vikør si framstilling av språklege prinsipp

Figuren over gir berre eit oversyn over alt ein kan ta stilling og omsyn til i språknormeringsprosessen. I arbeidet med ei språknormering kan ein ikkje reindyrke enkelte prinsipp, men ein må heller vekte fleire mot kvarandre og prioritere dei prinsippa ein set høgast.

Då det er nynorsk som er i sentrum i denne undersøkinga, er det prinsippa bak språkplanlegginga av nynorsk som er relevante her. Aasen ønskte at landsmålsnormalen skulle vere bøndene på bygdene sitt eige språk, uttrykt i skrift. Han freista å byggja eit skriftspråk som hang nøye saman med talemålet i dei norske dialektane. Dette grunnlaget førte til nokre vanskelege prioriteringar, då han gjennom dialektgranskinga si fann store skilnader, og det lét seg ikkje gjere å inkludere alle levande dialekttrekk i normalen. Han måtte difor i mange tilfelle velje ut nokre språktrekk framfor andre. Aasen var heilt klart systematikal og ha la

primært det morfologiske eintydighetsprinsippet til grunn i normeringsarbeidet. Dette gjennomførte han ved å oppretthalde dei nedarva morfologiske og fonologiske distinksjonane frå norrønt som han framleis fann i talemålet. Etter same kriterium vidareførte han morfologiske distinksjonar frå gammalnorsk der han fann slike trekk att i talen. Han var vidare oppteken av fastheit og prestisje, fordi han hadde eit ønske om at normalen skulle få vørndnad som skriftspråk og at norma skulle henge saman. Desse grunnleggjande prinsippa gjorde at normalen vart noko arkaisk i forma (Torp & Vikør 2003:153–160). Dette vart han også kritisert for. Særleg det systematiske i landsmålsnormalen vart kritisert for å vere for komplisert og tungvint å lære seg. Det gjeldt særleg dei som hadde eit enklare og meir 'moderne' morfologisk og fonologisk system i talemålet sitt. Desse sette gjerne normeringsprinsipp som fleirtalsprinsippet og ortofoniprinsippet høgare enn eintydigheit, og Aasen sin opphavlege landsmålsnormal måtte derfor vike på nokre punkt (Omdal & Vikør 2002:109–110).

Då Stortinget i 1884 jamstilte landsmål og riksmål tok dei ikkje stilling til kven av landsmålsversjonane som skulle leggest til grunn. Frå 1901 vart det derimot bestemt at ein skulle ta utgangspunkt i Hægstad-normalen som hovudform, men at midlandsnormalen skulle få sideformstatus. Dette var den første offisielle kodifiseringa av nynorsk der departementet fast slo kva for former som skulle vere tillatne (Torp & Vikør 2003:171,177).

## **2.4 Aktørar i språkplanlegginga**

### *2.4.1 Normeringsinstansar som subjekt*

Kven er det så som er utfører denne språkplanlegginga vi har sett på over? Den danske språkforskaren Peder Skyum-Nilesen formulerte i 1979 ei liste over instansar som han meinte hadde normgjevande kraft (her henta frå Vikør 2007:125).

- a. lægmand
- b. arbejdspladsen (kontoret)
- c. tekstbehandling
- d. takt og tone-bøger
- e. sprogpoltiske interessegrupper
- f. skolen
- g. reklame, annonsering
- h. forlag
- i. journalister
- j. diverse freelance-konsulenter
- k. forskellige kommunikationskurser
- l. Radioens Sprogudvalg

- m. Statens Informationstjeneste
- n. sprogbrekkasser
- o. sprogbeskrivelsen (-videnskapen)
- p. terminologigrupper
- q. Dansk Sprognævn

Denne lista vart laga i Danmark for snart 30 år sidan, og ho kan difor ikkje importerast direkte til norske forhold i dag. Likevel seier ho noko viktig om alle dei normgivande instansane vi omgir oss med kvar dag. Samstundes viser lista at kvar og ein av oss også verkar normerande ved å rette på andre eller gi råd og vink om rett og god språkbruk. Lista får på denne måten fram korleis språket er eit produkt av fellesskapet, og at dei aller fleste har ei meining om språk. Det kan overraske at mange av instansane på lista i utgangspunktet ikkje ser ut til å ha noko med språk å gjere i det heile, men dette er altså eit prov på korleis språk og fenomen rundt språket omgir oss på alle sider i samfunnet. Lista er organisert slik at dei med minst autoritet, etter Skyum-Nilesen si meining, kjem først og så stig autoriteten vidare nedetter lista. Dei daglegdagse samtalaner rundt språk er delar av den 'uformelle' språknormeringa. Dei uformelle aktørane har ikkje makt til å vedta normer, og dei kan difor berre vidareføre normer som dei sjølve har internalisert (op.cit.:126).

Dei 'formelle' aktørane i språknormeringa derimot, er dei som sit med nettopp denne makta. I Noreg er dette Språkrådet. Språkrådet er staten sitt språklege fagorgan, og det har som oppgåve å styrke statusen til det norske språket både med dagens situasjon og i framtida, samstundes som dei har det daglege arbeidet med analysar av språksamfunnet for å sjå til at nynorsk og bokmål stettar dei behova som vert sette til dei. Språkrådet er eit statsorgan under Kultur- og kyrkjedepartementet. Rådet skal såleis vere eit forvaltningsorgan som er språkleg nøytralt, men som har særskilde forvaltningsoppgåver knytte til vedtak i Stortinget om norsk språk. Språkrådet vert til dagleg leia av ei leiargruppe som består av direktøren i Språkrådet, administrasjonssjefen, informasjonssjefen og fagkoordinatoren. Under desse finn ein sekretariatet, som arbeider med dei daglege oppgåvene som rådet har. I tillegg har Språkrådet eit styre, som skal oppnemne fire faglege råd. Språkrådet sine oppgåver er knytt til både språknormering og språkrøkt. Etter den nye organiseringa, har Språkrådet også fått fleire oppgåver. Dei skal mellom anna forvalte målformene, drive språkobservasjon og haldningsarbeid, gi råd og informasjon om norsk språk, føre tilsyn med mållova, stimulere språkinteresse og bidra til auka toleranse for språkleg variasjon. Ei eiga språkteneste for statsorgan vart oppretta i 2006. Språkbrukarane møter Språkrådet gjennom ulike medium, som svartenesta, nettsidene og ulike møte. Språkrådet samlast ein gong i året for å ta stilling til

språklege spørsmål og eventuelt vedta nye endringar i språket. Desse vert samla og offentleggjorde kvart 4. år.

#### *2.4.2 Språket som direkte objekt*

I språknormeringa er det språket som står i sentrum. Ein kan difor seie at språket er det direkte objektet i språkplanlegginga. Det er språket ein normerer, og det er språket som stadig skal haldast ved like (Omdal 2004:11). Kva definisjon ein brukar på språk blir då viktig for å avgrense rammene for språkplanlegginga. Vikør (2007:49–53) drøftar ulike definisjonar av språk, både vide og smale, men her i denne samanhengen skal vi halde oss til den som vi finn på side 49. Språk er ”menneskeleg tale/skrift, også kalla ’verbalspråket’”. Med denne oppfatninga av kva som ligg i omgrepet, skil ein tydeleg mellom bildespråk og verbalspråk, noko som er viktig i denne samanhengen fordi språkplanlegginga verken omfattar bilde- eller kroppsspråk.

Det ligg implisitt i definisjonen av språk over, at ein har å gjere med sosiale konvensjonar. Språket er samansett av tallause små einingar som ikkje er meiningsberande i seg sjølve, men som i fellesskap med andre einingar kan utgjere eit unikt samspel av mening, variasjon og innhald. Kva slags mening som dei ulike kombinasjonane av einingane gjev, er det språksamfunnet som må avgjere felles. Språket er såleis ein sosial konstruksjon på den eine sida, samtidig som det berre lever vidare ved at kvart av dei sjølvstendige individua internaliserer det (Omdal & Vikør 2002:10–11).

#### *2.4.3 Språkbrukaren som indirekte objekt*

Seier ein at språket er det direkte objektet for språkplanlegginga, kan ein vidare seie at språkbrukarane er det indirekte objektet i språkplanlegginga, då det er språkbrukarane som språknormeringa vert gjeldande for. Det er difor viktig at normeringsinstansane tek språkbrukarane sine behov med i språkplanlegginga, slik at språkbrukarane heile tida kan kjenne at språket dekkjer dei behova som brukarane har. Dessutan er det viktig at språkbrukarane kjenner seg att i det normerte språket, og at normeringane såleis ikkje fører til store endringar i språknormalane, bort frå den faktiske bruken. I Noreg har vi fleire eksempel på at bedrifter og mediehus har oppretta egne normalar fordi dei ikkje har vore nøgde med den offisielle normeringa (Nygård 2003:57). Dette kan vere med på å ta bort noko av statusen til språkplanlegginga, og det er på den måten ikkje heldig for normeringsmyndigheitene (Omdal 2004:34). Språkplanlegginga av dei to normalane i norsk har fått kritikk for å ha vore for lite



fokusert på språkbrukarperspektivet, då normeringane har vore både hyppige og omfattande, og utan noko tydeleg system eller mål (Omdal 2004:117). Med manglande omsyn til språkbrukarane i språknormeringa kan ein vere med på å fjerne noko av meistringskjensla i forhold til sitt eige språk hos språkbrukarane. Dette kan igjen føre til ei avdemokratisering av språket fordi det berre vert dei med lengst skulegang som kan meistre det.

#### 2.4.4 Normering for kven?

Ved å seie at språkbrukaren er språkplanleggina sitt indirekte objekt, vert det i høve til nynorsken eit noko breitt utval å femne om. Nynorsknormalen har nemleg ulike brukargrupper, med ulik bruksfrekvens og ulike behov. Vikør deler desse gruppene inn i tre. 1: vanlege hovudmålsbrukarar, 2: vanlege sidemålsbrukarar og 3: nynorskeliten. Dei 'vanlege hovudmålsbrukarane' er dei som stort sett bur i det nynorske kjerneområdet og som er vakse opp med nynorsk som primærmål på skulen. 'Vanlege sidemålsbrukarar' er alle dei som til dagleg skriv bokmål, men som har eller har hatt opplæring i nynorsk som sidemål på skulen. Med 'nynorskeliten' vert det meint dei profesjonelle nynorskbrukarane som har valt å skrive nynorsk i arbeids- eller fritidssamanheng (Vikør 2008?). Han argumenterer for at det er dei vanlege hovudmålsbrukarane som må vere sentrum i normeringa.

Eg meiner at gruppe 1, dei jamne hovudmålsbrukarane og det språksamfunnet dei danner i kjerneområdet, er den eine avgjerande gruppa for nynorskens eksistens vidare. Derfor må hovudomsynet rettast inn mot denne gruppa. (Op.cit.)

Utsegna over byggjer han på eit argument om at nynorsk som målform ikkje vil kunne leve lenge utan primærbrukarar som oppfattar det som naturleg å skrive nynorsk i alle aldrar og i alle situasjonar. Han snevrar med det inn tredelinga over, og han framhevar gruppa som han kallar "reelle nynorskbrukarar". Denne gruppa definerer han som dei som "*frivillig vel skriftleg bruk av nynorsk framfor bokmål som hovudregelen i livet (pga. personleg val eller sosial konvensjon).*" (Op.cit.) Med dette som grunnhaldning argumenterer han for at normeringa i nynorsk må ta sikte på å "bevare den prototypiske nynorsken" slik at "færrast mogleg nynorskbrukarar må omskolere seg språkleg for å skrive 'rett'". Dessutan meiner han at dei valfrie formene må få ei kritisk vurdering, fordi dei "formene (som) er mål i seg sjølv, bør telje mindre enn 'vanleg' språkbruk der språket primært er reiskap". (Op.cit.) Også i forhold til det generelle regelsystemet i nynorsk, argumenterer han for normeringa må ta eit brukarperspektiv slik at vanskelege reglar som mange slit med, og som ikkje gjenspeglar reell bruk, må få ei revurdering. For å avgrense normeringa foreslår han at ho

berre skal omfatte den ”slitesterke normalprosaen”. Med det meiner han at bruksnormalen i nynorsk alltid vil vere breiare enn den offisielle rettskrivinga, utan at dette skal sjåast på som noko problem (op.cit.). Til slutt seier han om dei valfrie formene:

Valfrie former som reflekterer reelle skilnader i språkbruken, bør bestå, slik at folk framleis får høve til å uttrykke ein regional identitet eller ei viss språkpolitisk handling gjennom formval. Former som ikkje er tatt i bruk anna enn av nokre spesielle ideologiske miljø, bør derimot ikkje nødvendigvis bli ståande. Og så bør ein sjå på at enkeltformene inngår i ulike regelsystem, og det kan vere eit mål å forenkle slike system når dei ikkje har basis i talemålet. (Op.cit.)

Det er tydeleg at Vikør heile vegen vel å ta omsyn til dei vanlege hovudmålsbrukarane i forslaga til normering. Dette vert ekstra klart ved at han utpeikar former som berre elitemiljøa har tatt til seg, som modne for utestenging. Såleis er det klart at Vikør vil gå inn for at språkbrukarperspektivet skal få langt større merksemd i normeringa enn det hittil har fått. Samstundes må det poengterast at dette heller ikkje er uproblematisk då dialektane til hovudmålsbrukarane av nynorsk har innbyrdes store forskjellar, og at eit bruksperspektiv der ein vil freiste å forenkle reglar, kanskje kan komme på kant med behovet for meir systematikk i nynorskrettskrivinga.

## **2.5 Omfang av språkplanlegging**

I Noreg har vi ikkje tradisjon for normering av talemålet, sjølv om ein finn eksempel på det, jf. ”den nye teljemåten” (Lauritsen 1996), og vi har heller ikkje uttalerettleiing på heimlege ord i ordbøkene. Det er altså skriftspråket, som vi såg over, som er hovudfokus for språkplanleggarane. Det er likevel ikkje slik at alt skriftspråk let seg like lett normere. Skriftspråket kan vi dele inn i ulike fragment som verkar saman, slik som grammatikk, syntaks, ortografi, morfologi. Av desse er det morfologien og ortografien som er den eigentlege kjernen i språkplanlegginga. Med morfologi vert det meint språket sitt formsystem, det vil seie ulike endingar eller avleiingar ein kan gje eit ord, for eksempel valet mellom -e eller -a på infinitivord (å springe -a springa) på nynorsk. Normering av morfologi vil seie å fastsette kva for bøyings- og avleiingsmorfem som skal vere tillatne innan normalen. Ortografi tyder rettskriving eller skrivemåte, og normering av ortografien vil såleis seie å fastsette skrivemåte for ordtilfanget i normalen (Vikør 2007:120–121).

Eit anna område av skriftspråket er ordtilfanget. Dette er aktuelt i arbeidet med språkrøkt, der ein arbeider med terminologiomgrep og ser på inntak av importord. Noko særlege for nynorsk er at filteret for ordtilfanget er forholdsvis strengt. Dette gjeld særleg for

ord som stammar frå områda mellom Alpane og Skagerrak. Dette heng saman med Aasen sin uvilje mot dansk og tysk påverknad på det norske språket (Torp & Vikør 2003:279). Sjølv om ein i dag ikkje er like streng som på Aasen si tid, er dette framleis ein vesentleg forskjell mellom nynorsk og bokmål.

## **2.6 Norsk språkplanlegging**

### *2.6.1 Norsk i særstilling*

Det norske språket, med nynorsk og bokmål som normerte skriftnormalar, har ei langt kortare historie enn våre nabo språk. Då den norske språkstriden braut ut på 1800-talet, hadde landa rundt oss for lengst konsolidert sine normalar. Etter halvtanna hundreår med aktiv språkplanlegging og stadige endringar i dei to norske språkformene kan ein ikkje vente at dei norske skriftnormalane har 'festa seg' på same måte som dei andre europeiske språka. Dette heng sjølv sagt saman med 400-års-natta, og at Noreg ikkje vart eigen nasjon før i 1814.

I tillegg til denne ytre historiepåverknaden har også indre krefter sytt for at Noreg si språkhistorie har vorte spesiell. For då ein endeleg skulle gå i gang med å fastsette ein norsk skriftnormal, hadde ein ikkje berre eitt alternativ, og det vart usemje kring korleis ein skulle utforme språkplanlegginga vidare. Vi skal ikkje gå vidare på inn på språkhistoria her, men som kjent førte språkstriden til at vi fekk to konkurrerande skriftvarietetar i Noreg; nynorsk og bokmål.

Det at vesle Noreg hadde to parallelle skriftnormalar, vart av mange sett på som uheldig, og ein såg det naudsynt å søke ei samansmelting av dei to. Dette arbeidet byrja allereie tidleg på 1900-talet, og det fortsette nesten heilt fram til neste hundreårsskifte. Eit mål om samanslåing kravde hyppige reformer av normalane, samstundes som desse reformene også vart relativt omfattande og omstridde. Mange andre språklege prinsipp måtte vike for å få dei to normalane til å nærme seg kvarandre. Dette har gjort sitt til at den norske språkhistoria har vorte prega av store språkreformar, revideringar av føregåande reformer, og i nokre tilfelle, også ei oppheving av visse tidlegare endringar i delar av reformene.

## 2.7 Offisiell språkplanlegging av nynorsk

### 2.7.1 Frå 1900 til 1950

Etter den offisielle kodifiseringa av nynorsk i 1901 kom den neste språkreforma som også omfatta landsmål i 1917, sjølv om det hadde funne stad ei lita liberalisering i 1910. Ein såg det på denne tida som viktig å kunne skrive så nært talemålet som mogleg, og dette kom til å vise att i normalen med mange dialektnære former. Dessutan hadde styresmaktene i 1908 bestemt seg for ei målsetting om å sameine riksmål og landsmål på sikt, og difor fekk 1917-reforma også preg av såkalla tilnærmingsformer (Skjekkeland 2003:1) Denne politikken var mest kontroversiell på riksmålssida, fordi ein der såg på dei radikale, talemålsnære formene som kom inn i normalen som øydeleggande. 1917-reforma innebar ei inndeling i ein ”valfri” del og ein ”obligatorisk” del. For nynorsken sin del opna dette opp for ei mengd nye former med opphav frå austlandske-, trøndeske- og nordnorske dialektar (Torp & Vikør 2003:220–222).

Då ein i 1938 såg det naudsynt å komme med enda ei skriftspråksreform, var tanken at ein no skulle freiste å redusere valfridommen i skriftnormalane, men samtidig halde fram med den gradvise tilnærminga mellom språka. Det viste seg å vere problematisk å sameine desse to måla på grunn av dei komplekse samanhengane. På den eine sida ville ei vidare tilnærming mellom språka måtte føre til nye tilnærmingsformer i begge normalane, noko som ikkje var særleg ønskeleg. For å bøte på det problemet, måtte ein då på den andre sida fjerne ein del av dei dåverande tillatne formene i begge normalane, men dette var heller ikkje så godt å få til. Resultatet vart eit kompromiss: Målet om fleire samnorskformer vann fram, sjølv om dette innebar ein auke, og ikkje ein reduksjon, i talet på tillatne former. Slik vart altså variasjonsbreidda i normalane oppretthalde, sjølv om ein også fekk fjerna nokre lite brukte former (Vikør 1998:5).

Arbeidet med å sameine nynorsk og bokmål til ein felles skriftspråknormal heldt fram gjennom store delar av 1900-talet, og det førte til ei rekke rettskrivingsendringar i begge målformene. Innføringa av tilnærmingsformer vekte sterke reaksjonar på begge sider i språkstriden. Særleg var protestane store på bokmålssida (eller hos riksmålsrørsla). Der fekk ein innslag av private normeringar, slik at fleire store bedrifter ikkje lenger tok omsyn til dei offisielle normeringane, men heller valde å skrive slik dei sjølve meint var rett (Omdal & Vikør 2002:80). Med rettskrivingsendringa i 1981 snudde myndighetene, og den offisielle samnorskpolitikken vart reversert (op.cit.:81). Språkrådet har sidan arbeidd med revideringar i begge målformene for å halde på tradisjonelle former som tidlegare var tatt bort og utelate former som er lite brukte (Språkrådet 2005).

## 2.8 Frå 1950 og fram til i dag

### 2.8.1 Purisme og inntak av nye ord

Dei viktigaste endringane i nynorsknormalen skjedde før 1950. Etter dette er det berre innføringa av den nye læreboknormalen i 1959 som har hatt noko særleg innverknad på rettskrivinga i nynorsk. Denne reforma følgde opp samnorsklina, og ho gav igjen ei opning for fleire tilnæringsformer. Ein kunne mellom anna skrive *-e* som infinitivsending i staden for berre *-a* (Vikør 2002:6).

Heilt frå starten av har nynorsk vore puristisk. Aasen ville bygge på det opphavlege norske, og han ville difor utelate dansk og tysk påverknad på normalen så langt som det var råd. Sjølv om ord med dansk og nedertysk opphav også vart brukt i dialektane, ville Aasen heller nytte norske arveord i staden. Nynorsknormalen var difor i utgangspunktet trong når det galdt danske og nedertyske ord, særleg ord med affiksa *an-*, *be-*, *er-* *for-*, *-het* og *-else*, men også andre frittstående enkeltord vart haldne utanfor (Torp & Vikør 2003:279). I arbeidet med læreboknormalen i 1959 såg ein at det burde lempast noko på den nynorske purismen for å innlemme ord som var i bruk i dialektane, men som vart oppfatta som tradisjonelle bokmålsord. Dette førte til ei utvikling der redaktørane i rettskrivingsordlistene for nynorsk stadig tok inn nye 'bokmålsord'. Samstundes fekk desse bøkene auka autoritet som normgivande i spørsmål om ord var tillatne eller ikkje. Resultatet vart at språkbrukarane, særleg dei som allereie hadde gått gjennom fleire skriftreformer og rettskrivingsendringar, vart endå meir usikre på kva som var tillate i nynorsk. Dessutan vart det oppfatta av mange som dårleg språk å bruke desse nye orda, og det gjorde ikkje situasjonen betre. I kjølvatnet av denne diskusjonen spreidde det seg ein kraftig språkstrid på starten av 1980-talet. Språkrådet valde då å nedsette ei nemnd (Venås-nemnda) som skulle utarbeide retningslinjer for inntak av importord i nynorsk. Venås-nemnda la fram eit forslag med meir liberale retningslinjer, men Språkrådet skulle framleis styre kva for ord som skulle gå igjennom og bli godkjente. For å få til ei slik godkjenning, måtte kvart ord vinne fram gjennom å få eit fleirtal av medlemmane i fagnemnda til å gå inn for det.

Denne situasjonen vart ikkje haldbar i lengda, då prosessen vart både tilfeldig og rotete. Etter enda ein strid på 1990-talet vart resultatet difor at Språkrådet i 1999 vedtok nokre punkt som gav klare grenser for kva for ord som ikkje kunne innlemmast i nynorsknormalen. Etter dette vedtaket endra situasjonen seg slik at regelen no er at 'stridsorda' i utgangspunktet også skrivast kan på nynorsk, berre med unntak av dei som vert halde utanfor på grunn av bestemte reglar. Lista med 'nei-punkt' var ikkje meint som generelle reglar for bruk av nynorsk, men ho

vart laga for å gi Språkrådet klare retningslinjer i arbeidet med nyord i nynorsknormalen (Omdal & Vikør 2002:134–135; Vikør 2002:7–8). Ordtilfanget i nynorsknormalen har altså stadig vorte utvida i tråd med utviklinga i talemålet. I offentleggjingane av vedtak frå Språkrådet, som kjem kvart fjerde år, har det sidan 1984 vore ei fast liste med ”Ord som kan takast inn i nynorske ordlister”. Frå 1984 og fram til 2002 omfatta desse listene til saman 179 ord (Omdal & Vikør 2002:136).

I høve til dei nemnde affiksa over, vert dei såkalla ’anbehetelse’-orda ofte framheva som problematiske i nynorsk. Nynorske språkbrukarar har i dag høve til å nytte mange av dei i skrift, men det er ikkje alltid så godt å avgjere kva for ord som er tillate og ikkje. I *Nynorsk ordliste* står det om særleg *-heit*-orda at:

Ein god del av *-heit*-avleiingar er no oppførte i ordlista (...) Elevane har høve til å bruke også andre *-heit*-avleiingar som er vanlege i talemålet. Men det er viktig at dei òg kjenner og kan bruke dei avleiingsendingane som er mest nytta i nynorsk i staden for *-heit*, særleg *-dom*, *-leik* og *-skap* (...) (Hellevik 2005:143).

Vi ser her korleis normeringa er med på å gjere det vanskeleg for norske lærarar å avgjere kva som er rett og feil. Eit utval *-heit*-ord er tillatne i nynorsk, samstundes som elevane har moglegheit til å nytte enda fleire slike former – så lenge dei er vanlege i talemålet. Men i tillegg skal elevane altså også kjenne til og kunne å bruke dei mest frekvente alternative avleiingane til desse orda i nynorsk. Kva ein då som lærar skal rette eller påpeike, kan ikkje vere lett å avgjere.

For dei andre av ’anbehetelse’-orda er *Nynorsk ordliste* mindre spesifikk i utgreiingane om orda. Om *an*-orda vert det sagt at prefikset tidlegare ikkje var vanleg i nynorsk, men at det no har kome inn meir og meir (op.cit.:35). *Be*-orda vert karakteriserte som vanleg i talemåla, og det vert vidare sagt at mange slike ord også blir brukt i nynorsk skriftmål, medan andre *be*-ord ikkje er vanlege i nynorsk (op.cit.:50). Om lag det same vert lagt peikt på om *-else*-orda, der det også vert framheva at det er mest for ”konkrete ting” at ein nyttar slike ord på nynorsk, medan ein i andre høve i staden bruker andre avleiingar for mange av desse orda på nynorsk (op.cit.:90). Som vi ser, viser ordlista ikkje til faste reglar for kven av orda som kan nyttast, og det ser heller ut til at språkbrukaren bør slå opp kvart enkelt ord for å sjå om det aktuelle ordet er ”vanleg” i nynorsk eller ikkje.

### 2.8.2 To-nivåsystemet

Rettskrivingsendringa frå 1938 innførte eit skilje mellom 'hovudformer' og 'sideformer' i begge normalane. Hovudformene var meint for lærebøkene, og til saman utgjorde desse formene 'læreboknormalen'. Læreboknormalen skulle nyttast av lærarar i undervisninga og av tilsette i statstenesta. Sideformene skulle vere eit friare alternativ til skuleelvane, slik at dei kunne tilpasse skrifta si nærare etter talemålet. Desse formene utgjorde ikkje nokon samla normal, då elevane skulle stå fritt til å bruke dei der det kjentes naturleg. I tillegg til denne inndelinga i to nivå, kan ein finne fleire 'jamstelte former' innan både hovud- og sideformene. Det vil seie at begge desse formkategoriane inneheld likestilte former som ein kan velje mellom. Samla sett vart både hovud- og sideformene kalla 'rettskrivinga' (Omdal 2004:14; Torp & Vikør 2003:244).

Denne inndelinga kan i utgangspunktet høyrast ut som ei demokratisk språkplanlegging, der elevane sine behov kjem i fokus. Det har likevel vist seg å ikkje vere så uproblematisk å dele inn rettskrivinga i to nivå. For det første er det ikkje sikkert at det å kunne velje blant mange former er ein føremon for elevane. Det kan vere at det heller vert vanskelegare fordi skilja mellom kva som er rett og gale vert mindre tydelege. Dessutan krev systemet at språkbrukaren sjølv meistrar å finne fram til dei formene som er gode og passande til kvar tid, då normalen ikkje legg føringar for kva som er godt språk og ikkje (Omdal 2004:17).

Systemet med to nivå i rettskrivinga vart avskaffa i bokmål i 2005s, og Språkrådet er også i gang med ei revidering av nynorsken med mål om å avskaffe systemet også der.

### 2.8.3 Nynorsk i forhold til bokmål

I innleiinga til denne avhandlinga såg vi korleis språkvitaren Lars S. Vikør plasserer nynorsken i eit spenningsfelt mellom dei tradisjonelle draga ved språket og dei nyorienterte. Denne spenninga påverkar den nynorske språkdrakta ved å gjere ho konservativ på mange område, til dømes ved å vere puristisk i forhold til inntak av danske- og tyske låneord. Samstundes er også nynorsken stadig i ein utviklingsprosess, der normalen tek opp i seg nye former etterkvart som talemålet vert endra. For den nynorske språkbrukaren kan dette vere forvirrande. Mange slit med å halde oversyn over kva for former som no har vorte tillatne, og å skilje desse frå dei som framleis ikkje er innlemma i normalen. Samstundes møter nynorskbrukarane langt meir bokmål i lesing, og det daglege språkmøtet vert difor for dei aller fleste farga av bokmål. Vikør peiker på noko av dette problemet under:

Det er vanskeleg i internalisere den nynorske språknormalen fordi slik internalisering må skje gjennom eit stadig språkbad slik at språket blir automatisert. Nynorsken deler her lagnad med alle andre mindretalsspråk, sjølv om han har visse særlege fordelar og ulemper. Fordelen er at nynorsken ligg så nær bokmålet at han kan brukast overalt mellom norsktalande, slik at han potensielt kunne få ein langt sterkare posisjon i den daglege språk-livsverda vår enn han av samfunnsmessige årsaker har i dag. Ulempene er knytte saman med denne fordelene. Nettopp den store likskapen mellom nynorsk og bokmål, og den vage grenselina mellom dei to, kombinert med at nynorsk er i mindretal, gjer at det kan setjast spørsmålsteikn ved autonomien til nynorsken (Omdal & Vikør 2002:108).

Vi ser her korleis den store grada av overlapping mellom dei to normalane både er til framgang for språket på den eine sida, medan det på den andre sida – av same grunn – vert for komplisert å skilje dei to normalane. Det er klart at noko av argumenta for å halde på nynorsken fell bort om det viser seg at det vert for vanskeleg for elevane å lære å kjenne grensegangen mellom nynorsk og bokmål, og mellom nynorsk og dialekt. Då kan det stillast spørsmål ved om ei opplæring på nynorsk verkeleg er demokratisk, og til hjelp for elevane. Eller om det hadde vore lettare å gi alle norske elevar ei felles opplæring på bokmål. Det finst lite forskning på kvifor elevar vel å byte målform, men tala frå *Nynorsk Faktabok* viser tydeleg at mange elevar vel å gå over til bokmål på vidaregåande (Grepstad 2005b).

Kultur- og kyrkjedepartementet peiker også på korleis nynorsken står i ei kryssing mellom modernisering og tradisjon i stortingsmeldinga *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Departementet framhevar i meldinga korleis nynorsknormalen på den eine sida vert kritisert for å vere for tradisjonell og umoderne, medan det på den andre sida vert sagt at normalen tillet for mange former, og at han såleis har blitt utydeleg. Det kjem fram i stortingsmeldinga at departementet ikkje legg for stor vekt på argument som legg til grunn dei umoderne trekka ved normalen fordi dei ser dette som språkpress frå bokmål. Eit mindretalsspråk ofte vil kunne opplevast som umoderne og gammaldags i høve til den dominerande normalen, og det vil difor gjerne vere meir krevjande å halde seg til den minst brukte varietetten. KKD poengterer at nynorsken må vurderast ut i frå sine eigne vilkår, og at ein difor ikkje kan legge slike argument til grunn i normeringa, sjølv om det alltid vil vere røyster som tek til orde for dette synet (St.meld nr. 35 (2007–2008):207–208). Vi skal seinare sjå at KKD i stortingsmeldinga vel å støtte opp om Språkrådet sine vedtekne mål for endring i normalen, sjølv om det også vert framlagt at dette er eit omstridd felt, og at der alltid vil vere usemje kring kva som gagnar mest i dette høvet.



#### 2.8.4 Nynorsk i forhold til dialekt

Vi har sett at nynorsken skulle vere eit skriftleg uttrykk for dei norske dialektane. Ein nær samanheng mellom nynorsk og dialektane til dei som skriv nynorsk, har difor alltid vore ein føresetnad for å halde på det nynorske skriftspråket. Denne samanhengen er likevel ikkje alltid like nær, og då dialektane også er svært ulike, er det naturleg at ikkje alle kan ligge like nær opp til normalen. Aasen sa sjølv at normalen låg nærast det ”Hardangerske, Vossiske og Sognske” (Torp & Vikør 2003:153). Eit anna forhold er at skrifta alltid vil framstå som konservativ i forhold til talemålet, sidan talen kan endre seg i eit langt høgare tempo. Det vert difor ikkje alltid oppfatta som om nynorsken ligg så nær dialektane. Dette dilemmaet ser ut til å vere likt både for nynorsk og bokmål (Vikør 2007:207).

Syntaksen i nynorsk vert rekna for å ligge nærare talemålet enn det gjer i høve til bokmål. Dette heng saman med at nynorsken har sitt opphav i talt norsk, medan bokmål meir bygger på ein kansellistil, prega av dansk, tysk og latin (ibid.).

#### 2.8.5 Sunnmørsdialekten – ein stad midt imellom

I denne granskinga er utvalet av elevar henta frå kommunane på Søre Sunnmøre. Desse områda ligg heilt sør i Møre og Romsdal, og dei grensar dermed til Sogn og Fjordane. Dialektane på Søre Sunnmøre kan såleis seiast å ikkje vere så langt ifrå det ”Sognske”, som Aasen kalla det. Målføra skulle difor høve godt saman med det nynorske skriftspråket. Dette stemmer nok på mange område i dialekten, og som vi seinare skal sjå meir på, svara også mange av elevane at dei kjenner eit tett samband mellom talemålet og det nynorske skriftspråket. På den andre sida er det klart at dialektane har endra seg mykje frå Aasen si tid og at det nynorske nedslagsfeltet ikkje er det same som det tidlegare har vore (Grepstad 2005a). Dessutan spelar påverknaden frå bokmål og bymål i dag ei heilt anna rolle enn det han gjorde før, og dette rammar også dei sunnmørske dialektane (Skjekkeland 2005:26). Talemålet på Sunnmøre lever såleis akkurat i det spennet som Vikør omtaler, mellom det tradisjonelle på den eine sida, samstundes som nye drag verkar inn på den andre sida.

Det er ikkje skrive mykje om dialektane på Søre Sunnmøre spesielt. Martin Skjekkeland (2005) har i *Dialektar i Noreg* peika på nokre sentrale trekk ved dei nordvestlandske talemåla, og der kan ein òg finne nokre særmerkte punkt for Sunnmøre eller Søre Sunnmøre.

Han viser til korleis sunnmørsdialekten har infinitivsending på *-e* som særmerke. Dialekten vert difor kalla ”*e*-mål”. Svake hokjønnsord i ubestemt eintal får også *-e* som ending

på sunnmørsk. Vokalismen i dialektane på Sunnmøre er mykje lik det ein finn lenger sør på Vestlandet, men Søre Sunnmøre vert særleg framheva med diftongering av norrøne langvokalar. Det vil seie at ord som *stor* eller *lite* gjerne vert uttala som *stour* eller *leite* (op.cit.:177–178). I forhold til konsonantuttale har heile det nordlege *e*-målet tradisjonelt hatt palatalisering av alveolarar både i trykksterk og trykklett staving (ibid.). Skjekkeland skriv at dette trekket ser ut til å vere på veg ut, særleg ved uttale av *-g* og *k*- i innlyd, og også i høve til alveolarane *nn*, *ll*, *dd* og *tt* (ibid.).


Når det gjeld dialekttrekk som ofte gjer seg utslag i skrivefeil, er bortfallet av fleirtals *-r* i ubunden fleirtal eit hyppig problem. I sunnmørsdialekten vert slike ord uttala utan *r*: *hesta*, *vise* eller *skåle* (op.cit.:179), medan rettskrivinga altså har *hestar*, *viser* eller *skåler*. Også ved bruk av pronomen skil dialekten seg noko frå den normerte rettskrivinga. Søre Sunnmøre har uttale av 1. person eintal som *ei/æi*. I 2. person vert *dokke* hyppig brukt både som subjekt- og objektsform (op.cit.:180). Begge desse dialektformene ser ein brukt i skrift. *Dokke* har særleg stort gjennomslag, og dette kan ein også sjå i bruk både i avisinnlegg og i saklege artiklar på Internettet (sjå meir under 'Resultat og analyse').

## 3 Implementering og evaluering

### 3.1 Implementering

#### 3.1.1 Implementeringskjeda

Implementering er den delen av språkplanlegginga som skal gjere språknormene kjent for språkbrukarane. På den måten er implementeringa ein føresetnad for at vedtaka frå normeringsinstansane faktisk vert tatt i bruk, då språkbrukarane må få tilgang til dei nye reglane for å kunne handheve dei. Språkrådet og departementet som vedtek endringane i språknormalane, offentliggjør desse retningslinjene i sine fora, deretter er det meininga at ledda vidare i implementeringskjeda skal gjere sitt for at desse vedtaka vert gjorde kjente og etterlevde.



Figur 5 "Implementeringskjeden" (Omdal 2004:30)

Figuren over viser korleis ein i norsk språkplanlegging ser for seg at største delen av implementeringa av nye språknormer skal skje gjennom den obligatoriske skulegangen, via norsklærarar som er utdanna ved norske høgskular og universitet. Dette er meint som ein

effektiv veg mellom sendar og mottakar, då studentar i prinsippet skal få opplæring i alt som er nytt og viktig i norsk rettskriving gjennom utdanninga si. Desse studentane skal i neste ledd lære elevane på skulen opp i dei same normene, som oppdaterte lærarar. I tillegg har norske språkmyndigheiter sett for seg at endringar i språknormalane, kan gjerast kjente gjennom å sende rundskriv til alle skulane i landet om dei nye vedtaka. Då har ein tenkt at alle vert nådde samtidig, og at både lærarar og elevar vert gjorte merksame på dei nye reglane. Problemet er berre at det har vist seg å ikkje vere noko vasstett system. Mykje tyder på kvaliteten i implementeringskjeda ikkje er sikra godt nok i alle ledd, og at informasjon om nye vedtak såleis ikkje vert gjort kjent for alle som skulle ha hatt desse opplysningane (op.cit.:29–31).

For det første sett denne strategien svært høge forventingar til norske lærarar og førelesarar. Desse skal til kvar tid halde seg oppdaterte på kva som er gjeldande rettskriving i både bokmål og nynorsk. Samstundes skal dei ha oversikt over sideformene i nynorsk, slik at dei kan oppmuntre elevane til å bruke dei, på same tid som dei sjølve er kjente med at sideformene ikkje førekjem i lærebøkene, og at dei ikkje kan brukast i undervisninga. Fleire undersøkingar har vist at ikkje alle lærarar har tilstrekkeleg normkunnskap for å kunne presentere breidda i skriftnormalane. Dette kan føre til ein reduksjon i den reelle valfridommen for elevane, då dei ikkje vert gjort kjente med alle ord og former som dei kan velje mellom.

For det andre viser figuren at det skjer implementering av språknormer på andre måtar, parallelt med skulen sin opplæring. Til ei viss grad skjer det ei implementering av dei offisielle normene direkte til språkbrukarane. Dette kan særleg vere aktuelt for institusjonar med statleg tilknytning eller for andre språkinteresserte personar som les *Språknytt* og anna informasjon (op.cit.:31). Men, store delar av implementeringa som ikkje finn stad på skulen, er prega av uformelle normgivarar, som redaktørar og skribentar i ulike vekeblad, tekstinga på filmar og anna informasjon på Internett. Av figuren over ser vi at dette utgjer ei stor mengd tekst, og då denne ligg utanfor offisiell normering, er det klart at ikkje alt følger reglane for norsk rettskriving. Med tanke på at det er denne sorten tekstmengde elevane les mest av, verkar det opplagt at sjansane for feiloppfatningar om rett og feil i språket, er store (op.cit.:33).

### 3.1.2 Nynorsk i skulen

Skulen er meint som hovudformidlingskanalen for den norske språkopplæringa. Akselberg kalla skulen for staden der ”den språklege ryggmargsrefleksen vert utvikla” (Akselberg 1999:9), og han siktar med det til korleis elevane skal få kunnskap og kjennskap til språknormene gjennom undervisninga. I høve til skulen si viktige stilling, er det interessant å sjå på nynorsken har heldt seg i den norske skulen, både i dag og gjennom tidene.

I 1892 innførte den første skulekrinsen i landet landsmål som opplæringsmål. Dette hende i Bygland i Setesdal (Almenningen 2006:21). Nynorsk var av mange sett på som framtida for bygdefolket, og i åra som følgde var det stadig skulekrinsar som bytte målform (ibid.). Vi ser med dette at nynorsk er eit relativt ungt språk i skulen, og det er ikkje meir enn fire–fem generasjonar som har fått opplæring i det. Nynorskopplæringa gjekk for det meste føre seg på bygdene, då byane stod imot og heldt på bokmål som undervisningsspråk (op.cit.:24). Opplæring i nynorsk for alle norske elevar kom ikkje før i 1969 med lova om obligatorisk ungdomsskule (op.cit.:28) Sidan den gong, har 2 900 000 nordmenn fått opplæring i nynorsk, anten som sidemål eller som hovudmål. Såleis har eit fleirtal av norske innbyggjarar over 15 år fått opplæring i nynorsk (Grepstad 2005d).

I 2004 var det om lag 88 049 elevar i grunnskulen som hadde nynorsk som hovudmål. Dei aller fleste av desse (om lag 80 %) tilhørte skulekrinsar i kjerneområda på Vestlandet. Dette utgjorde 14 % av det totale talet på norske skuleelevar og viser såleis at nynorsk kan reknast som eit minoritetsspråk. I vidaregåande opplæring var talet på nynorskelevar enda noko mindre, då tala viser at ein stor del av nynorskelevane vel å byte målform ved inngangen til vidaregåande skule (Grepstad 2005c). Samanhengande med denne granskinga, vil det vere relevant å sjå kva for målform elevane som er med i undersøkinga har valt i vidaregåande opplæring, og kva grunngeving dei gir for dette valet.

## **3.2 Evaluering**

### *3.2.1 Vellukka implementering?*

Omdal (2004:37) kritiserer norsk språkplanlegging for å ha vore mangelfull med tanke på implementering. Kritikken går også på at det har vore lagt for lite vekt på kva nytte språkbrukarane eigentleg hadde av normeringa, og om kva av innhaldet i normeringa som har festa seg blant folket. Altså har ein ikkje alltid tatt godt nok vare på språkbrukarane sine behov og faktiske bruk av språket, før det har blitt sett i gang nye språkrevideringar. Han skriv at styresmaktene har oppfatta jobben som ferdigstilt når vedtaka var sette i verk og informasjon om saka var spreidd, slik at ingen eigentleg har teke ansvar for kva for konsekvensar språkplanlegginga har fått for språkbrukarane. Dessutan har ein ikkje vore merksam på det faktum at tar minst tre generasjonar før ei språknorm festar seg blant språkbrukarane, og innan denne tida har norsk språknormering også i fleire tilfelle reversert tidlegare vedtak (op.cit.:31,15).

Omdal påpeiker behovet for meir informasjon om implementeringa hos norske språkbrukarar slik:

Det er i første rette behov for å undersøke om folk oppfatter normeringa som hjelp eller hinder for språklig uttrykksevne, og om den detaljerte språknormeringa har ført til at de fleste nordmenn ikke mestrer språket fullt ut slik språket nå er normert. En bør forsøke å finne ut hvor mye av den språklige normeringa som har nådd fram til, er akseptert av og gjennomført av folk flest (...). I språknormeringsdrøftinga har en bare i liten grad fokusert på virkningene av vedtaka, og på folks forutsetninger for å følge opp vedtaka (Omdal 2004:12).

Med denne avhandlinga vil eg freiste å gjere ei slik undersøking som Omdal etterspør, ved å sjå på korleis dei vedtekne normene for nynorsken har blitt internalisert hos ei gruppe nynorskelevar.

### *3.2.2 Tronge eller breie skriftspråksnormalar?*

Oppfatningane kring dei breie normalane og om dette er eit gode eller ikkje, har svinga som ein pendel fram og tilbake dei vel siste 70 åra. Heilt ifrå forarbeidet til 1938-reforma har ein freista å stramme inn valfridommen, utan at dette har vore vellukka. Seinare, på 1970-talet, vart det hevda at dei breie normalane var ein fordel av pedagogiske grunnar, og at dei såleis burde oppretthaldast fordi det letta overgangen mellom skrift og tale. Utover 1980-talet svinga likevel pendelen tilbake att og argumenta om at normalane er så breie at det ikkje er mogeleg å lære innhaldet i dei, kunne høyrast (Omdal & Vikør 2002:116–117). Det som kanskje kan verke sjølvmotseiande, er at dei same argumenta har blitt brukt på begge sider i striden om valfridommen. På den eine sida vart det sagt at ei talemålsnær og brei norm ville senke terskelen for å kunne skrive nynorsk, fordi ho såleis ville ligge nærare talespråket til fleire språkbrukarar. På den andre sida vert det no hevda at nettopp denne breidda i normalen er for vanskeleg å lære fordi ein slik valfridom tillet så mange ord og former (op.cit.:117–118).

Det er interessant at også dagens forskning ser ut til å peike i retning av at breidda i begge normalane, men kanskje først og fremst i nynorsk, ikkje vert utnytta slik det er høve til og at dei heller ikkje berre er til gagn for språkbrukaren.

Enkelte har framheva måten ein som språkbrukar kan gje skriftspråket sitt ein lokal farge på gjennom den store valfridommen i nynorsken. Dette høyreast både demokratisk og pedagogisk ut i teorien. Praksisen, derimot, viser at denne lokale farginga ikkje finn stad i like stort omfang som skribentar i dei ulike bygdene, hevdar å gjere. Sanninga er at dei aller fleste held seg til ei meir eller mindre trong, tradisjonell nynorsk norm (Vikør 2003:300). Den lokale

tilpassinga ser difor ikkje ut til å vere ei opning i normalen som bygdene på Vestlandet er avhengige av .

Eit anna argument for å halde på breidda i normalane, er at dette skal lette lese- og skriveopplæringa. Hoel (1996) har samanlikna språkfeil hos elevar frå dei tre skandinaviske landa. Dei tre språksamfunna Noreg, Sverige og Danmark er på mange sett svært like, og ligg så nær kvarandre at somme vil kalle det eit samla dialektkontinuum. Likevel er dei tre svært ulike når det gjeld språkplanlegging og språkpolitikk (Hoel 1996:48–49). Medan svensk og dansk har relativt lite valfridom i rettskrivinga, har norsk som kjent mange former å velje mellom (op.cit.:47). I undersøkinga si konkluderer Hoel med at korrespondanse mellom språklyd og skriftbilde ser ut til å lette skrivinga i startfasen, altså for utrente språkbrukarar i lese- og skriveopplæringa. Seinare, derimot, etter at språkbrukarane har fått meir språkerfaring, ser det ikkje ut vil å vere vesentleg for skriftkyndigheita om norma er trong eller vid (op.cit.:49). Undersøkinga viser at elevar uteksaminert frå vidaregåande skule, anten det er i Noreg, Sverige eller Danmark, sjeldan har ei feilfri rettskriving (op.cit.:57). For dei norske elevane kan ei opplæring i talemålsnær skrift dessutan føre til ei overgeneralisering slik at dei skriv ord nærare uttalen enn dei eigentleg kan (op.cit.:56), og at det slik sett kanskje hadde vore lettare å skrive rett om norma var trong og stringent. Om det då er ein fordel med breie skriftspråksnormalar i lese- og skriveopplæringa, viser det seg kanskje at dette vert ei ulempe seinare, og då kan det vere at det hadde vore heldigare for elevane med ei opplæring i ei strammare norm.

Benthe Kolberg Jansson har sett på korleis valfridommen i språknormalane vert tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærerutdanninga. Ho finn at dei som føreles på allmennlærerutdanninga stort sett er positive til elevane sine moglegheiter til å velje skriftformer nær talemålet, og dei fleste ønskjer også at valfridommen vert tematisert i lærebøkene, meir enn i dag. Men trass i dette er det berre eit fåtal av førelesarane som svarar at dei oppmodar studentane sine om å skrive talemålsnært i undervisninga (Jansson 1999:184). Dette kan vere ein indikator på kvar i systemet noko av informasjonen om valfridommen stoppar opp. Dette vil òg kunne få den konsekvensen at framtidige lærarar ikkje er klar over breidda i normalane, og dei dermed heller ikkje har moglegheit til å formidle denne kunnskapen vidare til elevane. Valfridommen kan med dette ende opp som eit mangfald i ordbøkene som dei gjengse skriftbrukarane ikkje er klar over.

Dessutan kan det vere at eit system med breie skriftspråksnormalar ikkje er til hjelp for den usikre språkbrukaren, slik som det vart hevda på 1970-talet. Av sitatet under ser vi at nokre karakteriserer valfridommen som heller det motsette av demokratisk.

Noen mener at det er demokratisk med stor valgfrihet, men jeg tviler på om det er demokrati å overlate ekspertarbeid til amatører. Språknormering er for spesialistene, ikke for den jevne språkbruker (Nygård 2003:61).

Fleire andre har også peikt på korleis stor valfridom favoriserer ein kyndig språkbrukar, og kanskje har kritikken vore spesielt retta mot nynorsknormalen. Akselberg har peikt på korleis nynorskelevane vert gjort avhengige av ordlista fordi dei heile tida er usikre på kva som er rett (Akselberg 1999:18). Då ordninga er meint slik at elevane gjennom grunnskulen skal få nok kjennskap nok til det norske skriftspråket til at dei kan bruke det som trygge og sikre språkbrukarar, er det ikkje sikkert at valfridommen berre er eit gode. Dessutan er det problematisk at ein som elev og student skal kunne nytte seg av sideformene heilt fram til siste eksamen, men om ein seinare vert tilsett i staten, må ein avlære desse og erstatte dei med hovudformer (Omdal 2004:18–19). Omdal (ibid.) påpeiker inkonsekvensen ved denne praksisen då norske elevar og vanlege studentar truleg aldri har fått noka opplæring i skilja mellom hovud- og sideformer, og at dei difor møter dette kravet frå staten som arbeidsgivar utan å vere førebudd.

### *3.2.3 Forsking på nynorskelevar*

Det har vore ein del forskning kring val av skriftformer hos profesjonelle språkfolk, og korleis innhaldet i ulike nynorske ordlister har utvikla seg, gjennom det siste hundreåret.

Hovudtendensen i dei ulike undersøkingane er at innhaldet i nynorsknormalen stadig har utvikla seg og at det til kvar tid har vore usemje om kvar grensene skal gå for kva for ord og former som skal innlemmast i normalen (Omdal & Vikør 2002:140). Eg vil ikkje komme vidare inn på desse grensene, men heller ta eit blick på den forskinga som tidlegare har vore gjort blant elevar med nynorsk som hovudmål.

Undersøkingar som har vore gjorde på nynorskelevar tidlegare, ser ut til å peike i retning av at meistringa av målforma heng nøye saman med innstillinga elvane har til normalen (Anderson 2007:23), og at nynorskelevar ofte har eit meir ideologisk forhold til skriftforma, enn det bokmåselevar gjerne har (Berg 1999:105). Det viser seg også at dei som meistrar nynorsk relativt godt, ser minst problem med breidda i normalen. Elevar som derimot ikkje er like flinke, eller der nynorsk ikkje fell like naturleg (gjerne sidemåselevar), ønskjer seg heller ei trongare norm fordi ein trur at det då hadde vore lettare å lære å skrive korrekt (Akselberg 2003:86).



Inge Bungum og Svein Magne Sirnes gjennomførte ei undersøking i 2007 blant 350 elevar ved Hafstad vidaregåande skule i Førde. Elevane fekk ei liste med 50 setningar, der to og to var like med unntak av eitt ord. Det ordet som var ulikt i dei to setningane kom i første setning på korrekt nynorsk, i den tilsvarende setninga under var ordet gjenteke, men med ei form som ikkje er tillate innan nynorskrettskrivinga, like fullt var det eit ord som elevane brukte i daglegtalet. Elevane vart bedne om å krysse av den varianten av dei utvalde orda som dei meinte kjentes mest naturlege. Sjølv om metoden i denne undersøkinga ikkje tilfredstiller alle forskingsmessige krav, kan ein likevel ane at ”bokmålsorda” breier seg, også i det største nynorskfylket. Ved 57,2 prosent av dei oppgitte setningspara valde elevane dei variantane som ikkje er tillate innan nynorskrettskrivinga. 38,6 prosent kryssa av for dei korrekte nynorske skriftformene. Forskarane sjølve konkluderte med at ”Nynorskelevar sviktar si eiga målform”. Dette er kanskje noko hardt å fastslå etter ei enkelt undersøking, men resultatane kan likevel vere med på å peike i retning av at også talemålet i Sunnfjord utviklar seg – framfor alt i ordtilfanget – nærare bokmål, og at elevane tek dette med seg inn i skriftinga (Bungum & Sirnes 2007). Denne undersøkinga vert trekt fram av KKD i den tidlegare nemnde stortingsmeldinga. Den høge prosenten som valde bokmålsformer, vert i meldinga forklart ut frå ein ”refleks av den sterke bokmålspåverknaden i det heile” (St.meld. nr. 35 (2007–2008): 207). Departementet problematiserer såleis ikkje funna i undersøkinga såleis ikkje i same grad som forskarane sjølve ser ut til å gjere.

### **3.3 Nynorsken si framtid**

#### *3.3.1 Ein ”heilskapleg norsk språkpolitikk”*

Den også tidlegare omtalte stortingsmeldinga *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (2008) skal legge føringar for korleis framtidig språknormering av nynorsk og bokmål skal utformast. I denne heiter det om nynorsk at: ” (...) det er særleg viktig å sikre grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken” (St.meld. nr. 35 (2007–2008):209). Av konkrete satsingsområde for å sikre eit slik grunnlag, vert det lova at ”Departementet vil gje Språkrådet klarsignal til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk” (op.cit.:212). Språkrådet varsla alt hausten 2007 at dei ville gå i gang med ein slik gjennomgang av nynorsken, men har ikkje fått sett i gang arbeidet, då departementet har bede dei om å vente til den omtalte stortingsmeldinga var offentleggjort (Språkrådet 2007a). I vedtaket frå Språkrådet heiter det at dei vil lage ei ”tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer” (Språkrådet 2007b).

Kanskje er det noko i tittelen på denne stortingsmeldinga som indikerer at kritikarane kan ha rett i at språkpolitikken tidlegare har vore prega av hyppige og delvis motseiande reformer. Den omdiskuterte historia til nynorsken vert omtalt slik: ” (...) saka har ei lang og vanskeleg forhistorie, og spørsmålet om revisjon av nynorsken ser framleis ut til å vere omstridd” (St.meld. nr. 35 (2007–2008):202). Målet med den nye revideringa skal vere å ”etablera ei norm som gjer det lettare å vere nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er *stabil over tid* ”(mi kursivering) (Språkrådet 2007b). Altså legg ein også her føringar for at denne revideringa ikkje vil verte tatt opp igjen med det første. I tillegg vert det eksplisitt uttrykt i stortingsmeldinga om den nye revisjonen at ”(...) førearbeidet må ha best mogleg forankring blant språkbrukarane” (St.meld. nr. 35 (2007–2008):205). Dette kan vere eit uttrykk for at ein no vil vere meir orientert rundt språkbrukarane sine behov enn tidlegare, noko som norsk språkplanlegging, som kjent, har vorte kritisert for å mangle. Faren er uansett truleg til stades for at dette vert mest ord, og at det i realiteten ikkje vert slik at den jamne språkbrukaren sine behov vil bli prioriterte. I vedtaket som Språkrådet har gjort, er det bestemt at revideringa av nynorsknormalen skal vere ein open prosess, og at representantar både frå målrørsla, forvaltninga, utdanningssektoren, forlagsbransjen og medieområdet skal få delta i utforminga (Språkrådet 2007b).

Lars S. Vikør har uttalt om den varsla gjennomgangen at han ikkje ventar noko omfattande revidering. Hans hypotese er heller at reforma vil innebere ei omorganisering av dei orda og formene som nynorsknormalen allereie har (Vikør 2003:303–304). Vikør har seinare hevda at den reelle bruken av nynorsk går mot ein trongare ”umarkert” bruksnormal, enn det nynorsknormalen opnar for (Vikør 2007:213). Om det verkeleg er slik, er det i realiteten kanskje ikkje så farleg å ta vekk dei lite brukte formene. Dei som absolutt vil ha dei, har kanskje eit så sterkt forhold til språket at dei uansett vil velje å skrive som dei kjenner for. Slik vil det vere, og det må vi berre finne oss i, skriv Vikør (2007). Då vert spørsmålet kven vi eigentleg normerer for. Skal ein ta omsyn til alle ytterpunkt, får ein ikkje gjort noko. Men om ein på den andre sida skal normere stramt og eintydig, mistar vi kanskje noko av nyansane i språket. Såleis kan vi ikkje berre ha sidemålsbrukarane for auge (dei ikkje-reelle nynorskbrukarane, jf. Vikør 2007). Helge Omdal skriv dette om synet på framtidig utforming av normalane i norsk:

Det er behov for at norsk språknormering finner fram til et enklere og mer oversiktlig system både i bokmål og nynorsk – et system med mer generelle regler og færre detaljbestemmelser og unntak. (Omdal 2004:117)

Systemet vi har i dag, vert såleis kritisert for å vere for lite oversiktleg. På nynorsksida kan vi hente eksempel frå mellom anna endingar på *-heit*. Etter reglane i dag er det tillate å skrive *sikkerheit, gyldigheit og enkelheit*, medan ord som *tryggheit og kortheit* ikkje bør brukast på nynorsk. Grunnen er at ord som har endingane *-dom, -leik og -skap* eller andre omskrivingar ”i allmenn bruk” på nynorsk, ikkje skal ha tillaten ending på *-heit* i tillegg (Almenningen 2006:75). Dette er forståeleg ut frå prinsippet om tradisjon, og med tanke på å styrke bruken av dei tradisjonelle nynorske ordformene, men det vert vanskeleg å handheve reglane i praksis då det ikkje er eintydig kva slags ord som er eller ikkje er ”i allmenn bruk”. Dessutan såg vi over at det er gjort vedtak om at elevar kan nytte *heit*-former som finst naturleg for dei i dialekten, i tillegg til at dei skal kjenne til og kunne bruke dei andre vanlege avleiingane på nynorsk. Summen blir at det ikkje finst noko eintydig system å rette seg etter, og heller ikkje fullgode og enkle reglar å lære.

Vi har sett fleire gonger at Vikør plasserer nynorsken i eit spenningsfelt mellom det tradisjonelle på ei side, og med nye påverknadar og impulsar på den andre sida. Dette må også få konsekvensar for normeringa av skriftnormalen. Vikør peiker på ulike forenklingar i talemålet, til dømes markering av fleirtal i substantiv. Nynorsknormalen har allereie opna for noko av slik forenkling, då ein har tillate å sløyfe samsvarsbøying av perfektum partisipp som sideform. Utfordringa for Språkrådet er i kva grad dei skal innlemme slike forenklingar vidare i normalen. Ei slik utvikling vil nemleg nærme nynorsken enda meir bokmål, i tillegg til at ordtilfanget stadig må utvidast på grunn av utviklinga i talemåla (Vikør 2007:212). Denne ”bokmåliseringa” vert ikkje helsa velkommen av alle. Særleg tradisjonalistane på nynorsksida er skeptiske til ei slik utvikling (op.cit.:198). På den andre sida set Vikør opp alternativet til ei slik utvikling. Det vil verte å isolere og bremse utviklinga i nynorsk fordi nynorsk både som talemål og skrift ikkje har moglegheit til å halde seg utan påverknad frå bokmål (op.cit.:212).

### 3.3.2 Kva er meint med ”stram” og ”stabil”?

Vi har sett over at Språkrådet har vedtatt at den komande reforma av nynorsk skal føre til ei innstramming av normalen, og at dette skal vere ei revidering som skal verte ståande i lang tid. På den eine sida er dette i tråd med forskinga som i dag ser ut til å peike i retning av at ei trongare norm vil vere lettare å lære, og at språknormalane bør vere stabile for at dei skal få feste seg blant språkbrukarane. På den andre sida kan ein undre seg om desse vedtaka vil vere til det beste for nynorsken si framtid. For kva tyder ”stram”? For det første vert dette sett fram nærast som ei motsetting til den noverande nynorsknormalen, sidan denne som kjent vert rekna

for å vere 'brei'. Dermed, ser det ut til at Språkrådet har som intensjon å fjerne ein del av dei valfrie formene som no er tillatne innan nynorskrettskrivinga (sjølv om Vikør altså meiner at dette i praksis vil vere marginalt). Rogne (2007) hevdar at dette står stikk i strid med heile det "nynorske prosjektet", og at ei innskrenking av valfridommen såleis vil ekskludere ei stor gruppe språkbrukarar som nyttar sine talemålsnære former i skrifta. Ein normal kan ikkje byggje på eit "breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråkstradisjonar" (Rogne 2007:12), samstundes som normalen skal vere "stram" (ibid.). Noko må vike, og Rogne fryktar at dette vil verte talemålsgrunnlaget i normalen. Konsekvensen vil kunne verte at språkbrukarane ikkje kjenner seg igjen i den tronge normalen, og at ein med dette vil skremme yngre nynorskbrukarar vekk fordi "endringane i talemålet har vore relativt store sidan den konservative delen av nynorsken vart gjort til skriftspråk" (ibid.). Han kjem såleis med motargument til den rådande haldninga om at nynorsknormalen er for brei til at han er gangbar for språkbrukarane. Han ser heller dette som ei forutsetning for nynorsken sin eksistens, sidan denne skal femne mange dialektar (ibid.).

Det å vedta at ein normal skal vere stabil, er heller ikkje problemfritt i følge Rogne. Ved å stamme inn opninga i normalen for nye former, ser han for seg at nynorsken kan ende opp som eit "elitespråk", der berre dei som er tilstrekkeleg "skriftlærde" kan meistre språket. Resten av folket vil ikkje kunne ha moglegheit til å bruke språket, då det med tida vil seile akterut i høve til talen. Hans mørke spådom er at ei framtid med ein "stabil" nynorsknormal, vil kunne føre til at nynorsken vert utdøydd. Han er også ueinig i at stabile normalar er pedagogisk. Der andre meiner at stabilitet forenkler gjenkjenninga av skriftbilda, hevdar Rogne at det for nynorsken sin del, er det ei anna gjenkjenning som er langt viktigare. Dette er det tette sambandet mellom tale og skrift, og han meiner at nynorskbrukarane har særskilde forventingar om at nynorsknormalen skal korrespondere med deira dialekt (ibid.). Han foreslår difor å heller lytte til talen og sjå på korleis ungdomen skriv, når ein skal normere nynorsken.

Det er sjølv sagt mogleg å diskutere med Rogne i desse standpunkta, og det er også mange språkvtitarar som går imot argumenta han presenterer. Blant anna har vi sett over at ulike studiar ser ut til å peike i retning av at det er lettare å lære trongare, enn breie, normalar. Dessutan har nabolanda våre lang erfaring med meir stabile skriftnormalar, og som Hoel viste, har dette ikkje ført til høgare feilprosentar i rettskrivinga (Hoel 1996:57).

Når vi no skal gå inn i sjølve undersøkinga, er det nettopp desse problema, knytt til valfridom, tronge og breie skriftspråknormalar og samanblanding med dialekt og bokmål som vil bli drøfta, i lys av resultata frå undersøkinga ved Ulstein vidaregåande skule.

## 4 Metode

---

### 4.1 Undersøkinga i metodisk perspektiv

#### 4.1.1 Operasjonalisering

I arbeidet med å gå frå ei problemstilling på papiret til å kunne gjere noko målbart, må ein definere det ein vil finne ut gjennom ei operasjonalisering av problemstillinga. Det vil seie å omformulere problema til ei form som let seg behandle etter bestemte forskingsmetodar. I dette høvet vil det seie å analysere dei to spørsmåla frå innleiinga og å gjere dei målbare. Dei to spørsmåla er:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

I arbeidet med operasjonaliseringa er det viktig først å definere omgrepa som er brukt i spørsmåla som skal utgreiast. Dei aktuelle omgrepa som må definerast frå spørsmåla over, er:

- Dialekt: kan også kallast "målføre". Vikør definerer dialekt som "ein varietet av eit språk som blir kjenneteikna av at han i seg sjølv utgjer eit komplett språkssystem, og såleis *kan* fungere som "språk" i seg sjølv." (Vikør 2007:58.) Samstundes legg han til at ein gjerne oppfattar dialekt slik at det også dreier seg om ein geografisk avgrensa varietet (op.cit.:59).
- Nynorsknormalen: ein normal er "eit konkret sett av reglar for korleis ein språkvarietet skal skrivast og uttalast." (Op.cit.:75.) I dette høvet er det settet av reglar for nynorsk som er aktuelt, og derfor vert normalen kalla 'nynorsknormalen'.

For å finne ut noko om spørsmål 1, har eg sett det som formålstenleg å utarbeide eit spørjeskjema der elevane skal krysse av på ymse spørsmål knytt til oppfatninga av sitt eige talemål og korleis dette høver saman med den kodifiserte nynorsknormalen. Då dette er snakk om haldningar som ikkje er så lett å få fram berre ved eit kryss i ei rute, har eg valt å intervjuje eit utval av elevane i etterkant av utfyllinga av spørjeskjema.

I forhold til spørsmål 2 har eg i tillegg til spørsmål i spørjeskjema, også førebudd to tekstar som elevane skal rette, og ei ordliste, der dei skal krysse av for kven av normalane (nynorsk, bokmål, begge eller ingen) dei trur nokre bestemte ord høyrer til under. Det er sjølv sagt ikkje mogeleg å teikne eit komplett bilde av alle orda og formene som elevane oppfattar som


nynorsk, og eg har derfor gjort eit utval der eg har sett saman ord frå seks ulike ordkategoriar. Eg har freista å famne så mange område av normalen som mogleg, samstundes som ei slik undersøking må ha forholdsvis klare og tronge rammer. Eg har difor ikkje valt å gå i djupna på ein bestemt kategori (for eksempel nedertyske affiks), men heller prøvd å innlemme eit breiare spekter av ord og former.

Modellen under viser korleis eg har gruppert orda som elevane skal ta stilling til gjennom rettetekstane og ordlista (for liknande oppsett sjå Ivars 1986:26, 56; Thelander 1979:122). Modellen består av tre sirkelar som delvis overlappar kvarandre. Dei tre sirkelane er meint til å representere ei tredeling av kvar orda i sunnmørsdialekten formelt (og i nokre høve uformelt) høyrer til innan skriftnormeringa. Den første sirkelen (grøn) står for heile nynorsknormalen. Den andre sirkelen (oransje) framstiller innhaldet i bokmålsnormalen, og sidan denne til dels er samsvarande med nynorsknormalen, viser figuren at desse i visse tilfelle går inn i kvarandre. Den tredje og siste sirkelen (gul) viser orda i sunnmørsdialekten. Mange av orda der er også del i anten nynorsk- eller bokmålsnormalen, eller begge delar, og denne siste sirkelen er difor lagt over dei to andre. I tillegg inneheld dialekten også ord som ikkje er del av nokon av dei offisielle normalane, og der er difor eit felt som ikkje er overlappende med noko anna felt. Formålet med modellen er å gi ei oversiktleg framstilling over kva for felt orda som er med i undersøkinga, er henta frå. Det er viktig å påpeike at inndelinga i dei 6 kategoriane er gjort etter ei naturleg inndeling. Inndelinga i dei ulike kategoriane kan diskuteras, men poenget med inndelinga er å lage ei oversiktleg framstilling, for å gjere det lettare for lesaren å sjå breidda i ordvalet som er med i undersøkinga. Kategoriane har fått namna:

1. Nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten (*eg, aude*)
2. Nynorskord som er i bruk i dialekten (*korfor, ikkje*)
3. Tillatne "bokmålsord" i nynorsk (*analfabet, beherske*)
4. "Bokmålsord" tillatne som sideformer i nynorsk (*fortreffelig, noen*)
5. Ikkje-tillatne bokmålsord (*Norge, svømme*)
6. Ikkje-tillatne dialektord (*dokke, kjærlegheit*)

Ei av ulempene ved bruk av modellar er at dei alltid vil innebere ei forenkling av verkelegheita. I dette høvet er det særleg kategorien "'Bokmålsord" tillatne som sideformer' som har fått ei noko urettmessig plassering. Slik det går fram av modellen ser det ut til at dei orda som tar del i denne kategorien, ikkje er ein del av nynorsknormalen. Dette er sjølvstundt feil sidan sideformene også er ein del av nynorsken. Eg har likevel valt å framstille kategoriane slik fordi

desse orda ligg i utkanten av normalen, og dessutan er det ei målsetjing at Språkrådet skal arbeide med å få bort to-nivåsystemet (Språkrådet 2007b). Kategorien med sideformer vil difor truleg falle bort i nær framtid. (Det er ikkje dermed sagt at dei aktuelle sideformene her vil falle ut av nynorsknormalen) Ei inndeling av kva for ord som er med og ikkje i sunnmørsdialekten, er heller ikkje uproblematisk. Grensene for kva for ord som er i bruk, vil alltid vere i endring, og inndelinga er bygd på mi subjektive oppfatning. Mange av orda i 'ikkje tillatne bokmålsord'



**Figur 6: Kategoriar for utveljing av ord til undersøkinga**

er nok difor også ord som elevane bruker i daglegtalet, sjølv om det ikkje går fram av modellen. Det er også viktig å presisere at modellen ikkje tek sikte på å gi ei forholdsmessig framstilling av talet på ord innan dei ulike felta. Det er klart at områda som overlappar kvarandre mellom til dømes nynorsk- og bokmålsnormalen er langt større enn kva modellen gir inntrykk av. Trass i denne kritikken mot figuren, har eg valt å behalde ho for å få fram ei visuell oversikt og gruppering av inndeling av orda som er med i undersøkinga.

Med 'ikkje tillatne bokmålsord' har eg meint ord som berre er innlemma i bokmålsnormalen. Det vil seie at elevane ikkje har anledning til å skrive desse etter nynorskrettskrivinga. I kategorien for "'bokmålsord" tillatne som sideformer' har eg plassert

ord som tradisjonelt har vore oppfatta som bokmålsord, men som i løpet av dei siste 70 åra har blitt tillatne som sideformer. Elevane har mange av desse i dialekten sin, og det skal difor verte interessant å sjå om dei er bevisste på at dei også kan bruke dei i skrifta. Med 'tillatne "bokmålsord"', har eg meint ord som på ein eller fleire måtar har "bokmålsk" ordlyd. Dette kan både vere ord med nedertyske affiks, til dømes *bevegelse*, eller ord som på andre måtar har ein ortografi som gjer at ordet får ein klang av bokmål, men som likevel er integrert i nynorsknormalen. Sjølv om orda har fått tilnærma affikset til nynorsk ortografi, som *-heit*, har eg også kalla desse for "bokmålsord". Dette har eg gjort fordi desse orda opphavleg har vorte oppfatta som bokmålsord. Under 'nynorskord som er i bruk i dialekten' har eg plassert ord som gjerne vert oppfatta som "munnlege" eller "dialektord", samstundes som dei også er tillatne innan nynorsknormalen, til dømes *korfor*. 'Ikkje-tillatne dialektord' er ord som også elevane har i dialekten, men desse er ikkje tillatne i skrift. Den siste kategorien har eg kalla 'nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten', og her har eg plassert typisk "skriftlege" ord som elevane brukar i skrift, men som dei ikkje har i bruk i daglegtalet sin. Døme på slike ord kan vere *røynda*. Med desse seks ordkategoriane vil eg freiste å gi eit bilde av korleis elevane oppfattar kva som er tillate og ikkje på nynorsk, og korleis dette bildet ser ut i forhold til den kodifiserte nynorsknormalen.

#### 4.1.2 Gyldigheit og pålitelegheit

I arbeidet med ei slik undersøking må ein alltid spørje seg om ein får svar på problemstillinga igjennom dei vala ein har gjort i operasjonaliseringa og metoden, og om dei resultata ein finn er truverdige. Eit mål for dette er omgrepa 'validitet' og 'reliabilitet'. Validitet tyder gyldigheit, og det viser til om slutningane ein trekker ut av resultata, faktisk er gyldige. Det peikar på forholdet mellom teori og empiri, og det er såleis eit mål for graden av samanfall mellom den teoretiske problemstillinga og dei operasjonaliserte spørsmåla i undersøkinga. Dersom desse i stor grad er overlappande, kan ein rekne undersøkinga som gyldig. Reliabiliteten seier noko om pålitelegheita til undersøkinga. Dette gjeld korleis sjølve undersøkinga er gjennomført, korleis målingane er gjort og kor nøyaktig ein er i handsaminga av materialet (Holme & Solvang 1996:153).

Ein kan aldri vere heilt sikker på at informantane har forstått det same som forskaren har meint ut ifrå spørsmåla som vert stilt i ei spørjeundersøking. For å prøve å avdekke misforståingar i undersøkinga, kan ein difor gjennomføre ei 'pilotundersøking' for å teste ut spørsmåla før ein går i gang med sjølve forskinga. Ein slik fortest gjennomførte eg i jula 2007



blant familie og venner. Gjennom denne vesle granskinga gjorde eg meg nokre erfaringar om korleis eg bør gå fram og endringar som burde gjerast i sjølve svararka. Blant anna såg eg at formålet med spørjeskjemaet kom for dårleg fram, slik at informantane vart usikre på kva dei egentleg svarte på og kvifor. Dette har eg seinare retta opp, og eg håper og trur at undersøkinga no står fram som meir eintydig og forståeleg. Samstundes har eg den fordelan at eg er til stades medan elevane skal svare og fylle ut, slik at dei kan spørje om noko framleis skulle vere uklart. Dette er med på å auke pålitelegheita til undersøkinga.

Ein kan ikkje unngå at det vil snike seg inn feilkjelder i ei undersøking som denne, då prosessen består av mange ledd der kvart av dei inneheld kritiske val (op.cit.:153). Gjennom dei tre komponentane i undersøkinga har eg freista å avdekke og hindre feilkjelder på fleire måtar. For det første har eg brukt ord og uttrykk som elevane er kjente med, slik at ukjente faguttrykk ikkje skal skape problem. I spørjeskjemaet har eg stilt liknande spørsmål fleire stadar (spørsmål 2.5 - 2.8 og 2.8 - 3,5/3.6) for å sjå om det er samsvar i svara som elevane har gitt (kryssinga mellom desse spørsmåla er det også renkna signifikants på, sjå vedlegg 24 og 26). Dessutan har eg variert svarforma med både avkryssing, markering på skala og utfylling med eigne meiningar. I retteteksten og ordlista har eg innslag av at akkurat det same ordet går att begge stadar, som *pepper*, og at liknande ord vert repetert, som *Norge/Noreg*. Ved å ta desse grepa, kan eg sjå om det er samsvar i informantane sine tilbakemeldingar.

Meir om handsaming av materialet kjem til slutt i kapittelet.

#### 4.1.3 Kvantitativ undersøking

I denne oppgåva kan både spørjeskjemaet, rettetekstane og ordlista klassifiserast som kvantitative delar av undersøkinga. Den kvantitative metoden bygger på eit undersøkingideal der forskaren objektivt og verdinøytralt observerer informantane. Dette er eit ideal som ein i dag ikkje ser som realistisk, då forskaren alltid vil bere med seg sine eigne førforståingar, haldningar og meiningar inn i forskingsprosessen. Desse kan vere grunna i både utdanningsmessige og andre meir sosiale eller personlege årsaker. Sjølv om ein aldri heilt vil kunne avdekke desse, er det eit mål at forskaren søker å gjere seg bevisst dei haldningane han har før undersøkinga tek til (op.cit.:142–143).

I omgrepet 'kvantitativ' ligg det at det her er snakk om kvantitet, altså mengd. I kvantitative undersøkingar er det derfor ofte ei relativt stor mengd med informantar, der ein freistar å finne trekk eller tendensar på bakgrunn av dette materialet. Den vanlegaste måten å gjennomføre ei kvalitativ undersøking på er å bruke spørjeskjema der informantane kryssar av

på svaralternativ som dei meiner høver best i det aktuelle tilfellet. På dette viset har kvantitativ metode sin styrke i at ein kan rekke over mange med undersøkinga, og dermed kan ein få ei breiare informasjonsmengde av det ein undersøker. Ein søker gjerne å gjere undersøkinga blant eit representativt utval, slik at ein kan seie noko generelt om fenomenet som vert studert. Denne undersøkinga er ikkje gjort etter reglane for eit representativt utval, og ho kan med det heller ikkje ta på seg å vise til meir enn akkurat det desse elevane rapporterer som sine haldningar og kunnskapar.

Kvantitative data vert kjenneteikna med at ein kan oppgi resultata i talverdiar og at ein dermed kan analysere dei matematisk. Dette gjer at ein får data som er klare å vise til, og dei er greie å formulere. På den andre sida har den kvantitative undersøkinga slagside når det gjeld å gå i djupna. Spørjeskjemaet er som regel eit fast oppsett frå forskaren si side, og ein vil derfor stå i fare for å miste data som informantane sit inne med, fordi der ikkje er rom for dei i skjemaet. I lys av dette har eg valt å supplere den kvantitative delen av undersøkinga mi med ein kvalitativ del, slik at eg kan fange opp noko meir av kjennskapet elevane har til breidda i nynorsknormalen.

#### *4.1.4 Kvalitativ undersøking*

Kvalitativ metode bygger på ein tradisjon der ein har færre respondentar og der forskningssituasjonen består i ein samtale eller eit intervju mellom forskar og informant. Forskaren skal prøve å sette seg i informantens situasjon, og sjå på fenomenet frå hans eller hennar synsvinkel. På denne måten kan ein gå meir i djupna i undersøkinga, og få fram eit meir heilskapleg bilde av informantens forståing av fenomenet. Ved bruk av kvalitativ metode ser ein det altså ikkje som eit mål at forskaren står på sidelinja og er så objektiv som mogleg, men heller at ein er ein del av prosessen. Samstundes ligg det innforstått i metodevalet at ein her ikkje er på jakt etter ei overordna sanning, men korleis den aktuelle informanten forstår fenomenet, etter si subjektive forståing (Holme & Solvang 1996:88).

I kvalitative undersøkingar brukar ein ikkje eit fast skjemaoppsett, men heller ein intervjuguide som inneheld punkt samtalen bør komme innom. Forskaren står dermed friare til å gå vidare inn på interessante svar som informantens kjem med, dessutan er det eit mål at informantens sjølv skal styre samtalen så langt som råd (op.cit.:95–96). Data som vert samla inn kan såleis greie ut om fenomenet på ein djupare måte enn kvantitative data. I analysen av kvalitative data har ein eit langt større arbeid framføre seg enn ved kvantitativ metode. Informasjonen som ligg i materialet, er gjerne usystematisk ordna, og det er ikkje alltid slik at

informantane har gitt svar som er lette å samanlikne. Ein må i gang med ein grundig gjennomgang av heile intervjuet for å kunne sjå kva som faktisk vert sagt, og om ein såleis har fått svar på det ein ønskjer å undersøke (op.cit.:131).

I denne oppgåva er det intervjuet med norsklæraren og med dei åtte elevane som kan kallast dei kvalitative elementa i undersøkinga. Desse kjem eg nærare inn på om litt.

## **4.2 Informantane**

### *4.2.1 Utval av informantar*

For å dekke denne problemstillinga måtte eg finne ein skule som ligg i det såkalla 'nynorske kjerneområdet'. I dette omgrepet kan det leggjast kommunar på Vestlandet som har nynorsk som administrasjonsspråk og opplæringsmål i grunnskulen. I praksis vil dette seie heile Sogn og Fjordane, delar av Hordaland og Møre og Romsdal og nokre kommunar i Rogaland (Grepstad 2005a). Då eg sjølv har tilknytning til Møre og Romsdal, og sidan eg difor kjenner denne dialekten, vart dette det naturlege utgangspunktet for min del. Dessutan ønskte eg som sagt at informantane skulle ha vore gjennom opplæring med nynorsk som hovudmål i grunnskulen, og at dei på det aktuelle tidspunktet framleis skulle vere aktive nynorskbrukarar. Samtidig oppfatta eg det som viktig at dei enno var under opplæring i nynorsk, slik at dei også hadde moglegheit til både å vere oppdatert, og at dei til ei viss grad var vane med å reflektere over nynorskrettskrivinga. Dette førte meg fram til at eg bestemte meg for å ha elevar som primærkjelde i undersøkinga. Eg ønskte å bruke informantar i vidaregåande skule fordi dei har mange år med opplæring bak seg, samtidig som dei er gamle nok til at eit bilde av rettskrivinga har begynt å feste seg i minnet deira. Dessutan utgjer dei unge nynorskbrukarane på mange måtar nynorsken si faktiske framtid. Synet som desse elevane har på breidda i nynorskrettskrivinga, vil i stor grad vere det rådande synet til nynorskbrukarane i lang tid framover. Det er derfor særleg interessant å sjå om dei oppfattar normalen som open eller trong, då dette synet vil vere styrande for den faktiske nynorskbruken, samtidig som det også kan få konsekvensar for framtidig opplæring av nye nynorskbrukarar (Omdal 2004:31).

For å avgrense datainnsamlinga såg eg det best å berre ha éin skule med i undersøkinga, og heller sjå på fleire klassar der. På den andre sida ville eg gjerne ha eit samanlikningsgrunnlag der eg kunne sette elevar frå ulike linjer opp mot kvarandre. For å dekke desse kriteria peika Ulstein vidaregåande seg ut som førsteval. Ulstein vidaregåande er ein skule som ligg i ein aktiv nynorskkommune, der nynorsk vert nytta både av

kommuneadministrasjonen og av annonsørar og private i aviser og reklame. Samtidig er skulen ein stor skule med både studiespesialiserande linje og meir yrkesretta fagvalmoglegheiter.

Skulen ligg i kommunesenteret Ulsteinvik, i Ulstein kommune. Kommunen er som sagt ein typisk nynorskkommune, plassert midt i det nynorske kjerneområdet. Skulen er også ein uttalt nynorskskule, der lærarane får beskjed om å bruke nynorsk i undervisninga. Elevane kjem i stor grad frå dei ulike bygdene i kommunen, men også nabokommunane Sande, Herøy og Hareid er representert. Desse fire kommunane utgjør til saman eit stort øysamfunn, der dei ulike øyane er knytt saman med bruer. Ulstein fekk fastlandssamband med Ørsta kommune gjennom undersjøisk tunnel i februar 2008, men øybuarane har altså vore avhengige av ferje fram til dette. Elevane har såleis vakse opp i eit forholdsvis "reint" nynorskmiljø.



**Figur 7: Kart over øyene Hareid, Herøy, Sande og Ulstein (Sunnmørskart 2008)**

I utgangspunktet hadde eg tenkt å gjere undersøkingane mine i to avgangsklassar på vidaregåande fordi desse då ville vere ferdige med den obligatoriske norskundervisninga i utdanninga si. Dessutan ville den nynorsknormalen som desse hadde internalisert, vore deira utgangspunkt for skriving vidare i livet. No viste det seg å vere vanskeleg å få kome til hos avgangsklassene på Ulstein vidaregåande, og i staden for å velje ein ny skule, fann eg det best å heller undersøke om det var mogleg å få gjennomføre undersøkinga på eitt anna klassetrinn. Norsklæraren på vidaregåande kurs 1 var villig til å ta imot meg, og difor vart granskinga gjennomført på dette klassetrinnet. Denne endringa har fått nokre konsekvensar for undersøkinga. På den eine sida er det heilt klart at noko av formålet mitt med valet av avgangselevar fell vekk, sidan dei som no vart med i utvalet, skal halde fram med norskundervisning i to år til. På den andre sida peiker forskning på at elevar på dette alderstrinnet allereie har fastsett det meste av oppfatninga si kring kva som er korrekt og ikkje korrekt i språket, og desse oppfatningane ser ut til å vere vanskelege å endre på i ettertid (Dyvik 2003:34). Dessutan er det eit interessant poeng at desse elevane skal ha dei to siste åra sine med obligatorisk norskundervisning samstundes som Språkrådet arbeider med ei revidering av nynorsknormalen. Det vil seie at idet desse elevane er ferdige med vidaregåande opplæring, og undervisning i nynorsk (bortsett frå dei som vel norsk i fagkrinsen sin vidare), vert den rettskrivinga som dei har fått opplæring i utdatert.

Utvalet er på ingen måte stort nok til å kunne kallast representativt, men det kan like fullt seie noko viktig om korleis desse elevane oppfattar breidda i nynorsknormalen.

#### 4.2.2 Studieretning og elevar

Elevutvalet er såleis henta frå VG 1, og det vil seie at dei går første året i vidaregåande opplæring. Halvparten av utvalet går på såkalla studeiespesialiserande retning, mykje likt den gamle allmennfaglege linja. Den andre halvparten er delt på to ulike yrkesretta linje, service og samferdsel og elektrofag. Elevgruppene har noko ulike utgangspunkt i forhold til mi undersøking. Elevane på studiespesialiserande linje har undervisning både i hovudmål og i sidemål. Dei skal også ha eksamen i begge målformene. Elevane på yrkesfag derimot, har berre undervisning i hovudmålet, og dei skal difor heller ikkje ha eksamen i sidemål. Likevel vert desse elevane også eksponert for bokmål i undervisninga, då mykje av brosjyrar, manualar, reklame og reiseskildringar ofte er skrivne på bokmål.

Den studiespesialiserande klassa vart karakterisert av faglæraren som ei sterk klasse. Ho meinte der var mange elevar med høge ambisjonar, og ho vurderte klassa høgt i forhold til karakterar. Det var ei rimeleg fordeling mellom gutar og jenter i denne klassa. I dei to andre yrkesretta klassene var karaktarsnittet ein god del lavare. Dei var også prega av høgare fråvær og mindre aktive elevar. I elektroklassa var der berre ei jente og resten gutar, medan det i service- og samferdselsklassa var fem jenter og tre gutar. Fordelinga mellom kjønn og kva for studielinje elevane tilhørde, kjem fram av tabellen under. Talet på elevar som også var intervjuet, står i parentes.

	Studiespes.	Service og samf.	Elektrofag	Totalt
Jenter	15 (2)	5 (2)	1	21
Gutar	12 (2)	3	12 (2)	27
Totalt	27	8	13	48

**Tabell 1 Fordeling mellom studielinjer og kjønn i utvalet**

#### 4.2.3 Gjennomføring

Undersøkinga fann stad onsdag 20. og torsdag 21. februar 2008. Eg var då på besøk på Ulstein vidaregåande skule, og eg hadde datainnsamling i to av klassene. Dagane vart delt slik at eg var inne hos den studiespesialiserande klassa på onsdagen, og i elektrofagklassa på torsdagen.

For at opplegget skulle kunne gjennomførast på mest mogleg lik måte i alle klassene, hadde eg laga ein punktvis plan på førehand over korleis gangen i timane skulle vere (sjå vedlegg 4). I begge høva vart eg presentert av læraren først i starten av timen, før eg fekk ordet sjølv. Då det var viktig for meg at elevane skulle få kjennskap til målet med undersøkinga mi, og kva som var deira oppgåve, tok eg meg tid til å forklare kva dei skulle gjere under dei ulike spørsmåla. Eg gjekk gjennom heile heftet før eg delte ut svarpapira, og elevane fekk begynne å krysse av. Medan elevane arbeidde med spørsmåla, gjekk eg rundt i klasserommet og var tilgjengeleg for spørsmål. I begge klassene hadde læraren førebudd ekstra oppgåver for dei som vart tidleg ferdige, slik at det ikkje skulle skape støy når dei første begynte å levere. Nokre var tidleg ferdige, og desse prøvde eg å få til å svare meir utfyllande på dei spørsmåla dei skulle skrive svar på med eigne ord. Heldigvis var ikkje opplegget for stort slik at alle elevane vart ferdige i begge klassene. Elevane rekte opp handa når dei ville levere, og eg gjekk rundt og samla inn svararka. Frå den innsamla bunken sorterte eg ut dei som hadde kryssa av på at dei kunne tenke seg å verte intervjua. Då alle hadde levert, trekte eg ut frå ”ja til intervju”-bunken og avtalte med desse når og kvar intervju skulle finne stad. Før eg gjekk ifrå klassene, takka eg dei for at dei hadde vore med og svart, og klasselæraren fekk posar med sjokolade som vart delte ut. Gjennomføringa av denne delen gjekk stort sett utan store hindringar. Det eg derimot ser i ettertid, er at eg kunne ha vore enda tydelegare i instruksjonen på korleis elevane skulle rette dei to tekstane, og at dette var viktig for oppgåva mi. Det viser seg nemleg at mange har gått gjennom tekstane svært raskt og få av orda har blitt markerte. Denne delen får dermed noko mindre verdi som forskingsresultat enn eg kunne ha ønskt.

I begge klassene fekk eg gjennomføre intervjua same dag som spørjeundersøkinga vart gjort. Dette ser eg som ein fordel fordi spørsmåla framleis var friskt i minnet hos elevane. I begge høva fekk eg tildelt eit grupperom der eg kunne sitte, og så kom elevane dit etter tur. Før eg skrudde på bandopptakaren, fortalde eg kort om kva eg kom til å spørje om og at dei berre måtte ta seg pausar til å tenke på undervegs i intervjuet. Eg sa også at det var heilt greitt å hoppe tilbake om det skulle kome på noko meir å kommentere på eit tidlegare spørsmål, seinare i intervjuet. Samstundes prøvde eg å få fram at det var deira meining eg ville høyre, og at det ikkje var kva dei trudde eg ville høyre, som var interessant. Gangen i intervjuguiden var lagt opp slik at elevane skulle få prate seg varme på spørsmål som stort sett inneheldt bakgrunn og grunngevinga av svara deira i spørjeskjema først, før vi kom inn på spørsmål som kravde djupare refleksjon. Hovudinntrykket frå elevintervju er at elevane var engasjerte i språkspørsmål, og at dei hadde meiningar om språket som dei gjerne ville få fram. Eg er veldig fornøgd med denne delen av undersøkinga, og eg ser fram til å presentere resultatane.

Intervjuet med læraren gjekk føre seg heilt på slutten av den første dagen (onsdag 20. februar). Dette var fint for min del, fordi eg nettopp hadde spurt fire elevar nokolunde dei same spørsmåla, og eg kjente meg difor trygg på intervjusituasjonen. Dessutan hadde ho også vore til stades i klassa og sett spørjeskjemaet, slik at ho var førebudd på temaet, og ho hadde difor sett i gang refleksjon rundt problemstillingane. Sidan ho sjølv har skrivne hovudoppgåve om norsk språk, var ho også lett å få i gang ein samtale med. Spørsmåla som ho fekk, var mykje like dei som elevane fekk, samstundes som dei var vinkla for å få fram lærarperspektivet på nynorsknormalen, og hennar oppfatning av korleis elevane skriv nynorsk.

Som det går fram av planen over, skulle eg også halde undersøkinga mi i service- og samferdselsklassa på vidaregåande kurs 1. Kontaktpersonen min på Ulstein VGS, Liv, hadde avklart dette med kontaktlæraren til klassa, og ho hadde fått bekreftande svar fredag 15. februar. Då eg var klar og skulle til å gå inn i denne klassa fredag morgon, viste det seg at elevane var sendt ut i praksis, og at dei såleis ikkje var mogeleg å få tak i. Etter at vi hadde sett på fleire alternativ, vart det klart at den beste måten å få desse elevane inn i materialet på, var å late Liv gjennomføre spørjeundersøkinga i veka etter. Ho hadde no vore med på opplegget to gonger før, og ho har gjennomført ei liknande språkundersøking i arbeidet med si eiga hovudoppgåve. Det vart difor slik at den påfølgjande tysdagen (26. februar) gjennomførte ho spørjeskjemadelen med klassa, deretter ringde ho meg og las opp nummera på dei som hadde kryssa av på at dei kunne tenke seg å verte intervjuet. Då dette ikkje var fleire enn to, vart det desse to eg ringde til, og intervjuet per telefon onsdag 27. februar. Bunken med spørjeskjema vart sendt til meg tysdag 26. februar.

Det var sjølvstundt leitt at dette hende, og at eg ikkje fekk gjort undersøkinga heilt likt i alle dei tre klassene. Det kan også setjast spørjeteikn ved om situasjonen i den sistnemnde undersøkinga avvik for mykje frå dei andre til at ho kan reknast som fullgod. For å gjere situasjonen så lik som mogleg, sende eg ein e-post i forkant med ei hugseliste til Liv på kva ho skulle seie og kva rekkefølge det skulle vere på opplegget (vedlegg 6). Eg kjenner meg trygg på at dette vart gjennomført på rett vis, sjølv om det heilt klart er lite heldig at eg ikkje var der til stades sjølv.

Når det gjeld telefonintervjuet, var eg særleg spent på korleis det ville late seg gjere. Ein mistar mykje av kommunikasjonsprosessen når ein ikkje ser kvarandre, og i tillegg var dette ukjente elevar som verken kjente meg eller var trygge på situasjon. For å bøte litt på dette, tok eg meg tid til å snakke med kvar av dei ei stund før vi gjekk i gang med sjølve intervjuet. Eg passa på å få fram at dei ikkje kunne svare feil på noko vis, eg var berre opptatt av deira oppfatning kring ulike språklege fenomen. Det var også viktig for meg å få fram at vi hadde

god tid, og om dei følte at dei trong ekstra tid til å tenke, så var det berre å ta seg tid. Medan eg heldt på med intervjuet, følte eg at det gjekk fint og at dei svarte med eigne meiningar på det eg spurte om. I ettertid ser eg at desse intervjuet inneheld nokre fleire ”nei” og ”veit ikkje” enn dei andre, og dette kan sjølvsagt vere på grunn av intervjusituasjonen. På den andre sida kan det også vere at desse elevane ikkje var like sterke i norsk som dei andre, eller at dei berre ikkje var like interesserte i språkspørsmål. I analysen min, må eg må uansett vere open for at desse vart intervjuet under andre forhold i analysen min.

#### *4.2.4 Melding til Datatilsynet*

Sidan denne granskinga ikkje inneheld namn eller andre sensitive opplysningar, kjem ho ikkje inn under krava til spesifikk godkjenning frå Datatilsynet. Undersøkinga er derfor meldt inn til Datatilsynet som melding, og den er registrert der. Krava i § 31 i Personvern-opplysningslova for denne undersøkinga er dermed oppfylde.

### **4.3 Undersøking i fire delar**

#### *4.3.1 Spørjeskjema*

Målet med spørjeskjemaet var at eg skulle kunne danne meg ein bakgrunn for den kjennskapen til nynorsknormalen som elevane viste gjennom rettetekstane og ordlista. Denne bakgrunnen vert gitt av nokre faktaspørsmål om informantane, som for eksempel kvar dialekten deira er henta frå, og oppfatningar kring og meiningar om nynorsknormalen. No er det slik at ein ikkje lett kan avdekke informantane sine haldningar gjennom eit spørjeskjema, og eg kan derfor ikkje legge mykje vekt på dei spørsmåla som tenderer til å vere haldningsundersøkande. På den andre sida kan desse spørsmåla vere med på å gi eit bilde av informantens sitt totale inntrykk av nynorsken som berekraftig skriftspråk, og eg har difor valt å ha dei med. Dessutan vil det vere interessant å sjå om haldningane til nynorsken viser seg å ha konsekvensar for kva kunnskapar informantane faktisk har, slik anna forskning tidlegare har peikt i retning mot (jf. Anderson 2007).


Spørjeskjemaet er delt inn i seks hovuddelar (sjå vedlegg 1). Kvar av desse delane inneheld 1–8 spørsmål, slik at elevane totalt skal krysse av eller fyller ut 24 spørsmål. Til slutt i skjemaet er der eit ope felt der informantane vert oppmoda til å skrive meir utfyllande med sine eigne ord. På denne måten kan spørjeskjemaet også vere med på å fange opp kvalitative data.



Mot slutten av spørjeskjemaet har eg sett opp nokre reine faktaspørsmål om nynorsknormalen. Målet med dette var at elevane etter å ha kryssa av om eigen bruk og erfaringar med nynorsk, skulle ha sett i gang tankane rundt bruk av nynorsk. Meininga var at dei på den måten då var klare for nokre spørsmål om korleis dei oppfatta 'anbehetelse'-ord i nynorsk, og om hovudformer og sideformer i nynorsknormalen. Samstundes var desse spørsmåla meint å vere ein inngang til arbeidet med rettetekstane og ordlista.

#### *4.3.2 Rettetekstar*

På arket som er merka "rettetekstar" (vedlegg 2) har eg skrive ein tekst på konservativt nynorsk og ein på sunnmørsdialekt. Elevane blei bedne om å rette dei to tekstane til det "motsette" av det dei var skrivne på. Det vil seie at elevane skulle markere ord i nynorskteksten som dei meinte ikkje samsvara med dialekten sin, og erstatte desse med ord som var naturlege for dei i daglegtalen. Samstundes skulle desse erstatningane også vere godkjente innan nynorskrettskrivinga. Likeins skulle former som elevane oppfatta som feil i forhold til nynorsk, strykast i teksten som var skriven på dialekt. Her skulle dei erstattast med ord som elevane meinte var godkjent nynorsk. Figuren under viser kva for kategoriar som orda var henta frå.




**Figur 8 Kategoriar for utval av ord i rettetekstane**

Formålet med ei slik undersøking er å sjå kva kjennskap elevane har til korrelasjonen mellom sin eigen dialekt og nynorsknormalen. Det er interessant å sjå om dei kjenner behov for å erstatte mange av orda, eller om dei heller er vane med eit tydleg skilje mellom tale og skrift. Det er ikkje sikkert at elevane er vande med å vurdere nynorskrettskrivinga på denne måten, og eg må difor rekne med at ikkje alt elevane oppgir vil vere like reflektert. Dessutan må eg vere vaken for at elevane kan ha oversett ord som dei kanskje ville ha stroke om dei hadde sett dei. Eg kan derfor ikkje legge stor vekt på det som ikkje er markert.

### 4.3.3 Ordliste

Elevane fekk også utdelt ei ordliste der dei skulle krysse av om dei oppfatta orda i lista som reine nynorskord, ord som både finst i nynorsk og bokmål, ord som berre er tillate på bokmål eller om ordet ikkje var lov å skrive på norsk i det heile (vedlegg 3). Ordkategoriene går att frå rettetekstane, og orda er valt ut for å prøve å dekke eit breitt område av både nynorsknormalen og elevane si dialekt. Figuren under viser på same måte som ved rettetekstane ei oversikt over kva for kategoriar orda var henta ifrå.



Figur 9 Kategoriar for utval av ord i ordlista

Målet med denne oppgåva var å sjå kor trygge elevane kjenner seg i sin eigen skriftnormal, og om dei vidare oppfattar han som smal og lite open for nyord i dialekten, eller om dei på den andre sida oppfattar han som brei og open for nye ord. Avkryssinga i ordlista kan også gi ein peikepinn på elevane sin språknormkunnskap, og det kan vere interessant å samanlikne svara elevane gir, om desse vert ulike.

#### *4.3.4 Intervju*

I forkant av intervjuja hadde eg utarbeidd ein intervjuguide som skulle brukast som retningsgjevande for kva tema samtalen skulle kome innom (vedlegg 7). Intervjuguiden tok først opp punkt frå spørjeskjemaet og rettetekstane, der elevane vart spurte om å utdjupe svara sine og forklare kvifor dei hadde kryssa slik dei hadde gjort. Lenger ut i samtalen, når intervjuobjekta var blitt tryggare i rolla, kom eg inn på tema som har samanheng med deira egne erfaringar og vanskar med nynorsk, og kva dei ville ha gjort om dei kunne ha endra normalen. Intervjuguiden til lærarintervjuet (vedlegg 8) var mykje lik den som elevane vart spurt etter, men der elevane vart spurt om sine egne opplevingar, vart ho spurt om korleis ho trudde elevane oppfatta dei ulike fenomen.

Eg gjennomførte i alt åtte elevintervju og eitt lærarintervju. Dei seks første elevintervjuja og lærarintervjuet fann stad på Ulstein vgs. medan dei to siste elevintervjuja altså vart gjennomført via telefon.

Målet med å supplere undersøkinga med intervju, var å få tak i noko av bakgrunnen til det som elevane hadde kryssa av på. Dessutan fekk eg fram andre sider av elevane sine oppfatningar med å ta med kvalitative spørsmål.

### **4.4 Handsaming av materialet**

#### *4.4.1 Transkripsjon og innskriving*

Heile intervjuja er transkriberte og er lagde ved som vedlegg (vedlegg 9–17). Det vil verte referert til desse i resultat- og analysekapitlet etter egne kodar for klasse og kjønn.

*sts* = studiespesialiserande

*el* = elektrofag

*ss* = service og samferdsel

*g* = gut

*j* = jente

Frå kvar av klassene er det intervjuar to elevar av same kjønn (i den studiespesialiserande klassa gjeld dette for begge kjønn). Intervjuar er difor namngitt med nummer 1 eller 2, i tillegg til kode for klasse og kjønn. Den første guten frå den studiespesialiserande klassa vil derfor ha nemninga: *sts-g1*. Sidan det berre er eitt lærarintervju, vert dette referert til som *lærarintervju*, og det vert forkorta til *L*. Mi stemme som intervjuar vil vere referert til som *P* for Pernille. Elevstemmene i dei seks intervjuar har fått kvar sin bokstav (A–F), dette har eg gjort for å sleppe å skrive heile elevkoden for kvart utsegn. Replikkekslinga i kvart av intervju går dermed mellom meg som *P*, og anten ein elev *A–F*, eller med læraren *L*.

Intervjuar er skrivne ut i ei blanding av normalisert nynorsk og dialekt. Det er dermed ikkje heilt rett å kalle utskrivninga av intervjuar for 'transkripsjon'. Eg har valt denne utskrivingsmåten fordi oppgåva ikkje er ei rein dialektoppgåve, og dermed er ikkje er uttalen av kvart einskild ord det mest vesentlege i denne samanhengen. Ord som ikkje viser tydelege dialekttrekk, men som likevel ikkje er skrivne ortofont, er difor skrivne etter normal ortografi. I dei tilfella der elevane har ein tydeleg uttalemåte som skil seg frå rettskrivinga, og der orda samstundes har tilknytning til ordutvalet i oppgåva, har eg skrivne ut fonologisk, men med normalortografien sine stavemåtar, der det ikkje alltid er direkte samsvar mellom fonem og grafem.

Det innsamla materialet frå spørjeskjemaet, rettetekstane og ordlista er skrivne inn dataprogrammet Microsoft Excel, og det er behandla gjennom funksjonane der.

## 5 Resultat og analyse

---

### 5.1 Innleiing

#### 5.1.1 Oppsett og organisering

Eg har valt å sjå på delane 'resultat' og 'analyse' under eitt. Dette er gjort for at det skal vere greiare å lese og lettare å sjå samanhengen mellom innsamla data og relevant teori. For å gjere framstillinga så oversiktleig som mogleg, har eg utelate meir detaljert stoff om undersøkinga som spørjeskjema, intervjuguide, transkripsjon av intervju, svar på utfyllingsspørsmål og rettingar i denne delen. Desse er lagde ved i vedleggslista, med vedleggsnummer 1–24. Framstillinga bygger på dei to problemstillingane, men for å få eit breiast mogleg innblikk i svara som elevane har gitt, har eg valt å dele kapitlet inn i tre underdelar, før det heile vert samanfatta i ei oppsummering. Den første delen tek sikte på å svare på det første spørsmålet, medan del to og tre saman freistar å svare på det andre spørsmålet. Eg gjentek spørsmåla:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

Resultata er framstilte i diagram som er sette inn i teksten, der dei vert omtalt.

Transkripsjonane frå intervjuet og svar på utfyllingsspørsmåla i spørjeskjema er også å finne som vedlegg. Tilvisinga til dei aktuelle vedlegga står i parentes inne i teksten.

For eit utval av krysstabellane er det rekna ut signifikants. Dette er gjort for å freiste å finne tendensar i materialet til samanhengande variablar, og for å auke reabiliteten i undersøkinga. Signifikantsutrekningane er gjort på bakgrunn av faste formlar, og eg har valt å bruke signifikantsnivå  $\alpha = 0,05$  eller  $\alpha = 0,1$  for tabellane. Dette inneber at ein i utrekninga av signifikantsen tillet ein feilmarginal på anten 5% eller 10%. Utrekningane er lagde ved som vedlegg, og dei har fått namn etter figurnummeret i teksten (for utrekning, formlar og kjikvadrattal jf. Holme & Solvang 1996).

#### 5.1.2 Materialet

I undersøkinga er det totalt 48 elevar som har vore med og svart på heftet med spørjeskjema, rettetekstar og ordliste. Av desse elevane er det 47 som har nynorsk som hovudmål, og det er difor desse 47 som vil vere med i utvalet.

Eleven som hadde bokmål som hovudmål hadde nett flytta til Ulsteinvik, og all tidlegare skulegang hadde ho hatt med bokmål som hovudmål i Bærum kommune. Ho hadde difor ikkje bokmål fordi ho hadde skifta frå nynorsk, men fordi ho hadde hatt bokmål som hovudmål heile skuletida.

Det er i alt 27 elevar som har svart frå den studiespesialiserande klassa, 13 elevar frå elektroklassa og åtte elevar frå service- og samferdselsklassa (sjå tabell nr. 1). Eleven med bokmål som hovudmål tilhøyrrer den studiespesialiserande klassa, og det er difor 26 frå denne klassa som er med i det følgjande. Fordelinga mellom kjønna hos dei som har nynorsk som hovudmål er 26 gutar og 21 jenter.

Alle elevane som er med i materialet snakkar sunnmørsdialekt. Med unntak av to, skriv resten av gruppa at denne dialekten kjem frå Søre Sunnmøre. Det vil seie kommunane sør for Storfjorden, og av desse kommunane var det representantar i materialet frå: Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Av dei to som skreiv at dei snakkar sunnmørsdialekt, skreiv den eine at han kom frå ein nynorskkrins i Ålesund kommune, medan den andre ikkje førte opp nokon heimstadskommune. Eg har valt å sjå desse under eitt, då skilnadene med kommunane rett nord for Storfjorden ikkje er av vesentleg karakter. Det viser seg også i svara frå desse to at dei ikkje opplever at dialekten deira vik noko meir frå skriftnormalen enn dei andre, då begge svarer at dei meiner at dialekten deira er ein mellomting mellom nynorsk og bokmål. Hadde eleven frå Ålesund kome frå ein bokmålskrins, måtte eg ha skilt ut denne eleven frå gruppa fordi det er store dialektskilnadar innan Ålesund kommune, der ytre bydel talar eit tydeleg finare bymål enn folket gjer i dei indre nynorskbygdene.

Sjølv om eg bad elevane fleire gongar å sjå til at dei hadde svara på alle spørsmåla, er det likevel mange stadar at dei har hoppa over spørsmål eller ord i ordlista. Eg vil difor kommentere talet på kor mange som har svart på det aktuelle spørsmålet gjennom resultatframvisinga, der eg ser det relevant.

Ein bør ha i mente i gjennomgangen av resultata av heile denne undersøkinga at elevane ikkje er meir enn 16–17 år gamle, og at dei difor kanskje ikkje har reflektert så mykje rundt språkspørsmål i det heile. På den andre sida er elevane sine tilbakemeldingar eit uttrykk for kva for språklege behov elevar i denne alderen kjenner på i forhold til nynorsknormalen, og difor er dei også viktige. Vi har tidlegare sett at elevar i denne alderen sjeldan ”omlærer” internaliserte former, og elevane sine normkunnskapar på dette tidspunktet kan difor vere avgjerande for framtida deira som nynorskbrukarar.

## 5.2 Oppfatta forhold mellom nynorsknormalen og eige talemål

### 5.2.1 Sambandet mellom dialekt og normal

Det er forska lite på sunnmørsdialekten og korleis orda her høver saman med nynorsknormalen. Det er likevel klart at det er langt i frå eit 1:1 forhold mellom dialekt og språknorm. Vi såg i teoridelen at det ser ut til å finne stad ei regionalisering på Sunnmøre, der Ålesund er drivkrafta (Skjekkeland 2005:26). Og det er klart at dess meir dialekten i Ulstein og nabokommunane nærmar seg bymålet i Ålesund, dess meir vil avstanden til nynorsknormalen auke.

Om det i det heile skal vere noko poeng i å gi elevane opplæring på nynorsk, må det vere fordi at det skal vere lettare for dei å tileigne seg språket gjennom denne målforma. Dette var, som eg har peika på tidlegare, noko av grunngevinga for å utforme normalen i utgangspunktet og det har vore det sterkaste argumentet i kampen for å behalde normalen. Då er det også avgjerande at elevane sjølve opplever at dialekten deira ligg nærare nynorsk enn bokmål. Om det ikkje er slik, hadde elevane kanskje vore betre tente med opplæring på bokmål, sidan dei møter bokmål i dei fleste samanhengar elles. Dessutan er det viktig at elevane oppfattar nynorsk som ”deira” språk, slik at dei internaliserer normalen som deira førstespråk. Dersom elevane kjenner seg meir heime i bokmålsnormalen, hadde det kanskje vore på same måte som over, at ein var best tent med å bruke bokmål i opplæringa. Nynorsknormalen var som sagt meint til å skulle vere bøndene på bygdene sitt eige skriftmål. Dette har vore det grunnleggande argumentet heilt frå byrjinga, og framleis viser det seg at nynorskbrukarane har eit ideologisk standpunkt til sambandet mellom tale og skrift.


### 5.2.2 Elevane si oppleving av nærleiken mellom språknorma og dialekten

Alle elevane i utvalet har valt å halde fram med nynorsk som hovudmål etter ungdomsskulen. I utgangspunktet gir dette ein peikepinn om at dei opplever nynorsk som eit betre alternativ enn bokmål. På den andre sida er det ikkje sikkert at elevane har vore klare over høve dei hadde til å byte målform, og det kan vere at dei ikkje har reflektert over dette valet. Ein av elevane som vart intervjuva fortalde at han ikkje var så interessert i språk, og at det såleis var det same for han (el-g2). Ein annan elev svara at det var greitt å velje nynorsk sidan alle andre hadde valt det (el -1). Desse to svara kan tyde på at det ikkje ligg mykje drøfting bak avgjersla om val av målform. Tre av dei andre som vart intervjuva svara at det var nynorsk som var det mest naturlege valet, sidan dei hadde skrive nynorsk tidlegare i grunnskulen (sps-j1,2 og sps-g1).



Av heile utvalet er det 31 elevar som svara at dei opplever at dialekten deilra ligge nærast nynorsk. Dette tilsvarar 66 %, og det utgjer dermed to tredelar av det samla utvalet. 15 elevar (32 %) meinte at dialekten deira består av ein mellomting mellom bokmål og nynorsk, og ein elev svara at dialekten hans inneheld flest bokmålsord.

Om ein ser på desse resultatane saman med kor viktig elevane meinte at det er å kunne bruke ord frå dialekten i skrift, er det berre elevar frå gruppa som meiner at dialekten deira er mest lik nynorsk, som også meiner at dette sambandet er 'svært viktig'.



Figur 10 Målforma flest ord er henta frå / samsvar mellom dialekt og skrift

Det er likevel berre tre elevar totalt som hevda dette, medan det er 10 frå denne gruppa som kryssa av for 'viktig'. Av dei som meinte at dialekten deira er ein mellomting mellom nynorsk og bokmål, er det seks elevar som også kryssa av på at det er 'viktig' å kunne bruke ord frå dialekten i skrift. Om lag 1/3 av elevane (36 %) svara at dei ikkje har noko mening om dette, og dette kan tyde på at elevane ikkje har reflektert så mykje over denne samanhengen før. På den andre sida indikerer materialet at dei som har gjort seg opp ei mening om saka, meiner at forholdet er 'viktig' då 19 elevar (40 %) til saman har kryssa av for at ein nær korrespondanse mellom skrift og tale er 'viktig' eller 'svært viktig', medan berre seks elevar (13 %) har kryssa av at forholdet er 'uviktig' eller 'heilt uvesentleg'. Ved å teste materialet for samheng mellom variablane, viser utrekningane at ein ikkje kan påvise positiv signifikans i dette høvet. Det vil seie at ein på bakgrunn av denne undersøkinga ikkje kan seie at det er viktigare for

elevane som meiner at nynorsken ligg nær dialekten sin med eit nært samband mellom talemål og skriftnormal (sjå vedlegg 25).

I spørsmål 2.10 i spørjeskjemaet var der ei opning for at elevane skulle kunne kome med kommentarar til dei føregåande spørsmåla. Det er ikkje mange som har nytta seg av denne moglegheita, men der er nokre som har utdjupa forholdet mellom skrift og tale. Ein elev meinte at der er for mange ”rare” ord i nynorsknormalen som er unaturlege for han å skrive. Ein annan elev svarte det heilt motsette, ved å skrive at nynorsken inneheld så mange ”kule” ord at det difor ikkje er viktig at normalen er lik dialekten. Ho vil uansett skrive meir konservativt enn ho snakkar.

I intervju med norsklæraren til desse elevane hevda ho at det i klassene var nokre sterke personar som gjerne ”bestemte” kva for oppfatning og haldning klassa generelt hadde til nynorsk. Hennar konklusjon var at det i den studiespesialiserande gruppa var haldningane langt meir positive til å skrive nynorsk, enn i dei to andre fordi det var dette synet som dei tonegivande gav uttrykk for (L).

Blant svarene frå elevane som vart intervjuet, kom det fram at dei fleste av dei trur at det er lettare å skrive når dialekten ligg nær skriftspråket og at det dermed er viktig. Éin elev påpeikte likevel at det er viktig for henne å skrive korrekt, slik at ho ikkje vil velje dialektnære former om dei ikkje er tillatne. Læraren framheva i intervjuet vanskaner elevane har med å skrive nynorsk fordi det er så mykje likt dialekten, samstundes som dei ikkje kan stole blindt på korrespondansen mellom talespråk og skrift:

P: Oppléver du det som viktig at skriftspråket samsvarar med dialekten deira?

L: (...) Det er både og. Det kan gjere det vanskelig fordi at mykje av det dei seier kan dei skrive omtrent slik som dialekten er, men så er det ein del ord dei ikkje kan skrive, slik som dialekten er. Og eg kan ikkje seie i alle tilfelle at, berre skriv slik som du snakkar, lytt etter på dialekten din. For i ikkje så reint få tilfelle blir det feil. For eksempel så skriv 70 % feil, dei skriv *meinar* fordi dei seier */ej meina/* og då kan dei ikkje stole på det dei sjølv seier. Så det er både og. Eg har ikkje noko betre svar på det, trur eg. (L)

Som vi ser, peika ho på det same problemet som Trude Hoel påviste i sin studie, nemleg at det tette bandet mellom tale og skrift i norsk rettskriving ikkje berre er eit gode for elevane fordi dei gjerne overgeneraliserer sambandet mellom tale og skrift. Seinare i intervjuet, då ho fekk spørsmål om kva ho ser som den største utfordringa for nynorskelevane, kjem ho inn på det same: ”Det er å skilje dialekt og nynorsk (...) Det er først og fremst dialektord som kjem inn i nynorsken” (L).

Då fleirtalet av elevane meinte at dialekten deira ligg nærast nynorsknormalen, og læraren har observert mykje samanblanding mellom dialektord og nynorskord, kan dette tyde på at elevane har internalisert ein nynorsknormal som ligg tettare opp til dialekten, enn det som den kodifiserte normalen gjer.

### 5.2.3 Kjensla av å ha ei målform som fungerer

Under spørsmål 2.6 i spørjeskjemaet skulle elevane krysse av for kva for målform dei vel i ulike samanhengar. Målsetjinga med dette var todelt. For det første er det interessant å sjå i kva for samanhengar elevane bruker nynorsk fordi det seier noko om og korleis dei opplever nynorsken som relevant i kvardagen. Dette kan vidare ha noko å seie for elevane si generelle haldning til nynorsk. For det andre er det interessant å sjå kor mykje elevane bruker nynorsk utanom skulekvardagen fordi det kan ha innverknad på kva for målform dei kjem til å velje som vaksne. Dessutan svara læraren deira i lærarintervjuet at ho mistenker elevane for å skrive dialekt i dei fleste samanhengar utanom skulen. Dette er også relevant å sjå på, fordi det kan forklare noko av samanblandinga mellom dialektformer og tillatne former.

Studiespesialiserande	nynorsk	bokmål	dialekt	ikkje svart
e-post til venner og kjente	88 %	0 %	12 %	0 %
e-post til ukjente	62 %	31 %	4 %	4 %
SMS til venner og kjente	8 %	0 %	92 %	0 %
SMS til ukjente	69 %	8 %	23 %	0 %
personlege brev eller helsingar	77 %	0 %	23 %	0 %
beskjedar, huskelister, handlelister o.l	31 %	0 %	69 %	0 %
formelle brev	88 %	12 %	0 %	0 %
tekstar i skulesamheng der du kan velje	85 %	12 %	4 %	0 %

Tabell 2 Studiespes. og val av målform i ulike samanhengar

Elektrofag	nynorsk	bokmål	dialekt	ikkje svart
e-post til venner og kjente	8 %	0 %	92 %	0 %
e-post til ukjente	38 %	46 %	15 %	0 %
SMS til venner og kjente	0 %	0 %	100 %	0 %
SMS til ukjente	23 %	31 %	46 %	0 %
personlege brev eller helsingar	62 %	15 %	23 %	0 %
beskjedar, huskelister, handlelister o.l	15 %	0 %	85 %	0 %
formelle brev	85 %	15 %	0 %	0 %
tekstar i skulesamheng der du kan velje	77 %	23 %	0 %	0 %

Tabell 3 Elektrofag og val av målform i ulike samanhengar

Service og samferdsel	nynorsk	bokmål	dialekt	ikkje svart
e-post til venner og kjente	13 %	0 %	75 %	13 %
e-post til ukjente	25 %	63 %	0 %	13 %
SMS til venner og kjente	13 %	0 %	75 %	13 %
SMS til ukjente	25 %	25 %	38 %	13 %
personlege brev eller helsingar	63 %	13 %	13 %	13 %
beskjedar, huskelister, handlelister o.l	25 %	13 %	50 %	13 %
formelle brev	75 %	0 %	0 %	25 %
tekstar i skulesamanheng der du kan velje	63 %	25 %	0 %	13 %

**Tabell 4 Service og samferdselslinja og val av målform i ulike samanhengar**

Datamaterialet ser ut til å vise tendensar til at elevane på studiespesialiserande studieretning vel å skrive nynorsk framfor dialekt i større grad enn elevane på dei yrkesretta linjene. Det er gjennomgåande for alle dei ulike samanhengane, at dei studiespesialiserande elevane har høgare prosenttal for nynorsk enn dei to andre klassene. Elevar frå elektro- og service og samferdselslinja ser ut til å ha lettare for å velje bokmål i høve der dei ikkje kjenner mottakaren, medan begge desse gruppene ser ut til å vegre seg mot å skrive bokmål i personlege samanhengar.

Situasjonen der dei aller fleste ser ut til å velje nynorsk, er i personlege brev eller helsingar, der heile 70 % av elevane svara at dei vil skrive nynorsk. Skrivning av personlege brev skjer oftast i ein samanheng utanfor skulen, og elevane kan velje målforma fritt. Eit så høgt tal seier kanskje noko om at elevane oppfattar nynorsk som eit språk som det er greitt å uttrykke tankar og kjensler på, og dette er viktig i høve til om elevane vil halde fram med å skrive nynorsk.

Mistanken som læraren ytra om at elevane bruker mykje dialekt i skrifta si, ser ut til å vise att i materialet. Dette er særleg gjennomgåande i dei høva elevane skriv personlege beskjedar, og materialet er tydelegast ved bruk av SMS, der heile 92 % av informantane svara at dei bruker dialekt når dei skriv på mobiltelefonen til venner og kjente. Det er interessant å sjå at dialektbruken også breier seg til situasjonar der elevane ikkje kjenner mottakaren, og også her er det ved bruk av mobiltelefon at materialet viser høgast utslag. 32 % av elevane kryssa av for at dei skriv dialekt på SMS til ukjente. Det er likevel klart at elevane har internalisert ei grense for kvar dei bruker dialekt i skrift, då ingen av dei spurte svara at dei bruker dialekt i formelle brev. Ein elev svara at han vel å skrive dialekt i skulesamanhengar der han kan velje, men elles er det tydeleg at dei fleste oppfattar skulen som arena for normert skriftspråk. Det er klart at når elevane bruker så mykje dialektfarga språk på e-post og SMS, kan det ikkje berre vere lett å halde seg til det normerte språket på skulen og i formelle

samanhengar. Det er difor ikkje vanskeleg å tru læraren deira når ho seier at der er mykje samanblanding mellom dialektformer og normert språk i elevane sine tekstar. Dette kjem eg tilbake til under omtalen av kor sikre elevane kjenner seg i nynorskrettskrivinga.

Elevane vart bedne om å svare på kvifor dei nytta ulike målformer i ulike situasjonar i spørsmål 2.7 i spørjeskjemaet. Svara som elevane har gitt, viser til at det ofte er sosiolingvistiske årsaker som ligg bak. Dei endrar skrifta si alt etter kven dei skriv til. Nokre meiner at dei skriv tilbake på den målforma dei vert tilskrivne på, og at dei såleis sjonglerer mellom nynorsk, bokmål og dialekt. Andre rapporterer at dei skriv bokmål for at mottakaren skal forstå dei betre. Mange opplyser at dei kjenner det meir naturleg å bruke dialekt i personlege samanhengar, og at det går fortare når dei kan skrive på dialekt utan å tenke på rettskriving. Berre ein elev svara at han bruker nynorsk i alle samhengane. Dette kan tyde på at fleirtalet av elevane ikkje kjenner at nynorsken dekkjer fullstendig dei behova dei har for å uttrykke seg i norsk skriftspråkssamanheng eller at dei kjenner det naturleg å operere med fleire skriftspråksvarietetar. Samstundes viser resultatane klart at desse ungdommane har lagt seg til ein vane med å skrive dialekt i mange høve (sjå vedlegg nr. 18). Dei intervjuar elevane svara også at dei vel å skrive dialekt i mange tilfelle, men dei var tydelege på at dialektfarga skrift ikkje var fint. Det ser såleis ut til at elevane sin internaliserte nynorsknormal skil mellom dialektskrift på den eine sida, og 'rein' nynorsk på den andre sida.

12 % av elevane frå studiespesialisering og 24 % av elevane frå yrkesfaga sa at dei helst vil skrive bokmål på skulen i situasjonar der dei kan velje. Elevane forklarar sjølve noko av bakgrunnen til dette i spørsmål 3.1–3.4 i spørjeskjemaet, der dei vart oppmoda til å greie ut om kva som var lett og kva som var vanskeleg med å skrive på kvar av målformene. Heile 68 % av elevane skreiv svar som gjekk på at bokmål er lett å skrive fordi dei møter det rundt seg på alle kantar. Andre oppfatningar var at bokmål har ein lettare grammatikk, og at orda kan skrivast meir slik ein seier dei på bokmål. Også læraren deira meinte at elevane ved Ulsteinvik vgs. skriv "veldig rett bokmål" (L). Det er tydeleg at bokmålpåverknaden frå media er massiv og intens, og at nynorsken her har store utfordringar. På spørsmål om kva som er vanskeleg med å skrive nynorsk, svara 55 % av elevane at det har med ordtilfanget å gjere. Dei hevda at det er vanskeleg å halde greie på kva som er lov, eller at orda ein har i dialekten vik frå det ein har lov å bruke i skrift (sjå vedlegg 23 og 24). Her er vi inne i kjernen av normeringsproblematikken. Svara frå elevane går rett inn i argumenta frå innleiinga om breie og tronge skriftspråksnormalar. På den eine sida er normalen så brei at det ikkje er mogleg å halde oversyn med kva som er tillate og ikkje, og på den andre sida er distansen mellom dialekt og nynorsknormal så stor at elevane må lære inn kva for ord og former som er tillatne.

Av intervjua er det tydeleg at meiningane er delte kring bruksverdien til nynorsk. Eleven nr. ss-j2 svara at ho vel å bruke bokmål i mange samanhengar fordi ho opplever at forma er lettare i bokmål. På den andre sida svara fire av dei intervjua elevane at dei ikkje vil velje å skrive bokmål i nokon av dei nemnde samanhengane. Grunngevinga deira er at det er nynorsk som er språket deira, og at det difor ikkje er naturleg å skrive bokmål. Elev nr. sts-g1 svara slik på spørsmål om kvifor han berre skriv nynorsk: ”Fordi eg skriv nynorsk, og det er språket mitt. Det er ikkje maks å skrive bokmål, for å seie det sånn.” Det er interessant at dette også gjeld elevar på yrkesfagleg linje. Elev sts-g2 presiserte at dialekt kan brukast i uformelle samanhengar som MSN, e-post og SMS fordi det då ikkje er så nøye om språket er korrekt.


Det er interessant og kanskje litt overraskande å sjå at elevane vel å skrive nynorsk i så mange tilfelle som dei faktisk gjer. Dette er med på å stadfeste at dei har internalisert ein nynorsknormal som dei opplever som gangbar i ulike samanhengar, både privat og formelt. Det er kanskje urovekkande for nynorsken si stilling på Søre Sunnmøre at så mange vil velje å skrive bokmål på skulen om dei kunne, og særleg det høge talet hos elevane på dei yrkesretta linjene. Dette heng mest sannsynleg saman med at desse elevane les mykje bokmål også i skulesamheng, i samband med reklame, annonsar og instruksjonar. Elevane på dei to yrekslinjene har også eit noko dårlegare gjennomsnittskaraktar i hovudmålet (3,8 for yrkesfag og 4,4 for studiespesialiserande<sup>1</sup>). Mykje kan tyde på at yrkeselevane ikkje kjenner seg like trygge i nynorsk som elevane på den studiespesialiserande linja, og at dei difor opplever bokmål som eit meir relevant alternativ. På den andre sida er det elevane som har valt studiespesialiserande linje som mest sannsynleg vil arbeide med teoretiske yrke i framtida, og i denne gruppa vil svært mange helst velje nynorsk. Av dei elevane som vart intervjua, sa alle så nær som ein at dei vil halde fram med å skrive nynorsk som vaksne. To av dei kjem med atterhald om dei i jobbsamheng vil vere nøydde til å byte, då vil dei heller vere lojale mot arbeidsgjevar. Ein kan uansett ikkje støtte opp om Bungum & Sirnes sin konklusjon på bakgrunn av denne granskinga. Dei hevda å finne at ”nynorskelevar svikta si eiga målform” (Bungum & Sirnes 2007), men eit liknande resultat kjem ikkje klart fram i dette høvet.

---

<sup>1</sup> Elevane si rapportering om karakter må lesast med ein viss distanse. Læraren deira såg igjennom ein del av svara og ho kunne fortelje at karaktarsnittet truleg ligg ein del lågare enn det elevane har svara.

### 5.2.4 Synet elevane har på nynorsk- og bokmålsnormalane i høve til ulike variablar

Om nynorsken skal halde seg oppe også i framtida, er det viktig at elevane har internalisert eit ordtilfang som er oppdatert i forhold til gjeldande rettskrivingsnorm. Det er klart at nynorsken ikkje kan overleve om han berre blir tatt for å vere eit vakkert ”poesispråk” som ikkje inneheld dei orda moderne menneske treng for å kommunisere. Eg ser det difor som relevant å sjå korleis elevane karakteriserer målforma, enten dei meiner ho er gammaldags, litt gammaldags, nøytral, moderne eller trendy.



Figur 11 Elevane sitt rapporterte syn på nynorsknormalen

Ein kan sjølvstund ikkje legge for mykje i det som elevane har svart på dette enkle spørsmålet, men det kan vere med å gi ein peikepinn på kvar den generelle haldninga ligg.

I teoridelen såg vi at tidlegare forskning ser ut til å peike i retning av at dei som har positive haldningar til nynorsk, også meistrar normalen betre enn dei som ikkje har like positive haldningar. Datamaterialet i denne undersøkinga kan sjå ut til å underbyggje dette. Av gruppa med elevar frå studiespesialisierende studieretning svara 27 % at dei meiner nynorsk er 'moderne' eller 'trendy', prosenttalet for same kategoriar frå elevane på yrkesfag er 14 %. Elevane på yrkesfag rapporterte i høgare grad at dei verken ser på nynorsk som særleg gammalmodig eller nyorientert, då heile 52 % kryssa 'nøytral'. Av elevane på studiespesialisierende er det færre (38 %) som hevda det same. Det er kanskje spesielt at det er så mange i klassa frå den studiespesialisierende linja som kryssa av for at nynorsk er 'gammaldags' eller 'litt gammaldags', då læraren deira karakteriserte klassa som tydeleg nynorskvenleg. Ved å samanlikne haldning og karakter i denne gruppa, er det flest elevar med karakteren 4 som ser på nynorsk som gammal. Eg har dermed ikkje grunnlag for å konkludere

med at det er dei svakaste elevane i den studiespesialiserande klassa som ser på nynorsk som gammaldags.

I elevintervjua vart elevane bedne om å seie kva dei oppfatta som god og fin nynorsk. Ein elev frå den studiespesialiserande klassa meinte at ”det finst ikkje stygg nynorsk (...). Ein skal få ein skikkeleg gammaldagsfølelse” (sts-j1). Eleven viste her at ho ser det som positivt at nynorsknormalen held på noko av purismen og konservatismen i forhold til opptak av nye ord, slik at han framstår som noko gammaldags. Også ein annan elev hevda at det er ”kult” med ord som ’kjarleik’, ’røyndom’ og ’lagnad’ (sts-j2). Det er påfallande også i dei andre elevintervjua at elevane ikkje liker nynorsk som ligg tett opp til bokmål. Elev nr. sts-g1 svara slik på spørsmålet om kva som er fin og god nynorsk: ”Mmm, sånn konservativ, eller ikkje altfor konservativ (...) Men ikkje berre nye ord. Det liker eg ikkje”. Han viser såleis ei noko anna haldning enn dei to første, men det er framleis tydeleg at det konservative språket vert rekna for å vere positivt av desse elevane. Vidare vart det sagt at nynorsken ikkje må vere ”utvatna” (sts-g2), og at det må vere ein balanse mellom nytt og gammalt språk, ved å ”ikkje [bruke] for mykje dialektord” (el-g1). Dette indikerer at skalaen som eg brukte i spørjeskjemaet, ikkje kan knytast direkte til positiv og negativ haldning til nynorsk. Det ser ut til at elevane meiner at nynorsken skal lyde annleis – og framstå som meir markert – enn bokmål, og det i ei meir konservativ (gammaldags) retning. Dette kan kanskje forklare noko av kvifor eg ikkje kunne finne nokon samanheng med mindre god karakter i hovudmålet og eit syn på nynorsk som gammaldags eller litt gammaldags.

Når vi samanliknar elevane sitt syn på bokmål og nynorsk, ser det ut til å vere ein overordna tendens til at elevane meiner at bokmål er meir moderne og trendy enn nynorsk. Elev sts -g2 forklarar samanhengen slik: ”Det er ingen som skriv nynorsk for å vere kul, eller... det er nesten det ein skriv for å ikkje vere kul (...).” 32 % av elevane svara at bokmål er trendy eller moderne, medan 21 % kryssa det same om nynorsk. I den andre enden av skalaen ser mønsteret ut til å peike i same retning då 34 % av den samla elevgruppa svara at nynorsk er gammaldags eller litt gammaldags, medan berre 9 % har det same synet på bokmål. Det er interessant å sjå at ingen av dei som meinte at nynorsk er ’gammaldags’ eller ’litt gammaldags’, har den same oppfatninga om bokmål. Dei svara heller at bokmål er ’nøytralt’ eller ’moderne’. I lys av det vi såg over, kan det vere at dette nettopp er eit uttrykk for at dei meiner at bokmål ikkje er like fint, eller at det ikkje har den same verdien for desse elevane. Av dei som svara at bokmål er ’gammaldags’ eller ’litt gammaldags’, meinte to elevar at nynorsk på den andre sida er ’moderne’ og to elevar meinte at nynorsk er ’trendy’. Det kan ha samanheng med at syntaksen i nynorsk ligg nærare talemålet enn det ein spesielt kan finne i kansellistilprega



bokmål. Kanskje opplever elevane derfor at det kjennest som om nynorsk er meir moderne. På den andre sida kan dette også vere eit forsøk på å lyfte fram nynorsken som det positive, og at elevane difor har ville karakterisert bokmål som avleggs eller negativt.

Tidlegare forskning har peika i retning av at nynorskbrukarane har eit meir medvite og ideologisk forhold til skriftnormalen enn bokmålsbrukarane. Fleire av elevane som vart intervjuet, viser teikn på liknande haldningar. På spørsmål om kvifor nynorsk er trendy svara elev sts-j1 slik:

A: Hehe, ehm. Nynorsk er ufattelig tøft. Det er eit språk for seg sjølv. Og er litt fan av det gamle og det norrøne og sånn og det er likt med det gamle språket. Og det er tøft, der er mange tøffe ord, skilnad –eit godt eksempel.

På same spørsmål hadde elev sts-j2 dette svaret:

B: Fordi eg trur sjølv at om folk er bevisst på det så kan ein gjere det til at det blir meir trendy. Det er jo fleire som brukar det gjennom marknadsføring og sånn, og folk har blitt meir bevisste på at det skal verte meir trendsetting med nynorsk etter kvart, kanskje. Eg har i alle fall forhåpningar om det. Så det kan vere, eller eg trur ikkje akkurat at det er gammaldags, det er jo like kult å skrive skikkelig nynorsk enn berre vanlig bokmål.

Begge desse jentene kjem frå den studiespesialiserande klassa, der altså læraren meinte å finne ei generell positiv haldning til nynorsk. Elev sts-j2 karakteriserte også seg sjølv som ein ”veldig bevisst nynorskbrukar”, og ho er ein av dei som valte å skrive nynorsk i alle samanhengane i spørjeskjemaet. Fleire av elevane framheva også eit eigeidomsforhold til nynorsken. Mellom anna svara same elev som over (sts-j2) at nynorsk er ein del av identiteten hennar og at nynorsken såleis ligg henne veldig nær. Elev sts-g1 omtalar nynorsk som ”språket mitt”, og elev sts-g2 hevda at nynorsken er ein del av arven og opphavet som han ber med seg. Han samanlikna forholdet til nynorsken med forholdet til dialekten sin.

Dei aller fleste elevane ser på begge skriftnormalane som anten gammaldagse, litt gammaldagse eller nøytrale. Dette kan vere eit uttrykk for ein generell observasjon om at skriftspråket verkar konservativt i høve til talen. I teoridelen såg vi korleis dette forholdet må vere slik fordi talemålet alltid vil vere i raskare utvikling, og at skrifter såleis må komme etter, når nye ord har sett seg i språket. Det er kanskje overraskande at ikkje fleire ser på nynorsk som gammaldags, då språkpolitikken vel har følgt ei meir konservativ linje på nynorsksida enn på bokmålssida. Dette kan kanskje henge saman med at elevane i utvalet er fornøgdde med å ha nynorsk som hovudmål, ettersom heilte utvalet har valt å fortsette med nynorsk som hovudmål i vidaregåande. 11 av dei 14 elevane som skreiv at nynorsk er ’moderne’ eller ’trendy’ kjem frå den studiespesialiserande klassa. Om vi ser dette i lys av læraren deira sin observasjon om at

det i denne klassa er mange bevisste nynorskbrukarar (L), kan dette kanskje setjast i samband med at elevane gjerne vil framheve nynorsken som noko positivt. Dessutan såg vi over at nokre av elevane ser på det gammaldagse ved normalen som positivt, og at dei som har kryssa av for dei meiner nynorsken framstår som 'gammaldags' eller 'litt gammaldags', kanskje ser dette som eit gode. Dei fleste som har kryssa av for at dei ser på nynorsk som 'gammaldags' eller 'litt gammaldags' går på yrkesfag, og ser vi dette vi samanheng med at 24 % av desse helst vel å skrive bokmål om dei kan velje på skulen, så er det vanskeleg å vite om dei har meint at 'gammaldags' i denne samanhengen også har eit negativt innhald eller ikkje. I høve til dette spørsmålet må eg ta noko sjølvkritikk fordi det viser seg at spørsmålet ikkje var så eintydig som eg trudde.

### *5.2.5 Elevane si meining om kva som kan gjerast for å betre tilhøva til nynorsken*

Frå utfyllingsoppgåvene i spørjeskjemaet om kva som er lett og kva som er vanskeleg med å skrive nynorsk og bokmål, såg vi over at svært mange peika på bokmålet si dominerande stilling i den totale tekstmengda på norsk. Bokmål vert oppfatta av mange som lettare å skrive enn nynorsk fordi dei får inn enorme tekstmengder på bokmål kvar dag. I teoridelen såg vi på korleis Vikør (2002:108) peika på dette som både noko av fordelane, men også noko av hindringane for vidare utvikling av nynorsken. På den eine sida ligg nynorsk så nær bokmål at alle som kan bokmål også kan forstå nynorsk, dette gir nynorsk eit stort nedslagsfelt. På den andre sida gjer det nære sambandet det vanskeleg for nynorsken å hevde sin eigen rett då bokmålet har fått ein leiande posisjon.

Elevane som vart intervjua vart oppmoda til å komme med forslag til kva som kan gjerast for at nynorsk kan oppfattast som lettare å lære og lettare å skrive. Det er interessant å sjå at elevane har tydelege meiningar og konkrete løysingar for å gjere nynorsken meir kjent.

Elev sts-j2 svara slik:

P: Er det noko du meiner kunne ha vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære?

B: Det går an å vise folk at du ikkje alltid treng å skrive dei vanskelige orda. Du kan på ein måte gjere det om til at det liknar, eller vise kor likt det er vår eiga dialekt i forhold til kanskje bokmål. Slik at folk ser at det er mykje lettare å skrive nynorsk. At ein vert meir bevisst på at det er lett å skrive nynorsk. Og at meir media og bøker og sånn vart på nynorsk, for då hadde ein lært nynorsk mykje fortare enn ein gjer no, for no er det bokmål overalt.

På same spørsmål har elev sts-j1 eit noko liknande svar:

A: Kanskje visst det blei ført inn i livet til ungdommane og ungar på andre vis? For eksempel å sette inn, at det var teksta på nynorsk i program for eksempel, at ein oversette meir til nynorsk. For folk føl automatisk med på dei tekstane, også nynorsken like mykje som bokmålet.

Vi ser at begge desse jentene har ei oppfating av at bokmålet dominerer for mykje i media, og at ein difor burde sette i verk tiltak for å auke tekstmengda med nynorsk, til dømes ved å omsette filmar til nynorsk. Dette er praktiske tiltak som heilt klart er moglege å få til for å betre høva til nynorsken.

Andre elevar kom med forslag som gjekk meir på det haldningsmessige i forhold til nynorsken. Elev sts-g2 hadde denne løysinga:

D: Nei, det er nå ikkje så vanskelig da, det kunne kanskje vør å begynne med å forklare folk at det ikkje er så vanskelig som det ser ut til, og at det er ikkje så tåpelig, sjølv om det kan virke veldig rart visst ein ser sånn veldig konservativ nynorsk som kan ver vanskelig å forstå. Men det er vel det å berre å lære reglane og på ein måte øke forståelsen for det er det vel aller verst da, men stort sett så er det nå forståelig.

I dette svaret ser vi ikkje at eleven kom med noko konkret handlingsforslag. Forslaget går meir på det haldningsmessige forhold til nynorsk, og at det må kome fram at nynorsk ikkje treng å vere ”vanskelig” eller ”tåpelig”. Elev ss-j1 viste meir handlekraft, og med sitt svar gir ho enda til normeringsmyndigheitene eit konkret forslag til føringar for endringar i nynorsknormalen:

G: Altså, på ein måte så føler eg at det ikkje er nokon som snakkar slik som nynorsken e da. Så det kunne sikkert vore gjort litt meir, ja ka skal eg sei da. Gjort den litt meir lik sånn som folk prata. Ikkje heilt sånn, eg veit ikkje heilt korsen eg skal forklare det, men eg føler at det ikkje er nokon som pratar den nynorsken som blir skreve, og då føler eg at det blir litt rart å skulle skrive det også.

Ho argumenterer her for å normere nynorsken nærare talemålet, slik at han kan verte meir lik slik som folk snakkar. Ho uttrykker at avstanden mellom skrifta og talen er unaturleg stor, og ho skulle såleis sett at avstanden vart korta inn. Den same eleven sa tidlegare i intervjuet at ho ikkje har lært seg noko system på kva for ord som er tillate innan nynorskrettskrvinga, og at ho bruker mykje dialekt i det ho skriv. Ho meinte også at ho synest det er heilt greitt at folk skriv dialekt. Hennar utsegn om å normere skrifta etter talen vert såleis eit uttrykk for eit behov ho kjenner på i høve til normalen, nemleg ein opnare normal der truleg fleire av hennar dialektord er tillatne.

Då læraren fekk det same spørsmålet, svara ho det motsette av eleven over. Ho meiner å sjå at elevane slit med den breie normalen fordi grensene for kva som er tillate og ikkje, er vanskelege å finne. Ho svara slik på det same spørsmålet som elevane over fekk: ”Eg er ikkje sikker på om breidda er av det gode. Nei, det er eg ikkje sikker på.” (L) På den måten stiller ho

seg i same rekke som mange andre språkfolk, som også har peikt på vanskane med dei breie normalane. I teoridelen såg vi på korleis Nygård (2003:61) uttala at dei breie normalane berre er for språkeksperter, og at ein difor overlet avansert ekspertarbeid til vanlege språkbrukarar ved å halde på breidda i normalane.

Også ein av elevane etterlyste trongare normalar. Ho gav uttrykk for at dei mange reformeringane av nynorsknormalen har innlemma for mange bokmålsord:

P: Korfor skriv du at du er einig i at vi har stor valfridom i nynorsk?

B: Fordi eg synst at det er ein del bokmålsord som ikkje høyrer heime i nynorsken. Altså ord som er lov å skrive på nynorsk, eg kjem ikkje på nokre akkurat no, men det er ein del ting eg har reagert på visst eg har lest også så ser eg at oj, ditte passa ikkje inn her i det heile tatt. Korfor har dei lov til å skrive det? Slik som ”skole” og da, i staden for då. Det har eg reagert på sida 2. klassa trur eg. (sts-j2).

Det at ho meinte at ho har reagert på ord med bokmålsk ordlyd heilt frå 2. klasse, er interessant. Ein kan kanskje ikkje ta dette heilt bokstavleg, men det indikerer likevel at ho har ei oppfatning av at ho tidleg hadde ei kjensle for kva som er god og rett nynorsk. Det er tydeleg at ho reknar nynorsk som sitt første språk, og at ho ikkje set pris på innlemming av ord som ho meiner ”ikkje høyrer heime”.

Diskusjonen om tronge eller breie skriftspråksnormalar vil nok fortsette inn i framtida, også etter at Språkrådet er ferdig med revideringa av nynorsknormalen. Debatten kring spørsmålet om dette er eit gode eller ikkje for elevane, og om breidda senkar eller hever terskelen inn til nynorsken, gir ikkje eintydige svar, og ein kan difor heller ikkje vente brei semje blant språkbrukarane i spørsmålet. For dette materialet sin del er det interessant at begge syna vert representerte berre i det vesle utvalet, og at det vert gitt grunngevingar for meiningane i begge retningar. Dette kan vere med å vise korleis ulike syn på språket er til stades i alle lag av folket, og at også ”lekfolk” har meiningar om språk, slik Skyum-Nilsen (Vikør 2007:125) har påpeikt. Det er også spennande å sjå at elevane både kjem med konkrete og meir abstrakte tiltak for å auke tilfanget av nynorsk i samfunnet, og at dei såleis viser at dei er opptekne av å bevare nynorsken som berekraftig skriftspråk. Dette kan vere med å seie noko om deira ideologiske forhold til hovudmålet sitt.


Vi har tidlegare sett at Kultur- og kyrkjedepartementet har gått inn for å støtte Språkrådet i deira vedtekne mål for revideringa av nynorsknormalen. Det ser såleis ut til at det rådande synet frå politisk hald er at nynorsknormalen er for brei, og at det vidare vil vere til hjelp for språkbrukarane om valfridommen vert smalna inn. Vi skal sjå i det følgjande om dei

praktiske delane av denne undersøkinga også kan vere med å gi innspel til debatten om tronge eller breie skriftspråksnormalar og til Språkrådet sine revideringsmål.

### 5.3 Forholdet mellom den kodifiserte normalen og den internaliserte normalen


#### 5.3.1 Oppfatta kjennskap til norma

Alle elevane i utvalet har som sagt nynorsk som hovudmål. På spørsmål 2.8 i spørjeskjemaet skulle elevane krysse av på den målforma dei opplever som lettast å skrive.




Figur 12 Det er lettast for meg å skrive

66 % av den samla elevgruppa svara at det er lettast for dei å skrive nynorsk. Jamvel om heile utvalet har nynorsk som hovudmål, svara altså nesten 1/3 (to elevar har ikkje svart) at dei meiner at bokmål er lettare for dei å skrive enn nynorsk. Dette spørsmålet ligg nær spørsmål 2.5 "Eg får flest feil når eg skriv", og det kan vere interessant å sjå korleis elevane har svart der



Figur 13 Eg får flest feil når eg skriv

i forhold til målforma dei meiner er lettast å skrive. 55 % av elevane har svart at dei får flest feil når dei skriv bokmål. Dette prosenttalet kan ein sjå i samband med dei 66 % som svara at nynorsk er lettast for dei å skrive. 29 % kryssa av for at bokmål er lettast for dei å skrive, og dette kan setjast i samband med at 36 % hevda dei får flest feil i nynorsk. (I prosent vert kvar elev omrekna til 2,2 % i dette høvet.)




**Figur 14** Elevane si rapportering om lettaste målform å skrive, og i kva for målform dei får flest feil

Figuren over viser korleis tala ser ut når resultatata frå dei to spørsmåla er kopla saman. Ved å rekne signifikants på tala frå dei to spørsmåla, får ein fram ein tydeleg positiv verdi for samanheng mellom variablane. Dette tyder på at elevane har svart konsekvent på dei to spørsmåla, ved å oppgi at dei har flest feil i målforma som dei ikkje kryssa av for som den lettaste for dei å skrive. (Sjå vedlegg 26.) Det at elevane viser samanhengande svar på desse to spørsmåla, kan vere med på å feste meir lit til svara dei har gitt på andre spørsmål også fordi det viser at informantane har vore medvitne medan dei svara.


Sidan det er vist tidlegare at elevane på yrkesfag ser ut til å ha lettare for å velje bokmål enn elevane på studiespesialiserande, kan det vere relevant å sjå på korleis svara frå dei ulike linjene fordeler seg i høve til kva for målform som dei meiner er lettast å skrive. Det viser seg at mønsteret om at elevane på den studiespsialiserande linja har eit tettare forhold til nynorsk enn elevane på yrkesfag vert forsterka gjennom desse resultatata. 68 % av dei elevane som kryssa av for at nynorsk var lettast for dei å skrive, går i den studiespesialiserande klassa. Av dei som skreiv at bokmål var lettast for dei å skrive, var 71 % elevar frå ein av dei to yrkesretta klassene. Dette kan vere med på å stadfeste bildet om at elevane på den studiespesialiserande

linja har eit nærare forhold til nynorsknormalen enn elevane på dei yrkesretta linjene. Ved å rekne signifikants på resultata i denne krysstabellen, får ein fram ein tydeleg samanheng mellom linjeval og kva for målform eleven meiner at det er lettast å skrive (sjå vedlegg 27). Resultata er såleis med på å verifisere tidlegare teikn til at elevane på studiespesialiserande linje kjenner seg meir knytt til nynorsknormalen enn elevane på dei to yrkesfaglege linjene.



**Figur 15 Det er lettast for meg å skrive/ studiespesialiserande – yrkesfag**

På spørsmål 3.5 i spørjeskjemaet skulle elevane krysse at for kor sikre dei kjenner seg på nynorskrettskrivinga. Av diagrammet under ser vi at det berre er éin elev av det totale utvalet som har kryssa av for at han kjenner seg 'heilt sikker' i nynorsk. Halvparten av elevane oppfatta seg som 'ganske sikker', medan 36 % har kryssa av for 'litt usikker' og 11 % for 'ganske usikker'. Ingen kryssa av for 'veldig usikker'. Tala viser at nesten halvparten av elevane kjenner seg anten 'litt usikker' eller 'ganske usikker' i nynorsk, og dette er eit noko høgt tal med tanke på føresetnadene desse elevane har hatt til å lære nynorsk.




**Figur 16** Elevane si rapportering av kor sikre dei kjenner seg på rettskrivinga i nynorsknormalen

Eg trur at desse tala kan vere med på å stadfeste behovet elevane har for ein nynorsknormal som er tydelegare, og som det er lettare å lære. Dette er trass alt elevar som kjem frå ein nynorskkommune, dei har ein dialekt som ligg forholdsvis nær nynorsknormalen og dei har hatt nynorskundervisning heile skuletida. Kva då med dei som skal lære nynorsk, men som ikkje har alle desse faktorane på nynorsk påverknad på si side? I teoridelen såg vi at også Omdal (2004:117–118) påpeika behovet for ei meir systematisk normering, då han hevda at ei normering etter fastlagde prinsipp ville tene språkbrukaren, og at det vil kunne lette tileigninga av dei norske skriftspråka. Kanskje kan resultatane over vere ei påminning til Språkrådet om at elevane treng meir tydelege reglar å forhalde seg til, slik at fleire kan nærme seg nivået 'ganske sikker' i nynorskrettskrivinga. Dette har å gjere med at nynorsk både må vere eit demokratisk skriftspråk, samstundes som det også er viktig for nynorsken si framtid at primærbrukarane kan skrive rett og eit nokolunde einsarta nynorsk.

Figuren under viser korleis elevane som har svart at nynorsk er lettast for dei å skrive, har svart i høve til kjennskap i begge normalane.






**Figur 17** Elevane som har kryssa av for at nynorsk er lettast å skrive / rapportering av kor sikre dei kjenner seg i både nynorsk- og bokmålsnormalen

Ein kan lese av diagrammet over at 39 % av elevane som meiner at nynorsk er lettast for dei å skrive, også kjenner seg 'ganske sikker' også i bokmålsnormalen. 43 % har kryssa av for 'litt usikker'. Tala viser såleis at elevane som har kryssa av for at nynorsk er lettare for dei å skrive, viser ein tendens til å kjenne seg noko meir trygge i nynorsk enn bokmål. Det ser likevel ut til å vere ein viss samanheng ved at normkunnskapar i nynorsknormalen ikkje utelukkar god kjennskap til bokmålsnormalen. Tre elevar kjenner seg 'ganske usikker' i begge normalane, men berre éin av desse tre har svara 'ganske usikker' for begge normalane. Ingen av elevane har kryssa av for 'veldig usikker'. Eg les dette som eit signal om at bokmålpåverknaden er stor, og at kjennskap til bokmålsnormalen kjem automatisk i større grad enn i nynorsk. Det er klart at når det meste elevane les er skrive på bokmål, samstundes som det meste dei høyrer på TV og i radio med talemål med sterkt bokmålspreg, gjev dette ein tilgang og inngang til målforma bokmål som nynorsk ikkje kan halde tritt med. Dette ser ut til å vere i tråd med læraren si oppfatning om at elevane på denne skulen skriv "veldig rett bokmål" (L).

Kryssinga mellom dei to spørsmåla opnar også opp for å sjå etter samsvar i elevane sine rapporteringar. Ein skulle kunne forvente at elevane som svara at nynorsk er lettaste målform for dei å skrive, også har kryssa av for at dei kjenner seg rimeleg sikre på nynorsknormalen, og




**Figur 18** Kor sikker elevane har kryssa av for at dei kjenner seg i den målforma dei meiner er lettast å skrive

motsett for dei som har kryssa av for bokmål som lettaste målform. Figuren over viser kor sikre elevane har kryssa av for at dei kjenner seg i den målforma dei tidlegare hadde kryssa av for var lettast for dei å skrive. Ved kjiqvadrattest på denne krysstabellen, får ein fram teikn på samanhengande svar. Materialet peikar såleis mot at elevane verkar å vere noko sikrere på den målforma dei har kryssa av for som den lettaste (sjå vedlegg 28). Dette er med på å styrke reliabiliteten til svara som elevane har gitt, fordi det viser at elevane har gitt samanhengane svar på spørsmål som omhandla same tema.

### 5.3.2 Bruk av ordlister og mangel på ord i nynorsk

Bruken av ordliste ser ut til å vere forholdsvis jamn i begge målformene. Det er ein noko høgare prosentdel som har kryssa av på at dei bruker ordliste 'av og til' i bokmål enn i nynorsk.



**Figur 19 Rapportert bruk av ordliste**

Det er ser ut til at elevane i utvalet ikkje er vane med å bruke ordliste til vanleg. Om vi samanliknar den rapporterte bruken av ordliste med graden av kor sikker elevane kjenner seg i normalane, ser det ikkje ut til å vere ein tydeleg samanheng. Det ville kanskje vere nærliggjande å tru at elevane brukte mykje meir ordliste i skrivinga si, sidan så få elevar kjenner seg 'heilt sikker' på rettskrivinga i bokmål og nynorsk. Men ein slik samanheng kjem altså ikkje tydeleg fram i materialet. Det at elevane oppgir å bruke lite ordliste kan sjølvstg også henge saman med andre forhold som til dømes tilgjenge til ordlistene, interesse av å skrive rett og i kva samanheng dei skriv i.

Under intervjuja fekk elevane spørsmål om dei opplever at nynorsknormalen manglar ord dei gjerne vil bruke i skrift. Svare som vart gitt, sprikar i begge retningar. Seks av dei åtte elevane som vart intervjuja, svare at dei ikkje opplever dette som noko problem. Elev el-g1 argumenterte slik for at nynorsken ikkje manglar ord: "Det finst ord for alt på nynorsk." To av elevane meinte at nynorsknormalen manglar ord som dei gjerne vil skrive, og at dette er eit problem. Elevane karakteriserte fenomenet som "veldig ofte" og "i aller høgaste grad" (el-g2 og ss-j2). Dei to elevane som meinte at dette er eit problem, kjem frå kva si yrkesretta linje. Ein kan likevel ikkje seie at elevane på yrkesfag ser på ordmangel i nynorsk som eit problem, då dei to andre frå dei same linjene ikkje meinte at dei såg på dette som ein vanske eller ei utfordring.

På spørsmål om kva som er vanskelegast med å skrive nynorsk, nemnde alle dei spurte enten bøyingsystemet eller ordtilfanget. Elev ss-j1 uttrykte seg slik på spørsmålet:

- P: Når du skriv nynorsk, kva er det då som er det største problemet. Er det usikkerheita rundt kva ord som er lov og ikkje, er det korsen du skal bøye ord eller er det korsen orda skal stavast?
- G: Det er litt med korsen dei stavast, og litt med korsen dei skal bøyast. Ikkje så veldig mykje med korsen dei skal bøyast. Men egentlig litt av alt. Ei god blanding.


Svara som elevane har gitt her, kan tyde på at dei opplever grensene mellom kva som er tillate og kva som ikkje er tillate som utydelege på nynorsk. Dei oppfattar at det er vanskeleg å vite kva som er rett å skrive og korleis orda dei bruker skal bøyast. På det etterfølgjande spørsmålet vart dei spurte om dei hadde lært seg noko overordna system å gå etter når slike spørsmål dukka opp. Ingen av elevane kunne svare at dei har slike reglar å gå etter. Eleven som vart sitert over (ss-j1), svara på denne måten:

- P: Oss har vore litt inne på det, men har du nokre reglar for kva som er rett nynorsk som du bruker når du skriv?
- G: Nei, eg har egentlig ingen regla sånn som eg har lært meg sjøl. Eg skulle ønske at eg hadde det. For det hadde kanskje hjelpt når eg skal skrive.
- P: I slike ord som for eksempel sluttar med *-heit* eller *-else* i dialekten din, har du nokon regel i hovudet for når du kan bruke dei eller om du ikkje bruker dei i det heile tatt eller?
- G: Nei, ingenting.

Vi ser her at ho etterlyser eit sett med reglar som ein kunne støtte seg på i skrivninga. Dette går saman med det vi såg over, nemleg at elevane uttrykker ei kjensle av å vere usikker i forhold til kva dei har lov å skrive på nynorsk, og at dei manglar reiskapar som kan hjelpe seg med i rettskrivinga. Akselberg tala om ”ordliste-abstinensen” (Akselberg 1999:18), og han meinte med det at nynorskbrukarane vert tvinga til å slå hyppig opp i ordboka fordi det ikkje finst noko enkelt regelsystem å gå etter i nynorskrettskrivinga. På den eine sida det er heilt klart at desse elevane kan kritiseras for å bruke for lite ordbok, då vi ser av resultata over at dette vært gjort i svært liten grad. På den andre sida må ein kunne forvente at skriftspråket ikkje er vanskelegare enn at ein skulert hovudmålsbrukar av nynorsk burde ha føresetnader for å skrive nokolunde korrekt, utan å vere avhengig av ordbok til kvar tid. Eit så detaljert og innvikla rettskrivingsystem, kan kanskje seiast å vere meir retta mot ekspertar enn vanlege språkbrukarar

### 5.3.3 Kjennskap til valfridommen og to-nivåsystemet

På spørsmål 4.3 i spørjeskjemaet skulle elevane kryssa av for om dei var 'einig', 'delvis einig' eller 'ueinig' i at vi har stor valfridom innan rettskrivinga på nynorsk. Resultata viser at berre



**Figur 20** Elevane si oppfatning av valfridommen i nynorsk

17 % av elevane kryssa av for at dei er 'einig' i påstanden. Det kan kanskje verke overraskande at ikkje fleire av elevane er klar over det store utvalet av ord og former ein kan velje mellom på nynorsk. På den andre sida, om ein ser på forskning kring korleis lærarar formidlar valfridommen til elevane, er det kanskje ikkje særleg overraskande. Vi såg i teoridelen, at det heller ikkje er mogeleg for lærarane sjølve å ha oversikt over alt som er tillate, og då er det openbart at denne informasjonen ikkje blir formidla vidare til dei komande generasjonane. Dessutan står oppfatninga hos lærarane om at elevane bør skrive konsekvent så sterkt at dette kan gå ut over noko av valfridommen (Omdal 2004:103–104).

66 % av den samla elevgruppa svara at dei er delvis einig i at vi har stor valfridom innan nynorsknormalen. Dette kan tyde på at elevane har forstått at der er ei viss opning for val av ord og former innan nynorsken. Det kan også vere at ein del ikkje kjenner seg heilt sikre, og at dei såleis har valt ein 'middelveg' sidan det på dette spørsmålet ikkje var ein eigen rubrikk for 'veit ikkje'. Også i intervjuet vart elevane spurte om kva dei meiner om valfridommen. Då var det fleire som hevda at valmoglegheitene er for mange, og at dei ser på inntaket av stadig nye bokmålsord som øydeleggjande for den tradisjonelle nynorsken. Slik nokre svara, ser det ut som elevane ikkje var heilt sikre på kva som eigentleg ligg i omgrepet "valfridom", og at dei heller ikkje kjente seg heilt sikre på om dette var tilfelle eller ikkje i nynorskrettskrivinga. I

sekvensen under ser vi korleis ein elev må ta atterhald medan han snakka fordi han var usikker på om oppfatninga hans var rett.


P: (...) her har du kryssa av for at vi har stor valfridom innan rettskrivinga både i nynorsk og bokmål. Men for nynorsken sin del: Korfor, har du lært det eller har du sett det etter kvart eller korleis..?

D: Eg har vel oppdaga det etterkvart at det er mykje som eg ikkje trudde gikk an som går an, men det kan hende eg har tatt litt feil, men eg føler at ein kan skrive mykje same endingar og same ord, visst du ser i ordboka. Men det er ikkje alltid at det virkar like naturleg. (sts-g2)

I teoridelen har vi sett at informasjon om valfridommen kanskje ikkje alltid når fram til elevane, sjølv om implementeringskjeda legg opp til det. Dette kan det vere fleire årsaker til, men som Jansson fann i sin studie, kan det sjå ut til at noko av informasjonen stoppar opp i utdanningssystemet (Jansson 1999:184). Det kan sjølvsagt også tenkast at læraren ved Ulstein vidaregåande er godt informert om valfridommen, men at ho kanskje ikkje har prioritert dette feltet i undervisninga, eller at det berre er elevane som ikkje har fått det med seg. Uansett har elev sts-g2 ikkje internalisert eit klart forhold til valfridommen i nynorskrettskrivinga, og han har heller ikkje klart for seg kvar skiljelinjene går mellom bokmål og nynorsk.

Det er også interessant at eleven påpeikar at det er meir som er tillate, enn kva han meiner er naturleg å bruke. Dette viser at eleven har internalisert ei norm for kva som er gangbart på nynorsk, og at denne internaliserte ”gode” nynorsknormalen er trongare enn den kodifiserte. Eleven viser på denne måten at han stiller seg tolkande til den fastlagde nynorsknormalen, og at han heller vel å følgje si eiga norm. Den same eleven sa tidlegare i intervjuet at han er oppteken av å skrive rett. Han vil altså skrive innan dei fastsette reglane, men i tillegg legg han til eigne grenser for kva han meiner kan brukast i nynorsk. Denne haldninga ser ut til å også gjelde fleire av dei som vart intervjuet.

Det kan vere fruktbart å setje svara frå spørsmålet om valfridommen saman med kva elevane har svart på om vi har både hovud- og sideformer i nynorsk. Og ved å kople svara som elevane har gitt på dei to spørsmåla saman, viser seg at berre 32 % av det totale talet på informantar har



**Figur 21** Elevane si oppfatning av valfridom i nynorsk / elevane si oppfatning om ein har både hovud- og sideformer i nynorsk


kryssa av på at dei var 'einige' i at ein på nynorsk har både hovud- og sideformer, 17 % hevda å vere 'ueining', og 49 % svara at dei ikkje visste om nynorskrettskrivinga inneheld ei slik inndeling. (Éin elev hadde ikkje svart på dette spørsmålet). 9 % at det totale utvalet svara både at vi har stor valfridom på nynorsk, og at vi har både hovud- og sideformer. 36 % svara både at vi har 'delvis stor valfridom', og at dei ikkje veit om vi har to-nivåsystem i nynorsk. Utrekning av signifikants på denne krysstabellen får ikkje fram nokon samanheng mellom variablane. Ein kan såleis ikkje seie noko om elevane sine kunnskarar om to-nivåsystemet på bakgrunn av svara dei har gitt om valfridommen i nynorsk (sjå vedlegg 29). Dette funnet ser ut til å støtte opp om tidlegare resultat som har vist at elevane ikkje er klar over valfridommen som dei har i nynorsk (jf. Berg 1999).

Språkrådet har sett seg som mål for den foreståande revideringa av nynorsknormalen å stramme inn noko av valfridommen og å fjerne to-nivåsystemet (Språkrådet 2007b). I høve til svara vi har sett frå elevane over, ser dette ikkje ut til å skape så store problem for desse språkbrukarane. Då elevane i utgangspunktet ikkje ser ut til å vere sikre verken på omfanget av valfridommen eller at vi faktisk har eit system med hovud- og sideformer, er det lite truleg at dei vil oppleve endringane (om dei vert gjennomførte) som ei hindring i språkbruken sin.

Unntaket måtte vere om mange av dei formene som elevane har internalisert som nynorsk, vert fjerna frå normalen, men dette har vi sett Vikør (2003) fastslå som rimeleg usannsynleg.

#### 5.3.4 Bruken av 'anbehetelse'-ord

Då desse elevane har ein del av dei så kalla 'anbehetelse'-orda i dialekten sin, kan det vere



Figur 22 Elevane si oppfatning av bruken av 'anbehetelse'-ord i nynorsk

relevant å sjå kva dei trur om bruken av desse i nynorsk. Det viser seg at heile 51 % av den samla informantgruppa har kryssa av for at bruk av slike ord er 'tillate, men ueigna' i nynorsk. Dette er eit interessant resultat, fordi det viser at eit fleirtal av elevane også har tankar om skriftbruk som ikkje er normert som tillate/ikkje tillate, men heller kva som vert oppfatta som fint/stygt- eller godt/dårleg språk. Elevane viser her at dei har internalisert ei haldning som tilseier at dei har lov til å bruke ord som tek til med *an-*, *be-* eller sluttar på *-heit* og *-else*, men at dei ikkje bør bruke dei fordi det ikkje gir fint eller godt språk. Dette kan vere eit teikn på at eit fleirtal av elevane ikkje er redde ei innstramming av normalen, då dei likevel meiner at ein bør unngå slike "bokmålsaktige" ord. Elev sts-j2 viser likande oppfatning i sitatet under, men i tillegg legg ho fram behovet for å bruke nokre av desse orda, då det er vanskeleg å greie seg utan:

- P: Kva for typar ord synest du at det er vanskelegast å vite om dei er lov å skrive på nynorsk eller ikkje?
- B: (...) kanskje når det gjeld typar ord så er det kanskje slike med *be-* og *an-* og sånn. Men eg prøver, for eg veit at eg helst bør unngå dei, men enkelte ord må du berre skrive, men dei kan kanskje vere dei som er vanskelegast (...)



På det same spørsmålet peikte ein annan elev (sts-j1) på at ho opplever at ho har ein del av desse ''anbehetelse'-orda i dialekten sin, men at ho ikkje kan bruke dei i skrift:

A: Det er sånne med, -else og endingar og sånn. For dei brukar vi i dialekten vår, og då, den blir jo ein mellomting mellom nynorsk og bokmål. Når du brukar den eine forma som kanskje er bokmål, så blir det plutselig litt vanskelig når du ikkje kan skrive det på nynorsk

Her er vi midt inne i problematikken som vi også tidlegare har sett på. Dialekten vert ein mellomting mellom dei to normalane, og då er det vanskeleg å klare seg utan å blande dei saman i skrift, og særleg når elevane ikkje kjenner grensegangen mellom dei to normalane godt nok. Eg spurte eleven vidare om ho har lært seg nokre reglar for korleis ho kan vite om ordet er tillate innan nynorskrettskrivinga eller ikkje. Ho svarte då:

A: Nei, det er språkøyret nok ein gong som egentlig er avgjerande på om eg blir sitjande å skrive det eller ikkje. Men begravelse er jo eitt ord som vi brukar i dialekten, gravferd er vel ikkje så veldig naturleg. Det er sånne ord som egentlig er litt problem, fordi det er ord som du ikkje brukar i dagligspråket ditt. Og då får du litt problem med det plutselig.

P: Men kva gjer du då? Stoppar du opp og slår opp i ordlista eller finn du..., skriv du då gravferd for å vere på den sikre sida? Eller kva gjer du?

A: Nei, eg skriv vel egentlig gravferd for å vere på den sikre sida. Men ofte så blir det å sjekke opp i ordlista i tillegg, berre for å vere heilt sikker.

Det er tydeleg at ho i mangel på reglar å gå etter, må stole på sin eigen internaliserte nynorsknormal. Vidare er det klart at denne ikkje alltid gjev eintydige svar, og at ho då må slå opp i ordboka. Det ser ut som om dette materialet peiker i retning av at mangelen på reglar og eit fast system i rettskrivinga er eit hinder for elevane, og at det går ut over den språklege kvaliteten på det dei skriv.

Læraren til elevane peikte også på problemet med at elevane opplever at dei manglar ord når dei skriv nynorsk fordi dei utformar setningane etter det syntaktiske mønsteret til bokmål. Ho meinte såleis at det er påverknaden frå bokmål som gjer at elevane ikkje greier å frigjere seg og tenke ut sjølvstendige setningar med nynorsk setningsstruktur (L).


I forhold til bruk av 'anbehetelse'-ord ser det såleis ut til at elevane i utgangspunktet tenker at dei helst bør unngå dei fordi dei ikkje gir godt språk, men at ein del av dei likevel er innlemma i nynorsknormalen. Problemet ser ut til å vere at elevane ikkje veit kven av orda dei kan bruke og ikkje på nynorsk, og at dette skaper uvisse og språklege feil i tekstane deira.

## 5.4 Normsikkerheit i rettetekstane og ordlista

I rettetekstane og ordlista skulle elevane vise med avkryssing og understreking kva for ord dei meinte høyrde til innan nynorskrettskrivinga, og kven som ikkje gjorde det. For å gjere gjennomgangen av orda nokolunde oversiktleg har eg samla orda i same kategoriar som vart brukt i figur 6 i gjennomgangen av utvalet for ord i rettetekstane og ordlista.


### 5.4.1 Ikkje-tillatne bokmålsord

Orda i denne kategorien er ord som elevane har i dialekten sin, men som berre er tillatne innan bokmålsrettskrivinga. Om vi ser på orda i ordlista først, ser det ut til at elevane jamt over kjenner seg rimleg sikre på at desse orda ikkje er tillate på nynorsk. Likevel er det tendensar i materialet som peiker i retning av at elevane er usikre på særleg enkelte av orda. Det er størst usemje om orda 'ansatt', 'bolig' og 'beskrivelse', der mange har kryssa av for at desse orda kan skrivast på begge målformene. Heile 62 % hevda at 'bolig' både kan skrivast på nynorsk og på bokmål. Det kan vere at usemja rundt desse orda er stor fordi det er ord som er så innarbeidde i ordtilfanget til elevane. Av andre *-lig*-ord i rettetekstane markerte 19 % av elevane 'spiselige' som ikkje tillate innan nynorskrettskrivinga, 28 % markerte 'sørgelige' og 9 % markerte 'deilig'. Dette viser at ein del av elevane har internalisert ei sperre på slike ord, noko som vi også såg av resultatata i spørjeskjemaet over. Samstundes er det ikkje slik at dei som først markerte eitt *-lig*-ord også konsekvent har markert andre liknande ord. Dette kan anten tyde på at dei har oversett dei andre orda, eller det kan tyde på at elevane veit at nokre av dei faktisk er tillatne, men at dei ikkje er heilt sikre på kven av orda dette gjeld. Vi såg at elevane uttrykte uvisse kring kva for som er tillatne og ikkje i spørjeskjemaet (vedlegg 20), og det er såleis truleg at vi no ser denne uvissa i praksis i markeringane elevane har gjort i ordlista og rettetekstane.



Figur 23 Elevane si plassering av ikkje-tillatne bokmålsord i ordlista

Mange av elevane har svara at 'Norge' og 'svømme' ikkje er tillate på nynorsk (72 % og 87 %). Dette er ord som er godt integrert i dialekten til elevane, og dette viser dermed at dei fleste har internalisert at skrifta på nokre punkt skil seg frå talen. Elevane viste i spørjekjemaet at dei er inforståtte med ein viss distanse mellom talemålet på den eine sida og skriftmålet på den andre sida. I intervjuet kom det også fram at elevane ikkje ser på denne avstanden som



Figur 24 Elevane si rapportering av ikkje-tillatne bokmålsord i rettetekstane

problematisk i utgangspunktet, fordi dei forstår at ein ikkje kan skrive beint fram slik som ein snakkar.

Som vi har sett fleire stadar, får norsk språkplanlegging kritikk for at inlemminga av slike "bokmålske ord" i nynorsknormalen har vore for tilfeldig og uoversiktleg, og denne kritikken ser ut til å kunne underbyggast med funna her. Det er klart at det er uråd for elevane å vite at dei ikkje kan skrive 'beskrivelse', når 'bevegelse' er tillate.

Elevane si retting av rettetekstane peiker også i retning av at dei er usikre på kva som er rett i høve til dei ikkje-tillatne bokmålsorda. 13 % av det totale elevtalet markerte at 'begravelsen' ikkje kunne skrivast på nynorsk, medan 6 % hevda det same om 'bekostning'. Som erstatning for 'begravelsen' vart det foreslått "begravinga" (2 elevar) og "gravferda" (4 elevar). "Kostnad" vart foreslått av ein elev i staden for 'bekostning', og av dei andre elevane vart ordet berre markert som feil. Vi såg over at dei fleste elevane meinte at bruk av 'anbehetelse'-ord er tillate, men ueigna. Det ser likevel ut til at nokre ville ha valt å bruke slike former, då fleire elevar har erstatta ord i den konservative teksten med nettopp slike ord. Mellom anna svara 32 % av elevane at dei ville ha skrive "nyheitene" i staden for 'nyhenda', 9 % svara at dei ville ha brukt "overbevisning" i staden for 'overtydning' og 32 % av elevane ville også brukt "bevist" i staden for 'prova'. (Sjå vedlegg 23 og 24 for elevane sine rettingar.) Både "nyheit", "overbevisning" og "bevis" er innlemma i nynorsknormalen, og det at elevane vel å bruke desse orda, viser at dei til ei viss grad også oppfattar dei som eigna, og ikkje berre tillatne. Samstundes må ein hugse at dette er ein konstruert situasjon, og at det kan vere at ordvalet hadde vore annerleis om elevane fekk skrive fritt. På spørsmål om elevane kjenner seg sikre på kva for 'anbehetelse'-ord som kan skrivast på nynorsk, svara elev sts-g2 slik:

- D: (...) Det er mange ord eg liksom kan, og då veit eg nå det. Men eg kan egentlig ikkje reglane, så eg bruker ordbok for å sjå da. Det kan vere litt forvirrande. Også er det mange av dei oss sei, men oss må skrive dei på ein anna måte. Enkelte av dei i allfall.
- P: Skjer det at du berre finn eit erstatningsord, eit anna ord som du er trygg på, eller sjekkar du med ordlista kvar gong?
- D: Det er ofte at eg skrive om heile setninga, sånn eg veit at eg får inn eit ord som eg kan og som eg veit betydninga av. Eg prøva av og til å unngå slike ord som eg ikkje er heilt sikker på.
- P: Kva for ord er det som du lettast kan fastslå at det er nynorsk? Korleis ser dei orda ut?
- D: Det er visst det er /ar/, kattar og sånne ting. Også sånn korkje, kvileis, og alle sånne typiske nynorskord. Hjø, og alle sånne

Eleven viser på denne måten at han ikkje har lært spesifikke reglar for kva for ord han kan bruke på nynorsk, og at han difor må bruke ordbok for å sjekke. Det er også interessant at han prøver å unngå dei orda han er usikker på, og at dette i nokre tilfelle inneber at han må skrive om heile setninga. I slike høve kan ein spørje seg om nynorskrettskrivinga dekkjer dei behova som språkbrukarane har. Det kan i allfall sjå ut til at denne språkbrukaren uttrykker eit behov for å kunne bruke orda han har i dialekten sin, eller i det minste eit system som gjer han sikker på om orda er tillatne eller ikkje.

49 % av elevane markerte at 'en' ikkje kan skrivast på nynorsk. I rettetekstane er dette eit svært høgt markeringstal, og det peiker kanskje i retning av at elevane har internalisert dette som eit typisk skilje mellom nynorsk "ein" og bokmål "en". Akkurat like mange (49 %) har markert 'sjøl' som ikkje tillate på nynorsk. Dette kan verke noko overraskande då den typiske bokmålsforma er "selv", og at uttalen til elevane er svært lik skrivemåten "sjøl". Til samanlikning er det interessant å sjå at berre 15 % har kryssa av på at 'sjølsagt' berre er tillate på bokmål. Her er det viktig å presisere at heile 45 % meinte at 'sjølsagt' ikkje er tillate i norsk rettskriving i det heile, noko som tyder vel helst på at elevane oppfatter dette ordet som feilskrive.


Berre 6 % (3 elevar) har markert 'anlagt' som ikkje tillate på nynorsk. Materialet indikerer på den måten ei viss usikkerheit blant elevane når det gjeld ord på *an-*. Det ser ut til at mange av elevane trur at desse orda er tillatne, og at dei såleis generaliserer denne ordtypen slik at dei reknar med at denne opninga også gjeld for 'anlagt'.

Som ei oppsummering om ikkje-tillatne bokmålsord kan ein seie at elevane ser ut til å ha internalisert eit skilje mellom nynorsk og bokmål, og at dette verkar inn på språkbruken deira. Det er derimot ikkje lett å setje grenser for kvar dette skiljet går, sjølv om det ser ut til at nokre former har festa seg forholdsvis klart som ikkje tillatne innan nynorskrettskrivinga. 'Norge' og 'svømme' ser ut til å vere ord som mange har internalisert som "berre bokmål". Samstundes viser tala at elevane har kryssa av for at mange av desse orda som ikkje er tillante på nynorsk, er tillante. Av dei mest framtrekande i denne gruppa, kan ein nemne 'ansatt' og 'bolig'. Resultata peiker såleis i retning av at elevane ikkje er sikre på kva for bokmålsord som ikkje kan brukast på nynorsk.

#### 5.4.2 Tillatne "bokmålsord"

I denne kategorien finn vi ord som kanskje vert oppfatta som bokmålsord, men som også er tillatne på nynorsk. Vi har sett i denne undersøkinga at elevane i utvalet er klar over at dei kan


bruke ein del av orda også på nynorsk. Dette kjem tydeleg fram i avkryssinga i ordlista. Det som også denne avkryssinga viser, er at det er eit forholdsvis stort sprik mellom dei orda som dei ulike elevane har kryssa av på som tillatne innan nynorsk. Med andre ord er elevane samde i at ein kan skrive en del "bokmålsord" i nynorsk, men dei er ikkje samde om kva for ord dette er. Det ordet som syner breiast semje, er 'analfabet'. Heile 83 % av elevane meinte at dette ordet kan skrivast både på bokmål og nynorsk. Det kan vere at elevane ikkje tenker at dette høyrer særleg bokmålsk ut, men at dei heller rekna det som eit vanleg framandord.



Figur 25 Elevane si plassering av tillatne "bokmålsord" i ordlista

Av dei tre *be*-orda som var med i ordlista frå denne kategorien, ser det ut til at om lag halvparten oppfattar desse som også del av nynorsknormalen. 66 % svara at ein kan skrive 'beskytte' på begge målformene, 55 % svara det same om 'bevegelse', og 45 % av elevane meinte at ein kunne skrive 'beherske' både på nynorsk og bokmål. Om vi samanliknar elevane si rapportering om dei ikkje-tillatne bokmålsorda med desse tillatne "bokmålsorda", ser det ikkje ut til at elevane sin internaliserte nynorsknormal er samanfallande med den kodifiserte normalen. Dette kan ein sjå av at det er om lag like mange elevar som har kryssa av for at 'beskytte' er tillate, og som hevda det same om 'beskrivelse'. Det er dermed rom for å hevde at elevane ikkje er sikre på kven av desse orda som er gangbare og ikkje på nynorsk.

I rettetekstane er det som sagt relativt få som har markert *an*-orda som feil på nynorsk.



**Figur 26** Elevane si rapportering av tillatne "bokmålsord" i rettetekstane


'Anledning' skil seg ut med mange markeringar, men om ein tek bort dei som berre har retta den dialektnære fleirtalsbøyinga, og såleis dei som ikkje har reagert på sjølve ordet, står ein att med 9 %. Desse har meint at ein i staden burde bruke "høve" eller "tilstelling". 11 % av elevane har markert 'antrekk' som feil og 9 % har gjort det same med 'anbefale'. Det ser altså ut til at dei fleste kjenner seg trygge på at ein kan bruke desse orda på nynorsk. 'Bestille' ser også ut til å skilje seg frå dei andre med å vere hyppig markert, men her gjeld det same som for 'anledning'. Om ein tek bort dei elevane som har retta 1.personsendinga, men som har godteke ordet 'bestille' i seg sjølv, står det att berre 4 % (to elevar) som har markert ordet som feil.

Ein må som sagt ha i mente at materialet er lite og at elevane kan ha oversett enkelte ord. Om ein likevel skal seie noko om denne ordkategorien, ser det ut til at elevane i utvalet har internalisert ein nynorsknormal der *an*-orda er innlemma, medan det er større uvisse knytt til *be-* og *-else*. *Heit*-orda kjem det meir om under.

#### 5.4.3 "Bokmålsord" tillatne som sideformer

Mange av orda som tradisjonelt vert rekna som bokmålsord, er tillatne i nynorskrettskrivinga som sideformer. Vi såg i teoridelen at denne nivådeling i rettskrivinga er spesiell i høve til at læraren skal rettleie elevane i å bruke slike former der det er naturleg for dei, samstundes som læraren ikkje har lov til å nytte desse formene sjølv i undervisninga. I tillegg har tilsette i statstenesta ikkje lov å bruke sideformer i sine brev og rundskriv. Det er gjort ein del forskning kring korleis desse sideformene er implementerte blant språkbrukarane, og resultata ser ut til å


peike i retning av at det generelt er lite opplysning om dei (jf. Berg 1999 og Jansson 1999). Læraren som vart intervjua i granskinga fortalde at ho er forsiktig med å oppmode til bruk av slike "klammeformer" fordi det ikkje er lurt å venje seg til å skrive desse orda då dei kanskje ikkje har høve til å bruke dei seinare.



**Figur 27** Elevane si plassering av "bokmålsord" tillatne som sideformer i ordlista

Elevane har mange ord som ender på *-lig* i dialekten, men det ser ut til at dei har internalisert ei norm der desse skal skrivast med *leg*-ending. Når det gjeld 'noen', er det kanskje ikkje så overraskande at elevane ikkje er klar over at dei har moglegheit til å skrive det, då dette ordet heller ikkje er naturleg i dialekten deira.





**Figur 28** Elevane si rapportering av "bokmålsord" tillatne som sideformer i rettetekstane

I rettetekstane er det rundt 20 % som har markert *-lig*-orda som ikkje tillatne i nynorsk. Med tanke på at det er lettare å oversjå orda inne i teksten på denne måten enn i ordlista, er det relativt mange som har markert desse. Det største utslaget i denne gruppa er det 'drømme' og 'glømme' som utgjør. Heile 55 % og 53 % av den samla elevgruppa har markert desse som ikkje tillatne. Det ser ut til at elevane har internalisert desse orda med diftong, då alle dei 25 elevane som har markert 'glømme' har retta det til "gløyme". Når det gjeld 'drømme', ser det ut til at elevane er forholdsvis usikre på korleis det skal skrivast på nynorsk. Elevane foreslår både "draumer", "drøymar" og "drøymer". Uansett ser det ut til at dei vil ha inn ein diftong for at ordet skal vere gangbart på nynorsk.

I eitt av elevintervjua var der ein elev som påpeikte bruken av "så" i staden for "so" (sts-g2). Han meinte at dette var bokmål, men at enkelte skreiv det likevel for å verke kul eller trendy. Det ser ut til at fleire elevar meiner det same om 'nå', då 32 % har markert dette som feil på nynorsk. 13 av dei 14 elevane som har retta ordet, har erstatta det med "no". (Sjå vedlegg 23 og 24 om elevane sine rettingar.)


Vi såg i teoridelen at sideformene mest sannsynleg er på veg bort, men at Vikør stiller seg skeptisk til om normeringa i praksis vil føre til noko anna enn ei omorganisering av dei formene som allereie finst i nynorskrettskrivinga. Han trur heller at revideringa vil føre til ein auke i talet på jamstelte former (Vikør 2003:303–304). Implementeringa av sideformer er problematisk fordi desse gjeld berre for elevar og privatpersonar. Dessutan viser undersøkingar at du kan verte stempla som mindre språkleg opplyst ved å bruke dei, nettopp fordi så mange andre språkbrukarar ikkje har fått med seg at desse er tillatne (Omdal 2004:23). Sidan ein

heller ikkje kan bruke desse formene i arbeid i staten eller som lærar, er det truleg mange lærarar som vel å ikkje opplyse om dei. Det kan også vere at lærarane sjølve ikkje er klar over at elevane faktisk har lov å skrive nokre av sideformene og at dei difor rettar feil. For elevane i denne undersøkinga sin del, ser det ikkje ut til at sideformene er internaliserte i nokon særleg grad. Dette kan henge saman med at læraren sa at ho ikkje råder dei til å bruke sideformer. Dessutan kan det sjå ut til at internalisering av sideformene heng noko saman med dialekten deira. Elevane har nemleg *-lig*-formene i daglegtalet, medan dei seier ”drøyme” og ”gløyme”. Tala frå materialet viser at nokre fleire har fått med seg at ein kan skrive *-lig* former på nynorsk, medan ordformer utan diftong, som ’drømme’ og ’glømme’, ikkje ser ut til å vere internalisert. Om sideformene forsvinn, og elevane kan utelate diftongen i enkelte ord og bruke *lig*-former i skrift som vaksne, er det likevel ikkje sikkert at dei som skal lese det dei skriv, verken veit at orda har vore tillatne som sideformer eller at dei er oppjusterte til jamstelte former. Mange vil nok difor meine at det er like greitt at elevane ikkje har internalisert det store mangfaldet av sideformer, då dei uansett vil risikere å kunne bli oppfatta som lite opplyste språkbrukarar ved å nytte dei. På den andre sida er det trasig om elevane på grunn av manglande kunnskap om sideformene opplever at nynorsken ligg så langt i frå dialekten deira at dei like godt kan skrive bokmål. Då har heile intensjonen med sideformene mist noko av verdien sin. Vi såg i teoridelen at Rogne peika på nettopp dette problemet. Han hevda at ein nynorsk som ikkje stadig tar inn nye dialektneare former, kanskje vil døye ut fordi skriftspråket stadig vil tape terreng i høve til talen.

Om vi samanfattar resultatata frå orda henta frå kategorien ”bokmålsord” tillatne som sideformer, kan ein først slå fast at det ikkje ser ut til at elevane har internalisert desse orda som tillatne på nynorsk. Læraren deira fortalde at ho ikkje legg vinn på å opplyse om sideformene i undervisninga, fordi det kan vere å gjere elevane ei bjørmeteneste med tanke på seinare arbeid. Nokre elevar ser ut til å ha tatt til seg at ein kan bruke *-lig*-endingar på nynorsk, då feilrapporteringa av desse er noko lågare enn dei andre orda frå denne kategorien. Ord som inneheld diftong i hovudformene, men med tillaten sløyfing av diftongen i sideformene, som ’drømme’ og ’glømme’, ser ikkje ut til å vere internaliserte hos elevane. Sjølv om dei rettar orda på ulike måtar, er dei samde i at dei vil ha inn ein diftong.

#### 5.4.4 Ikkje-tillatne dialektord

Dei fleste elevane oppfatta dialekten sin som nærast nynorsknormalen, då dei var spurte om dette i spørjeskjema. Men i tillegg har dialekten ein del ord som ikkje er del av nokon av dei kodifiserte normalane. Då elevane er vane med å høyre at dialekten deira ligg nær nynorsknormalen, er det interessant å sjå på korleis elevane sin internaliserte nynorsknormal samsvarar med den offisielle ved slike ord.




Figur 29 Elevane si plassering av ikkje-tillatne dialektord i ordlista

For det første har elevane med dialekt frå Søre Sunnmøre mange av dei bokmålske *-heit*-orda i dialekten, berre at desse vert uttalte som *-heit* i staden for *-het*. Innan den kodifiserte nynorsknormalen kan ein finne nokre av desse, som 'sikkerheit' og 'verkelegheit', medan 'likheit' og 'tettheit' ikkje er tillatne. Det er tydeleg at det er vanskeleg for elevane å skilje mellom kven av desse som er tillatne og ikkje. Vi såg i teoridelen at elevar har moglegheit til å nytte *-heit*-endingar som er vanlege i talemålet. Eg har likevel valt å bruke *Nynorskordboka* (2008) som rettesnor, og eg deler inn orda som 'tillatne' eller 'ikkje-tillatne' etter oppføringa der.

Svara som elevane har gitt peikar i retning av at dei har internalisert ein nynorsknormal der desse orda er med, samstundes som tala viser at elevane er klar over at ikkje alle *-heit* orda er tillatne. Over halvparten (55 %) har kryssa av på at 'oppmerksomheit' og 'likheit' er korrekte nynorsk. 43 % har også meint at 'tettheit' er tillate, medan 30 % har markert 'kjærlegheit' som eit nynorskord. Då ingen av desse orda faktisk er innlemma i nynorsknormalen, ser tala frå undersøkinga til å peike mot at elevane ikkje er sikre på bruken av *heit*-ord i nynorsk.

Om vi samanliknar tala frå denne kategorien med tal frå dei andre 'anbehetelse'-orda i ordlista, er det fleire elevar som har meint at desse ikkje-tillatne dialektorda er tillatne, enn det som er tilfelle ved tillatne ord med *be*-forstaving eller *-else*-ending. Det ser såleis ut til å vere større aksept for bruk av *-heit*-ord, enn andre *be*- eller *else*-ord blant elevane i utvalet.

I forhold til dei typiske dialektorda i rettetekstane, er det 'ej' som skil seg mest ut ved å vere hyppigast markert. 83 % har markert dette ordet, og alle har foreslått "eg" som erstatningsord.



Figur 30 Elevane si rapportering av ikkje-tillatne dialektord i rettetekstane

62 % har også markert 'e' som feil, 47 % har stroke ut 'ska' og 60 % har retta 'he'. Sjølv om elevane skriv mykje dialekt, viser dette at dei til ei viss grad er klar over at dialekten deira har trekk som skil seg frå talemålet deira. Læraren nemnde i lærarintervjuet at elevane har problem med å skrive "meiner" fordi dei i dialekten sin seier "meina". 40 % av elevane i undersøkinga har retta dette ordet, men om ein tar bort dei som berre har retta ordet ved å legge til ein /r/, altså dei som hevda at 'meinar' er greitt å skrive, står ein att med under halvparten. 10 av dei 19 elevane som har markert ordet har retta det til "meinar". Læraren sine utsegner blir såleis verifisert av materialet. Når det gjeld akkurat dette ordet, og andre verb som skal ha *-er*-ending på nynorsk, er det ikkje så rart at elevane gjer feil. For det første spelar nok dette med bøyingsystemet i dialekten ei viktig rolle, og for det andre kan det vere at mange skriv på bakgrunn av ei internalisert språkkjensle der *a*-endingar høyrer meir nynorsk ut enn *e*-endingar, og at dei difor vel å skrive "meinar" eller "seiar".

'Dokke' som tiltaleform for "de" eller "dykk" er vanleg i sunnmørsdialekten. Dette ordet var tatt med både i den eine retteteksten og i ordlista for å sjå om elevane svarte

nokolunde tilsvarande på dei to delundersøkingane. I ordlista var det 34 % som svarta at 'dokke' berre er tillate i nynorsk, medan 17 % meinte at det var lov i begge målformene. 34 % hadde fått med seg at 'dokke' ikkje er tillate innan den norske rettskriving. I rettetekstane var det 57 % som har markert 'dokke' som feil i nynorsk. Ved å setje saman tala frå både retteteksten og ordlista, kjem det fram at 37 elevar (79 %) har markert 'dokke' som feil ein av stadane. 10 elevar i denne gruppa har markert ordet begge stadar. Dette viser at svært mange av elevane har ei formeining om at 'dokke' ikkje er tillate på nynorsk. Likevel kan ein ikkje seie ut ifrå tala at elevane har kryssa rett på 'ikkje norsk rettskriving' i ordlista, og så at dei fleste av dei berre har gløymt å markere ordet i retteteksten. Det er faktisk berre ei markering meir i ordlista enn i retteteksten (24 i ordlista og 23 i retteteksten), og ein kan difor ikkje konkludere med at elevane har oversett ordet i retteteksten. Det låge talet på elevar som har markert ordet som feil begge stadar kan difor på den eine sida peike mot at elevane er usikre på om ordet er tillate på, samstundes som det på den andre sida ser ut til at elevane vil vere forsiktige med å bruke ordet sjølve, sidan så mange faktisk har merka ordet som ikkje tillate ein av stadane.

21 % av utvalet har markert 'trygghet' som feil, og alle desse elevane har erstatta ordet med "tryggleik". Dette er den lågaste prosenten med feilmarkering i denne kategorien, og dette kan tyde på at mange elevar trur at 'trygghet' er tillate. Vi har tidlegare sett at elevane er relativt opne i høve til å bruke *-heit*-former i nynorsk, og dette resultatet kan vere med å peike i same retning. Frå teoridelen såg vi at bruk av *-heit*-ord er forholdsvis fri for elevane på nynorsk, og resultatet er difor i tråd med normeringa på dette feltet.


På spørsmål om kva som er særleg vanskeleg med å skrive nynorsk, var det fleire av elevane som vart intervjua som nemnde at det er vanskeleg å bøye verba (sts-g1, sts-g2, el-g1, el-g2). Det kan difor vere relevant å sjå på kva elevane meiner om bøyinga av 'å skrive'. Elevane si dialektform i preteritum partisipp er "skreve", og det viser seg at mange (58 % av elevane kryssa til saman av for at ordet er tillate å skrive anten berre i nynorsk eller både på nynorsk og bokmål) trur at dette også er tillate i nynorsk skrift. Samstundes viser tala at nokre også har fått med seg at dette ikkje kan skrivast, då 32 % svarta at "skreve" ikkje er tillate på norsk. Resultatet viser igjen det store spriket i materialet, og det kan kanskje tyde på at den samla elevgruppa ikkje har internalisert nokon einsarta nynorsknormal.

Til ei oppsummering om orda i undersøkinga som var henta frå ikkje-tillatne dialektord, ser ein at elevane veit at nokre *-heit*-ord er tillatne, men at dei ikkje er heilt sikre på kva for ord dette gjeld. Det ser også ut til at elevane aksepterer *-heit*-ord i større grad, enn *be-* og *else*-ord på nynorsk. I forhold til andre dialektord ser det ut til at fleirtalet av elevane har internalisert eit skilje som anten 'tillate' eller 'ikkje-tillate'. Mellom anna peika 'ej' og 'e' seg ut som ord dei

fleste av elevane merkte av som feil. 'Meina' eller 'meinar' derimot, ser det ut til at elevane ikkje har internalisert som feil. Dette kan også henge saman med at 'meinar' gjerne høyrer meir nynorsk ut enn "meiner". Verbbøying vart nemnt av fleire elevar i elevintervjua som særskilt vanskeleg fordi talemålet deira skil seg til dels mykje frå den kodifiserte bøyninga av mange verb.

#### 5.4.5 Nynorskord som er i bruk i dialekten

Vi såg i teoridelen at nynorsken var i utgangspunktet meint til å vere bygdefolkets sitt språk, og at nærleiken til talemålet alltid har vore eit sentralt poeng hos nynorskfolka. Det som kanskje gjer det særleg vanskeleg å skrive nynorsk, er at talen i mange høve ligg svært nær skriftnormalen, medan det på andre område er store sprik mellom dei. I forhold til dei dialektneare orda som var med i undersøkinga, ser det ut til at elevane stort sett er trygge på at orda frå denne kategorien er tillatte på nynorsk. Einaste unntaket er 'korfor', der heile 64 % svarta at dette ikkje er tillate på nynorsk. Då dette er eit ord som ligg svært nær dialektane på Søre Sunnmøre, er det kanskje rart at ikkje fleire er klar over at dei har lov til å bruke det. På




Figur 31 Elevane si plassering av nynorskord som er i bruk i dialekten i ordlista

den andre sida kan det vere at "kvifor" har festa seg som det språklege uttrykket, og at 'korfor' kanskje heller vert oppfatta som ei dialektform.

Ordet 'ikkje' gir det tydelegaste utslaget, då berre 2 elevar frå det samla utvalet hevda at 'ikkje' berre er tillate på bokmål. Resten av utvalet var einige om at 'ikkje' er nynorsk. Det

er interessant at ikkje fleire har kryssa av for at dette kan brukast i begge målformene, då bokmålsnormalen er svært open for såkalla ”nynorskformer”. ’Ikkje’ er mellom dei aller mest frekvente orda i språket, og saman med ’eg’ er det dei to orda blant dei mest frekvente som er ulike på bokmål og nynorsk. Dette skiljet mellom nynorsk og bokmål ser det altså ut til at elevane har internalisert.




Figur 32 Elevane si rapportering av nynorskord som er i bruk i dialekten i rettetekstane

I høve til rettetekstane ser det ut til at mange av desse orda er internaliserte hos elevane som tillatne på nynorsk. Det som peikar seg mest ut, er ordet ’korfor’, noko vi også såg over i ordlista. Også ’sånne’, ’kjangs’ og ’innehelde’ ser ut til å vere ukjente nynorskord for elevane. Om dette heng saman med ei kjensle av at orda ligg ”for” nær dialekten, eller om det berre er ord som elevane ikkje er vane med å bruke, er ikkje sikkert. Om lag halvparten av elevane vil erstatte desse orda med andre ord dei meiner høver betre. Når det gjeld ’innehelde’, vil alle dei 20 elevane som har markert dette ordet som feil erstatte det med ”inneheld”. I høve til ’sånne’ er det meir usemje kring kva for ord som er betre, forslaga er ”sanne”, ”slik” og ”slike”. ’Kjangs’ ser ut til å vere lite kjent, og alle dei ulike forslaga til erstattarord peiker kanskje mot at elevane er usikre på korleis dette ordet skal skrivast. Forslaga spriker mellom ”sjangs”, ”kjangse”, ”sjans” og ”sjanse”, der dei fleste har meint det sistnemnde (vedlegg 23 og 24). Vi har tidlegare sett at elevane ser ut til å akseptere *-heit*-ord i nynorsk, og dette ser ut til å gjelde for ’sikkerheit’ også. Alle dei fem elevane som meinte ordet var skrive feil har erstatta det med ”tryggleik”. Elevane kjenner seg kanskje tryggare på at ”tryggleik” er rett nynorsk, men sidan

'sikkerheit' samsvarer meir med dialekten, vil det kanskje vere naturleg for dei fleste å heller skrive det. Som vi såg over, er det vanskeleg for elevane å hugse på at dei kan skrive 'sikkerheit, medan dei bør halde seg unna 'tryggheit'. Ein slik inkonsekvens vert umogeleg å halde oversyn over, og dette ser vi også ved at mange ikkje har markert 'tryggheit' som feil.

#### 5.4.6 Nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten

Mange av orda elevane skriv på nynorsk, er ikkje lik slik dei vert uttala i dialekten på Søre Sunnmøre. Likevel viste elevintervjua at elevane har internalisert ei forståing av at der vil vere eit skilje mellom tale og skrift, og at mange av elevane ikkje reknar dette som noko stort problem. Desse "tradisjonelle" nynorskorda er ord som elevane er vane med å møte i skrift, og det er kanskje difor dei ser ut til å kjenne seg rimeleg trygge på denne kategorien. Det er også opplagt at mange vel å bruke slike "trygge" ord i skriftinga, og dermed vert orda frå denne kategorien oppretthalde i skriftbildet.



**Figur 33** Elevane si rapportering av nynorskbruk som ikkje er i bruk i dialekten i ordlista


I ordlista ser det ut til å vere stor normsikkerheit rundt dei tradisjonelle nynorskorda. 91 % kryssa av for at 'eg' er berre tillate på nynorsk, 2 % hevda at ordforma berre er tillate bokmål, og 4 % av elevane hadde kryssa av for begge målformene. Til saman vil det seie at 3 elevar svara noko anna enn at dette ikkje berre er nynorsk (1 elev svara ikkje på dette ordet). 'Eg' er som sagt eitt anna av dei få orda som ikkje er tillate på bokmål, og då det er svært få som har kryssa av for at det også kan brukast på bokmål, ser det ut til at elevane har internalisert 'eg'



som eit reint nynorskord. Dette gjeld også for 'aude' og 'stove', der langt over halvparten har kryssa av på at dette berre er tillate på nynorsk.

Det er kanskje litt spesielt at 15 % svara at 'aude' ikkje er tillate i norsk rettskriving og at 9 % svara det same om 'stove'. Dette kan henge saman med at både 'aude' og 'stove' mogleg vert oppfatta som gammaldagse og utdaterte. Ved å kryssjekke kven som har svara at desse orda ikkje er inkludert i norsk rettskriving, viser det seg at fem av dei sju er elevar på yrkesfag, men alle dei sju har skrive at dei har karakter i hovudmål på enten 4 eller 5. Ein kan difor ikkje konkludere med at dette er elevar som er svake i norsk.

I den første retteteksten, der ord frå denne kategorien er med, har elevane tydeleg reagert på ein del av orda. (Eg har ikkje tatt med alle orda i diagrammet, då det er for mange til å gjere det oversiktleg.) Under arbeidet med denne teksten skulle elevane markere orda som dei



Figur 34 Elevane si markering av nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten i rettetekstane

oppfatta som unaturlege for dei å bruke, og heller erstatte det med eit anna nynorskord. 81 % av den samla elevgruppa har markert ordet 'tykkjer' som unaturleg. Dei aller fleste vil erstatte dette med ei eller anna form av verbet "synest". 70 % har utheva 'nøgd' som unaturleg, og alle har erstatta ordet med "fornøgd". Både 'omsuta', 'prova' og 'båe' har også blitt markert av over 60 % av elevane som unaturlege.

Berre fem elevar (11 %) markerte 'Noreg' som unaturleg, og dei ville heller ha erstatta det med "Norge". Dette kan tyde på at Noreg er internalisert hos dei fleste elevane som einaste skriftlege alternativ på nynorsk, og at det dermed også er det naturlege, sjølv om det skil seg frå talen. Også 'eg' og 'kyrkje', ser ut til å stå sterkt, sjølv om talen deira også skil seg frå

desse ordformene. Det ser dermed ut til at elevane på den eine sida til ei viss grad er opptekne av å ta nyare ord og former inn i skrifta, samstundes som dei gjennom dei praktiske delane av undersøkinga har vist god kjennskap til konservative former som ikkje er del av deira talemål.

## 5.5 Oppsummering frå resultat og analyse

### 5.5.1 Den internaliserte nynorsknormalen ligg nær talemålet

66 % av elevane i utvalet svara at dialekten deira har mest felles med den nynorske skriftnormalen. Om lag like mange svara at det er lettast for dei å skrive nynorsk. På vidare spørsmål om kor viktig samanhengen er mellom talen og skriftnorma er, svara 40 % av elevane at denne samanhengen er 'viktig' eller 'svært viktig'. 13 % hevda at denne samanhengen er 'uviktig' eller 'heilt uvesentleg', medan 36 % kryssa av for at dei ikkje har noko meining om denne saka. Det ser såleis ut til at elevane ikkje er einige om kor viktig denne korrespondansen er, då svara går i begge retningar. Trass i at dei ikkje svara eintydig på dette spørsmålet, meinte læraren deira å observere at elevane stoler for mykje på samsvaret mellom dialekten og nynorsknormalen, og at dette fører til mange skrivefeil. Ho oppfatta også samanblanding mellom dialektord og nynorskord som elevane si største utfordring med å skrive nynorsk, samstundes som ho påpeikte at det ikkje er lett å vite kva ein skal seie som lærar i slike høve. Å lære elevane opp til at dialekten ligg nær skriftspråket, slik at dei berre kan høyre på den, vert i mange tilfelle feil. Ho ville difor ikkje vere med på at eit tett samband mellom talemål og skriftnormal berre er eit gode for elevane. Hennar oppfatningar ser ut til å verte verifiserte i den praktiske delen av undersøkinga. I avkryssingsdelen i ordlista hevda rundt 50 % av elevane at ein kan skrive 'kjærlegheit', 'oppmerksomheit', 'likheit', 'tettheit' og 'skreve' på nynorsk. Frå rettetekstane skil 'tryggheit' seg ut som eit ord få utheva som feil, men også dialektformer som 'morga', 'meina' og 'ska' var relativt lite markete som ikkje tillate. Det at om lag halvparten av elevane kryssa av for at ein kan bruke orda over på nynorsk, sjølv om dei ikkje formelt er innlemma i nynorsknormalen, kan vere eit teikn på at mange av elevane har internalisert ein nynorsknormal som ligg nærare talemålet enn han i realiteten gjer. Likevel viser materialet at elevane for nokre ord har internalisert eit ganske tydeleg skilje, som til dømes ved orda 'ej' og 'e'.

### *5.5.2 Elevane kjenner seg usikre på rettskrivinga i nynorsk*

Det ser ut til at elevane i materialet ikkje kjenner seg tilstrekkeleg sikre på rettskrivinga i nynorsk. Av dei elevane i dette utvalet som svara at dei opplever nynorsk som lettaste målform å skrive kryssa 31 % for at dei er 'heilt sikker' eller 'ganske sikker' på rettskrivinga. 51 % av det totale utvalet kryssa av for at det er ordtlifanget i nynorsk som gir dei største vanskaner med å skrive nynorsk. Dette kan tolkast som eit signal om at elevane ikkje kjenner seg tilstrekkeleg trygge på si eiga skriftform. I så fall er dette eit dårleg teikn for nynorskopplæringa, då desse elevane burde ha dei beste føresetnadene for å lære nynorsk, både gjennom 10 års skulegang, oppvekst i et nynorskprega lokalsamfunn, og lokalpresse som held seg til nynorsk. Elevane si kjensle av manglande meistring i nynorsk vart stadfesta av læraren deira. Ho hevda som sagt at mange slit med samanblanding mellom dialekt og normert nynorsk i tekstane sine, og at elevane kavara med ordvalet i nynorsk. Det sistnemnde såg ho noko i samband med påverknaden elevane opplever frå bokmålet, og at dei såleis heller ikkje greier å frigjere seg frå den bokmålske syntaksen. Då vert det til at elevane leitar etter erstatningar for bokmålsord, i staden for å tenke sjølvstendig på nynorsk.

### *5.5.3 Kjennskap til valfridom og sideformer*

Vi har sett til no at elevane sin internaliserte nynorsknormal ikkje ser ut til å samsvare heilt med den kodifiserte nynorsknormalen. Det verkar også som dette gjeld i høve til valfridommen og systemet med hovud- og sideformer.

Under 20 % av det totale utvalet i undersøkinga meinte at det er stor valfridom innan ord- og formvalet i nynorskrettskrivinga. Over 60 % var delvis einig og 18 % var ueinige i påstanden om stor valfridom i nynorsk. Det at så få faktisk er klar over at valmoglegheitene i nynorsk er mange, er interessant fordi det fortel at den internaliserte nynorsknormalen hos mange av elevane er smalare enn den kodifiserte normalen. Dette ser også ut til å gjelde for kunnskap om to-nivåsystemet i nynorskrettskrivinga. Resultata viser at fleirtalet av elevane ikkje veit at ein har eit slikt system i nynorsk. Den internaliserte nynorsknormalen manglar dermed eit viktig kontaktpunkt i høve til den kodifiserte normalen hos mange av elevane.

I lærarintervjuet kom det fram at det ikkje er mykje fokus på valfridommen i nynorsk i undervisninga. Læraren grunnava dette med at det ikkje er eintydig positivt for elevane å ha så stor valfridom i skrivinga, og at mange lærarar helst ser at elevane skriv konsekvent. Dessutan meinte ho at ei opplæring med sideformer, som ein seinare må avlære, ikkje er heldig, og at elevane såleis kanskje er meir tente med å måtte skrive meir einsarta i opplæringa.

#### 5.5.4 ELEVANE VEL NYNORSK

For at nynorsken skal ha noko framtid som berekraftig skriftspråk, må elevane velje å bruke målforma også utanfor skulen. Tala frå undersøkinga ser ut til å peike mot at elevane vekslar mellom å skrive nynorsk og dialekt – avhengig av samanheng og adressat – medan dei berre ved få høve vel å skrive bokmål. Som hovudregel ser det ut til at elevane skriv nynorsk i formelle samanhengar, og dialekt i uformelle samanhengar. Dette bildet er likevel ikkje heilt eintydig, då svært mange vel å bruke nynorsk i personlege brev og i e-postar til venner og kjente. Det at elevane aktivt vel å skrive nynorsk i private samanhengar, kan vere eit teikn på at elevane faktisk opplever nynorsknormalen som også dekkande for å skildre kjensler og uformelle, personlege helsingar. Dette kan truleg tolkast slik at elevane vil fortsette med å skrive nynorsk i framtida, ettersom dei nyttar nynorsk i samanhengar der dei står fritt til å velje målform.

Også i intervjuet gav fleirtalet av elevane uttrykk for at dei vil halde fast med å skrive nynorsk som vaksne. Fleire framheva også korleis nynorsken er ein del av identiteten deira, og at det difor kjennest feil å skrive bokmål.

#### 5.5.5 MANGLANDE OVERORDNA SYSTEM

Vi har sett at elevane ikkje er samde om at skriftnorma må ligge nær talen. Samstundes har vi også sett at dei i mange tilfelle har internalisert eit skilje mellom tale og skrift, slik at dei veit at dei ikkje kan skrive beint fram slik dei snakkar, om dei vil skrive rett. Fleire av dei elevane som vart intervjuet, la også til at gapet mellom tale og skrift ikkje kjennest som noko problem, sidan tale og skrift er to fråskilte ytringsformer. Dette kan ein sjå både ut frå svara som dei intervjuet elevane har gitt, og markeringane av dialektnære former i ordlista og i rettetekstane. Likevel såg vi over at om lag halvparten av elevane valte ord og former som ligg nærare dialekten enn det som ein finn opning for i nynorsknormalen. Dette kan tyde på at det ikkje er sjølve plasseringa av nynorsknormalen som nær eller fjern frå talen som er problemet, men heller at elevane ikkje veit kvar grensegangane mellom dialekt, bokmål og nynorsk går.

Fleire av resultatane frå den praktiske delen av undersøkinga er også med på å underbygge ein slik påstand. For det første er ikkje elevane samde om plasseringa (nynorsk, bokmål, begge målformer eller ikkje tillate i det heile på norsk) av eit einaste ord i ordlista. Dette fortel lite konkret, men det er like fullt med på å indikere at elevane kjenner seg usikre på rettskrivinga i nynorsk. Heller ikkje er det ein einaste elev som har kryssa av korrekt plassering for alle orda i ordlista. Dei orda som elevane ser ut til å vere mest utrygge på, er dei orda som

er henta frå dei bokmålske og dei dialektneare sidene av normalen. Dette gjeld til dels både tillatne ”bokmålsord”, ”bokmålsord” tillatne som sideformer og ikkje-tillatne bokmålsord. Avkryssingane som elevane har gjort, verkar nesten tilfeldige, og dei ber preg av at språkbrukaren har mangla retningslinjer å halde seg til. Til dømes har over 50 % av elevane sett kryss for at ’betennelse’ berre er tillate på bokmål, medan like mange har kryssa av for at ’bevegelse’ er tillate på begge målformene. Likeins kan ein trekke fram ’beskrivelse’, som ikkje er tillate, men som likevel har vorte kryssa av for tillate på begge målformer av over halvparten av elevane.

I den andre enden av normalen, på den konservative sida, viser resultata at elevane er noko meir trygge. Det ser ut til å vere vanskelegare for elevane å setje skilje mellom dialektformer og nynorskord, enn å fastsetje status til ’nynorskord som ikkje er i bruk i dialekten’. Dette kan vi lese ut av både kategoriane ’ikkje-tillatne dialektord’ og ’nynorskord som er i bruk i dialekten’.

I forhold til ’anbehetelse’-orda peiker materialet i retning av ein noko større aksept for *an-* og *-heit*, medan *be-* og *-else* ikkje ser ut til å vere internaliserte hos desse elvane som korrekt og god nynorsk. I spørjeskjema svara 51 % av elevane at bruk av slike former er ’tillate, men ueigna’ på nynorsk. Den samla elevmassen verkar å vere klar over at ein del av ’anbehetelse’-orda er innlemma i nynorsknormalen, men det er stor usemje kring kven av orda dette gjeld for.

Det kan såleis sjå ut til å vere mangelen på system på kva for ord som er innlemma i nynorsknormalen som er den største utfordringa for elevane med å skrive nynorsk. Undersøkinga viser at elevane kjenner seg usikre på kva som er rett i høve til norma, og det er kanskje det punktet i granskinga som påpeikar klarast at nynorskelevane har behov for ei revidering av regelsystemet i nynorsknormalen, der grensegangane rundt normalen vert tydelegare. Elevane gir uttrykk for at dei treng ein nynorsknormal som er klar på kva for ord dei kan bruke, slik at dei ikkje stadig må slå opp i ordlista eller skrive om setninga for å vere sikre. Det verkar ikkje som elevane har like store vanskar med konservative ”tradisjonelle” nynorskord, som dei har med dialektneare ord og ord med bokmålsklang, og det kan difor sjå ut til at elevane ikkje hadde vorte skadelidande av ein trongare normal, der færre ord var tillatne. På den andre sida er det heller ikkje slik at resultata viser at normalen må verte trongare, altså at elevane tydeleg slit med breidda i normalen. Det som kjem fram, er at normalen må vere meir konsekvent i ordtilfanget, slik at elevane kan lære enkle reglar for ordvalet i nynorsk. Om realiteten etter Språkrådet si normering vert at normalen ikkje er smalna inn, treng dette difor

ikkje nødvendigvis å vere negativt for elevane heller, så lenge regelsystemet vert forenkla og systemet kjem betre fram.

#### *5.5.6 Usemje kring kva som gjere nynorsken lettare*

Resultata som har kome fram i denne undersøkinga gir ikkje noko tydeleg svar på kva for veg normeringa bør ta vidare. Då elevane sjølve i intervjuja fekk spørsmålet om kva som kunne gjerast for at nynorsk skulle verte lettare å lære og lettare å bruke, var svara noko sprikande. Frå den eine kanten vart det hevda at ingen snakkar slik nynorsk skal skrivast, og at normalen difor burde leggest nærare dialektane. På den andre sida vart det sagt at normalen burde strammast inn slik at han ikkje lenger er like open for dialektformer og ord frå bokmål. Elevane karakteriserte i liten grad valfridommen og breidda i normalen som noko problem. Dette kan henge saman med det vi har sett på over, om at elevane ikkje er klar over at valmoglegheitene er store i nynorsk. Då læraren til elevane fekk det same spørsmålet, var ho snar med å påpeike breidda i normalen, og at denne breidda kanskje ikkje berre er til det gode for elevane. Det ser såleis ut til at spørsmålet om breie eller tronge skriftspråksnormalar ikkje er det elevane er mest opptekne av. Dei er ikkje ein gong klar over om normalen er brei eller ikkje. Det kjem meir fram at dei har behov for tydelege reglar for kva for ord dei kan bruke, slik at dei kan kjenne seg tryggare i skrivinga.

## 6 Konklusjonar og avslutting

---

### 6.1 Bakgrunn for granskinga

Denne granskinga har hatt som mål å undersøke den internaliserte nynorsknormalen til eit utval elevar med nynorsk som hovudmål. Oppgåva er dermed plassert i språknormeringsfeltet, og vidare innan forskning kring implementering av språknormer. Det norske språket generelt – og nynorsk spesielt – har vore prega av hyppige og radikale reformer med utviding av ordtilfanget (særleg mot bokmål) og endringar i formverket. Det vert difor hevda at nynorske språkbrukarar ikkje har moglegheit til å halde oversyn med innhaldet i nynorsknormalen. Med dette som bakgrunn har eg freista å finne trekk ved elevane sin internaliserte nynorsknormal, for å sjå korleis denne ”normalen” høver saman med den kodifiserte nynorsknormalen. Utgangspunktet mitt var spørsmåla:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

Objektet for granskinga har dermed blitt den internaliserte nynorsknormalen til elevane. ’Internalisert’ vert i dette høvet forstått som elevane sin oppfatta samanheng mellom nynorsknormalen og sin eigen dialekt, og ord og former som elevane meiner høyrer til inn under nynorsknormalen. Denne internaliserte nynorsknormalane til elevane har eg vidare freista å samanlikne med den kodifiserte nynorsknormalen.

Samstundes som eg har arbeidd med denne undersøkinga, har Språkrådet vedteke at dei skal gå i gang med ei revidering av nynorsknormalen. Målet med revisjonen skal vere å ” laga ei tydeleg, enkel og stram norm (...) som er stabil over tid” (Språkrådet 2007b). I høve til denne målsettinga har eg også freista å sjå korleis funna frå denne undersøkinga mi passar saman med intensjonen om ein ”stram” og ”stabil” normal.

### 6.2 Elevane sin oppfatta samanheng mellom nynorsknormalen og eigen dialekt

#### 6.2.1 Fleirtalet meiner at dialekten ligg nærast nynorsk

66 % av den samla elevgruppa svara at dei opplever at dialekten deira ligg nærast den nynorske skriftnormalen. 68 % kryssa av for at nynorsk er lettast for dei å skrive. Resultata viser såleis at

over halvparten av elevane kjenner på eit nært samband mellom sin eigen dialekt og skriftnormalen, og at det er nynorsk som opplevast som lettast å skrive for dei fleste. Dette bildet vert også stadfesta av svara elevane har gitt for når dei får flest feil, der 55 % av elevane kryssa av for 'bokmål' (9 % svara ikkje på dette spørsmålet). Av dei som har svart, viser utrekningar for signifikants at elevane i stor grad svara samsvarande på at dei opplever nynorsk som lettaste målform, og at dei får flest feil i bokmål (vedlegg 24).

Det ser derimot ikkje ut til å vere ein tydeleg tendens i materialet når det gjeld kor viktig korrespondansen mellom talemål og skriftnormal er for skrivinga. 40 % av elevane kryssa for at det er 'viktig' eller 'svært viktig' med eit tett samanband mellom tale og skrift, medan 13 % oppfatta nærleiken som 'uviktig' eller 'heilt uvesentleg'. 36 % hevda at dei ikkje har gjort seg opp ei meining om dette spørsmålet. I intervjudelen vart det lagt fram synspunkt for begge syna. Elevane argumenterte på den eine sida for at nynorsken har fjerna seg for mykje frå dialektane, og at det såleis ikkje er nokon som lenger snakkar slik ein må skrive nynorsk. På den andre sida vart det også hevda at nynorsken skal lyde "gammaldags", og at det ikkje er naudsynt med ein normal som tillet nøyaktig dei same orda som ein bruker i talen, fordi der uansett vil vere eit skilje mellom tale og skrift.

### **6.3 Ord og former som elevane meiner høyrer inn under nynorsknormalen**

#### *6.3.1 Elevane kjenner seg ikkje sikre på skrive nynorsk*

På spørsmål om kva elevane oppfatta som det vanskelegaste med å skrive nynorsk, kryssa 51 % av elevane av for 'ordtilfanget'. Det kjem såleis klart fram at elevane ikkje kjenner seg trygge på kva for ord dei har moglegheit til å bruke og kva for ord dei bør unngå på nynorsk. Dette resultatet er eit tydeleg teikn på at elevane treng ei revidering av nynorsknormalen der systemet i forhold til ordval i nynorsk vert lettare og meir oversiktleg. Ei kjensle av å ikkje vere trygg på å skrive nynorsk, ser ut til å bli stadfesta av elevane vidare i spørjeskjema. På spørsmål om kor sikre dei kjenner seg på nynorskrettskrivinga, er det berre éin elev som kryssa av for at han kjenner seg 'heilt sikker'. 50 % oppfatta seg sjølv som 'ganske sikker', medan heile 47 % svara at dei kjenner seg 'litt usikker' eller 'ganske usikker' på rettskrivinga i nynorsk. Då nesten halvparten av elevane oppfattar seg sjølve som litt eller ganske usikre på å skrive nynorsk, fortel dette at ein i nynorskopplæringa har store utfordringar. Desse elevane skulle ha dei beste føresetnadene for å kjenne seg trygge på nynorsken, i og med at dei har vakse opp i aktive nynorskkommunar, i tillegg til at dei har hatt nynorsk som hovudmål heile



grunnskulen. Eit slikt resultat er dermed med på å forsterke funna vi har sett på over om at nynorskbrukarane treng ei forenkling av systemet og regelverket for ordval i nynorsk.

### 6.3.2 Grensegangen mellom dialekt, nynorsk og bokmål

Ved å sjå nærare etter på avkryssinga som elevane har gjort i dei praktiske delane i undersøkinga, er det mogleg å få noko meir greie på kva det er med ordtilfanget som elevane kjenner seg usikre på.

For det første ser det ut til at elevane slit med å skilje kva for dialektformer som dei har lov til å skrive og ikkje på nynorsk. Elevane har svært mange av dei såkalla 'anbehetelse'-orda i dialekten sin, men dei veit ikkje kven av desse enkeltorda som også kan skrivast på nynorsk. Generelt om desse orda meinte over halvparten av elevane at dei er 'tillatne, men ueigna' i nynorsk. Det vil altså seie at elevane trur at orda kan skrivast, men at dei likevel helst bør unngåast, fordi dei ikkje er "gode" nynorskord. Når ein så går vidare på detaljnivå i plasseringa av desse orda, viser resultatata at elevane ikkje har internalisert noko tydelege grenser for kven av desse orda som er tillatne og ikkje. Dette kan ein mellom anna sjå av plasseringa av 'oppmerksomheit' og 'likheit'. Begge desse orda var det 55 % av elevane som kryssa av for som 'nynorsk', medan det korrekte er at ingen av desse orda er tillatne innan den kodifiserte nynorskrettskrivinga. Det ser elles ut til at elevane er noko meir opne for ord som begynner med *an-* og sluttar med *-heit*, enn orda som begynner med *be-* og sluttar på *-else*.

Andre typiske dialektformer som 'dokke' og 'skreve' er elevane heller ikkje sikre på. 51 % har hevda at desse orda kan skrivast på nynorsk, medan 'korfor', som faktisk er innlemma i nynorsknormalen ikkje vart godteke av meir enn 17 % av elevane.

Når det gjeld ord som kanskje vert oppfatta som "bokmålske", men som likevel er innlemma i nynorsknormalen, og "bokmålsord" som elevane har i dialekten, men som ikkje er tillatne på nynorsk, ser også forvirringa ut til å vere stor. Over halvparten kryssa i ordlista av for at 'betennelse', som er tillate, ikkje kan skrivast på nynorsk. Like mange hevda at 'beskrivelse', både kan skrivast på nynorsk og bokmål, sjølv om dette altså ikkje er tilfelle.

Elevane ser ut til å vere mest sikre på dei konservative nynorskformene. I ordlista var orda 'aude', 'eg' (med slik uttale) og 'stove' tatt med, og sjølv om elevane ikkje har desse ordformene som ein del av sin dialekt, har alle blitt markerte som nynorskord av mellom 60 og 80 %. I rettetekstane vart mange av dei tradisjonelle nynorskorda som har nyare erstatningsord markert som unaturlege. Dette kan tyde på at elevane er kjente med at dei ikkje treng å skrive 'tykkjer' og 'nøgd', når dei kan velje 'synes' og 'fornøgd'. Likevel er det berre vel 10 % som

har kryssa av for at dei ikkje vil skrive 'Noreg', noko som kan tyde på at fleirtalet av elevane faktisk har internalisert at 'Norge' ikkje er tillate på nynorsk, sjølv om det er den ordrette stavinga i høve til dialekten. Det same gjeld for 'kyrkjer' (markert som unaturleg av 13 %), sjølv om elevane seier "kirker".

Det ser såleis ut til at elevane kjenner seg nokolunde sikre på den konservative sida av normalen, sjølv om formene ikkje korresponderer med dialekten. Når det gjeld meir dialektneare former og ord med bokmålsordlyd, framstår elevane sin internaliserte nynorsknormal som ikkje tydeleg på kvar grensene for nynorsken går.

I granskinga kom det også fram at valfridommen i nynorsk, og systemet med hovud- og sideformer, er lite kjent blant elevane. I eitt av intervjua kom det fram at eleven verken var kjent med omgrepa, eller at han visste om dette var tilfelle for nynorsken sin del. Dette kan tyde på at aspekta rundt valfridom og sideformer har vore lite tematisert i undervisninga, noko som også tidlegare forskning peikar på.

### *6.3.3 Elevane har internalisert ein nynorsknormal som ligg nær talemålet*

Norsklæraren til desse elevane utpeikte samanblanding mellom dialektord og nynorskord som den største utfordringa elevane har med å skrive nynorsk. Elevane er vane med å tenke at skriftnormalen ligg nær dialekten deira, og dette fører i mange tilfelle til ei overgeneralisering av kva for ord frå dialekten dei også kan bruke i skrift. Læraren deira meinte difor at eit tett samband mellom nynorsknormalen og dialekten, ikkje berre er eit gode for elevane. Som svar på kva som kunne har gjort nynorsken enklare for elevane, kom ho også inn på valfridommen, og ho stilte spørsmål om valmoglegheitene eigentleg er til hjelp for elevane.

Det kan sjå ut til at resultatata frå dei praktiske delane i undersøkinga stadfestar norsklæraren sine utsegn til ei viss grad. Samanblandinga gjeld kanskje særleg ord med *-heit*-ending, der omlag halvparten av elevane har kryssa av for at ein kan skrive 'kjarlegheit', 'oppmerksomheit', 'likheit', og 'tetttheit' på nynorsk. Liknande tendensar kom også fram i rettetekstane, der om lag 20 % hadde markert 'tryggheit' som ikkje tillate. Av dei andre dialektformene i rettetekstane, kom det fram at elevane ha internalisert tydelege skilje mellom dialekt og skrift i muntlege ord og former som 'ej' og 'e', medan under halvparten av elevane har markert orda 'morga', 'meina' og 'ska' som ikkje tillate. Resultata ser dermed ut til å stadfeste ei samanblanding mellom dialekt og nynorsk, men i varierende styrkegrad alt etter ordform og bøyning.

## 6.4 Nynorsken si framtid, sett i lys av resultatata

### 6.4.1 Mangel på system for innlemming av ord

Noko av det som kjem klarast fram gjennom denne undersøkinga, er elevane sitt behov for ein meir systematisk og oversiktleg nynorsknormal. Dette kan ein mellom anna sjå av dei tilfeldige avkryssingane og markeringane som elevane har gjort i dei praktiske delane i undersøkinga, og svara som vart gitt i intervjua. Ingen av elevane som vart intervjua kunne peike ut noko system å gå etter for ordvalet i nynorsk. Fleire sa også at dei kjente seg usikre, og at dei stadig må bruke ordliste eller omskrivingar for å vere sikre. Også læraren til elevane meinte at inkonsekvensane mellom dialekt og nynorsk gjer nynorsken vanskeleg for elevane.

Fleire språkvitarar har også sett søkelys på dette problemet, og vi har sett mellom anna at Vikør (2008) etterlyser forenklingar og systematiske linjer i nynorsk for å bøte på dette problemet.

### 6.4.2 Optimisme og framhald, trass i uvisse og påverknad frå bokmål

Resultata frå spørsmåla der elevane skulle krysse av for den målforma dei ville valt i ulike samanhengar, viste at elevane vel å skrive nynorsk og vel å nytte nynorsk som sitt mål også i private samanhengar utanfor skulen. Dette kan vere med på å vise at elevane oppfattar nynorsk som ei skriftnorm som er brukbar for dei, og det gir grunnlag for å tru at dei vil nytte nynorsk også seinare når dei vert eldre, og dei kan velje meir fritt. Fleirtalet av elevane som vart intervjua, var også klare på at dei vil halde fram med å skrive nynorsk som vaksne, om ikkje arbeidsgjevar pålegg dei noko anna. Det ser såleis ut til at elevane er innstilte på å fortsette med å skrive nynorsk, sjølv om resultatata over viser at dei på mange område er usikre i forhold til innhaldet i normalen. Tidlegare forskning har peikt i retning av at nynorskelevar gjerne er meir ideologisk knytte til skriftnorma si enn bokmåselevar, og det kan sjå ut til å gjelde også for dette utvalet. I intervjua vart nynorsken framheva som ein del av identiteten til ei av informantane, medan ei anna samanlikna forholdet til nynorsken med nærleiken ho kjente på til dialekten sin.

Elevane lever i det daglege presset frå bokmål, og dette vart påpeikt både av elevane sjølve og læraren deira. Elevane framheva korleis det aller meste av det dei les og høyrer på fjernsyn og i media elles er prega av bokmål, og at dette fører til at skriving på bokmål stort sett kjem lett for elevane. Læraren deira kopla trykket frå bokmål til noko av det som gjer ordvalet i nynorsk vanskeleg, fordi elevane lever også så nær bokmål at dei til dels tenker

bokmålssyntaks når dei skriv, og at dette kan føre til at elevane vert ståande fast i mangel på dekkande ord på nynorsk.

## **6.5 Resultat frå undersøkinga i forhold til Språkrådet sine vedtak**

### *6.5.1 Språkrådet sine vedtak og kritikk av desse*

Vi har sett over at Språkrådet har vedteke ei revidering av nynorsknormalen. Språkrådet har sett som mål at den nye nynorsknormalen skal vere ”stram”, noko som vil innebere ei innskrenking av dagens normal. I tillegg er det sett som mål at normalen skal vere ”stabil”, og dette må kunne tolkast som eit uttrykk for at det som no vert vedtatt skal stå fast lenge, og at språkbrukarane såleis ikkje skal oppleve hyppige endringar i innhaldet i normalen.

I teoridelen vart det peikt på ein artikkel av Rogne (2007) som set spørjeteikn ved ei normering som tek sikte på å utforme ein normal som ”stram” og ”stabil”. Motargumenta hans gjekk på at grunnpilaren til nynorsknormalen er det tette sambandet mellom dei ulike dialektane og målforma. Ei innstramming av valmoglegheitene ville difor måtte innebere ei innskrenking av former som ulike nynorskbrukarar opplever som nær sin dialekt. Den reviderte normalen ville difor verte oppfatta som fjernare frå mange av språkbrukarane sin dialekt. Hans frykt var at om språkbrukarane ikkje lenger kan kjenne att talemålet sitt i nynorsken, vil dei kanskje velje normalen vekk. I tillegg vart det hevda at ei ”stabil” norm ikkje tek omsyn til språkbrukarane fordi han etter kort tid vil framstå som konservativ i høve til talen. Ein vil dermed igjen stå i fare for å kome i ein situasjonen der ein del av språkbrukarane ikkje kjenner seg like heime i nynorsknormalen, fordi talemåler deira har utvikla seg langt ifrå dei normerte orda og formene.

Det er klart at kritikken som vert framsett peikar på viktige utfordringar for normeringa av nynorsknormalen. På bakgrunn av resultatata i denne undersøkinga, vil eg likevel ikkje vere fullt så pessimistisk som Rogne lét til å vere.

For det første ser det ut til at elevane har internalisert eit skilje mellom tale og skrift, og at dei såleis er klar over at der alltid vil vere ein avstand, i større eller mindre grad, mellom orda slik elevane uttalar dei og slik dei skal skrivast. Dessutan var det fleire av elevane i utvalet som peika på at nynorsken ”skal” framstå som konservativ, og at det øydelegg normalen å leggje han for nær opp til bokmålet. Eg trur heller ikkje at det er nokon reell fare for at ord og former som elevane har internalisert og oppfattar som gode og stabile nynorskord, vil forsvinne i revideringa av normalen. Vi har sett korleis Vikør (2003) uttala at han ikkje ser for seg at Språkrådet kan gjere radikale endringar i normalen, og at revideringa såleis heller vil innebere

ei omorganisering av dei formene som allereie er innlemma. Om revideringa av nynorsknormalen vil gjere normalen trongare, og at elevane såleis får færre former å velje mellom, ser det ikkje ut til å ville verte eit stort hinder for elevane i utvalet. På den andre sida indikerer heller ikkje materialet at elevane klart vil få hjelp av ein trongare nynorsknormal. Det er i det heile tatt vanskeleg å seie noko generelt om breidda i normalen er til hjelp eller ikkje, fordi svara frå elevane peiker i begge retningar.

Elevane såg ut til å vere mest trygge på den konservative delen av nynorsknormalen. Eg trur difor at ein ikkje skal vere så redd for om normalen vert liggande noko ”bak” talen. Stadige inntak av nye ”bokmålsord” i normalen, slik vi har hatt det til no, har i allfall ikkje ført til at elevane i utvalet fullt ut har internalisert ein normal dei kjenner seg att i, og som dei er trygge på. Dei er tvert imot ganske usikre på kva for ord og former frå dei ”nyare” delane av normalen som kan brukast og ikkje. Talemålet vil uansett endre seg så fort at skriftnormalane ikkje har moglegheit til å halde følge. Ei punktnormering der nye ord frå den dominerande norske skriftnormalen vert innlemma stadig vekk, ser ikkje ut til berre å gagne språkbrukarane fordi det vert for stor uvisse knytt til kven av orda som er tillatne og ikkje. Då ser det heller ut til at elevane er best tente med ein normal som er stabil over tid, og som dei kan lære innhaldet i og grensene for.

Språkrådet har vidare vedtatt at to-nivåsystemet med hovud- og sideformer skal takast bort frå nynorsknormalen, slik det allereie er gjort i bokmålsnormalen. For elevane som har vore med i denne granskinga, teiknar dette ikkje til å bli noko problem, då dei ikkje ser ut til å ha internalisert kunnskap om dette systemet frå før.

I den første setninga frå Språkrådet si pressemelding er ordlyden at dei skal lage ”ei enkel, tydeleg og stram norm” (Språkrådet 2007b). I denne presiseringa saknar eg kanskje eit klarare uttrykk for at normalen skal gjerast meir systematisk. Det er mogleg dei meiner dette ved å seie ”enkel” og ”tydeleg”, men på bakgrunn av denne undersøkinga kan behovet sjå ut til å vere størst for eit system med enkle reglar som går an å lære for vanlege språkbrukarar. Det kjem fram i granskinga at spørsmålet om breie eller tronge skriftspråksnormalar truleg ikkje er det mest vesentlege for om elevane skal kjenne seg sikre eller ikkje i nynorsk. Det dei mest av alt har behov for, er ein normal der reglane for kva for ord og bøyingsformer dei kan bruke er så enkle og oversiktlege at språkbrukarane kan lære dei og forstå dei.

## 6.6 Konklusjon

Til svar på det første spørsmålet – *korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?* – ser materialet ut til å vise at dei undersøkte elevane har internliasert ein nynorsknormal som ligg nærare talemålet enn den kodifiserte normalen. 66 % svara at dei fleste orda i dialekten deira er henta frå nynorsk, og om lag like mange kryssa av for at det lettast for dei å skrive nynorsk.

På den andre spørsmålet – *kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?* – viser resultatata at elevane er usikre og usamde om kva for ord og former nynorsknormalen inneheld. Elevane ser ut til å vere mest sikre på orda frå den konservative delen av normalen, medan dei verkar meir usikre på orda med bokmålsk ordlyd eller med dialektpreg. Undersøkinga viser at elevane ikkje har særleg kjennskap verken til omfanget av valfridommen innan nynorskrettskrivinga, eller systemet med hovud- og sideformer. Det største problemet for desse elevane med å skrive nynorsk ser ut til å vere uvissa knytt til kva for ord og former dei kan velje og ikkje på nynorsk. På bakgrunn av resultatata vert det difor tydeleg at elevane har behov for ein nynorsknormal som er meir oversiktleg og med reglar for grensegangane for ord og former dei kan bruke, og at desse reglane er enkle og generelle nok til å forstå og lære.

Resultata frå undersøkinga harmonerer for ein stor del med måla som Språkrådet har sett for revideringa av nynorsknormalen. Ei norm som er strammare og som held seg over tid, ser ut til å vere nyttig for elevane fordi dei då kanskje har moglegheit til å lære innhaldet i normalen betre enn i dag, og dei kan verte tryggare på kva ord dei kan velje. Resultata tyder såleis på at ein auka avstand frå talemålet ikkje gjer for mykje ”skade” for desse elevane fordi dei allereie er kjente med at det kan vere ein viss distanse mellom tale og skrift. Om tonivåsystemet skulle forsvinne, verkar det som at dette ikkje treng å vere nokon ulempe for elevane i utvalet ettersom mange av dei ikkje eingong er kjente med det noverande systemet.

I Språkrådet si pressemelding om revideringa av nynorsknormalen kjem det ikkje klart fram at systematikken i normalen skal forbeholdast. Undersøkinga har vist at mangelen på overordna reglar for ordval og system i forhold til kva for ord og ordformer språkbrukarane kan nytte i nynorsk er eit problem for elevane i utvalet. Det at Språkrådet ikkje er tydelegare i si formulering om at også dette systemet må forbeholdast, men at dei først og fremst framhevar innskrenkinga og stabiliteten som det viktige, oppfattar eg difor som ein mangel ved den framsette intensjonen om rettskrivingsendringa i nynorsk.

## 7 Litteratur

---

- Akselberg, G. (1999). Valfridomen i nynorsk. I: Omdal, H. (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge?* (= Høgskolen i Agder. Forskningsserien 17). 9–22. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Akselberg, G. (2003). Praksis og haldning til valfridomen i den nynorske skriftnorma hjå elevar som har nynorsk som hovudmål. I: Omdal, H. & Røsstad, R. (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*: 69–92. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Almenningen, O. (2006). *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Samlaget.
- Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i "nynorskland". I: Myking, J., Sandøy, H. & Akselberg, G. (red.): *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*: 23–31. Oslo: Novus.
- Berg, C. M. (1999). "La oss skrive slik det er naturleg og behagelig". *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. [Hovudfagsavhandling]. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Bungum, I., & Sirnes, S. M. (2007). *Nynorskelevar sviatar si eiga målform*. [Pressemelding.] (Undersøking lagt fram på Norskseminaret i Førde 23.03.2007).
- Dyvik, H. (2003). Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning? I: Omdal, H. & Røsstad, R. (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*: 25–40. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Faarlund, J. T. (1994). Er nynorsk eit språk? *Norsk læraren* 1:44–47.
- Grepstad, O. (2005a). *Nynorsk faktabok 2005*, 01 Noreg. Lasta ned 13.08.2008, frå <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=436&id=425>
- Grepstad, O. (2005b). *Nynorsk faktabok 2005*, 03 Ungdoms haldningar og språkbruk. Lasta ned 13.08.2008, frå <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=438>
- Grepstad, O. (2005c). *Nynorsk faktabok 2005*, 08 Grunnskule. Lasta ned 13.08.2008, frå <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=444>
- Grepstad, O. (2005d). *Nynorsk faktabok 2005*, 09 Vidaregåande skule. Lasta ned 13.08.2008, frå <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=445>
- Hellevik, A. (2005). *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hoel, T. (1996). Vide og tronge skriftspråknormer – eit skandinavisk oversyn. I: Omdal, H. (red.): *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen* (= Høgskolen i Agder. Forskningsserien 2): 47–59. Kristiansand.
- Holme, I. M., & Solvang, B. K. (1996). *Metodevalg og metodebruk*. 3. utg. Oslo: TANO.
- Ivars, A.-M. (1986). *Från Österbotten til Sörmland. En undersökning av emigration och språklig anpassning*. (=Studier i nordisk filologi 66). Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Jansson, B. K. (1999). *Fri til å velje? ei undersökning av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærerutdanninga*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Lauritsen, V. (1996). Den nye teljemåten – meir forvirring? I: Omdal, H. (red.): *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen* (= Høgskolen i Agder. Forskningsserien 2): 117–130. Kristiansand.
- Mæhlum, B. (2004). Normer. I: Mæhlum, B. ofl. (red.): *Språkmøte: innføring i sosiolingvistik*. 2. utg.: 87–103. Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Nygård, O. (2003). Problemer i norsk språknormering med utgangspunkt i Aftenpostens språklige praksis. I: Omdal, H. & Røsstad, R. (red.): *Krefter og motkrefter i*

- språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis: 57–67.* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Nynorskordboka (2008). Lasta ned 14.08.2008, frå <http://www.dokpro.uio.no/perl/ordboksoek/ordbok.cgi?OPP=internalisere&nynorsk=S%F8k+i+Nynorskordboka&ordbok=bokmaal&alfabet=n&renset=j>
- Omdal, H. (1997). Språkkonsulentens dilemma. I: Bondevik, J. ofl. (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-års dagen 4. mars 1997*: 129–149. Bergen: Alma Mater.
- Omdal, H. (2004). *Språknormering – med mål i sikte? Om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år.* (= Høgskolen i Agder. *Forskningsserien* 39). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Omdal, H., & Vikør, L. S. (2002). *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk.* 2. utg. Oslo: Cappelen.
- Rogne, M. (2007). Nynorsk – det nye riksmålet? *Språklig samling* 3–4:12–13.
- Sandøy, H. (2004). Norvagisering og fornorsking. I: Sandøy, H. & Östman, J.-O. (red.): *"Det främmande" i nordisk språkpolitik. Om normering av utländska ord.* (= *Moderne importord i språka i Norden* 2): 107–141. Oslo: Novus.
- Skjekkeland, M. (2003). Slutt på tilnæringslinja. [Kronikk]. *Fædrelandsvennen* 18.03.2003.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying.* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Språkrådet (2005). *Rettskrivningsendringene i 2005* Lasta ned 20.08.2008, frå [http://www.sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraaknytt\\_3\\_2005/Rettskrivningsendringene/](http://www.sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraaknytt_3_2005/Rettskrivningsendringene/)
- Språkrådet (2007a). Kultur- og kyrkjedepartementet ber Språkrådet venta med revisjon av nynorskrettskrivinga. Lasta ned 13.082008, frå <http://www.sprakradet.no/Topppmeny/Aktuelt/Nynorskrettskrivinga-KKD-ber-Sprakradet-vente/>
- Språkrådet (2007b). Styret i Språkrådet går inn for revisjon av nynorskrettskrivinga. Lasta ned 13.082008, frå <http://www.sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Aktuelt/Nynorskrettskrivinga-KKD-ber-Sprakradet-vente/140907-Styret-i-sprakradet-gar-inn-for-revisjon-av-nynorskrettskrivinga/>
- St.meld. nr. 35 (2007-2008). *Mål og Mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Lasta ned 06.08.2008, frå <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kkd/Dokument/Proposisjonar-og-meldingar/Stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-.html?id=519923>
- Sunnmørskart (2008). Lasta ned 19.05.2008, frå [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no)
- Thelander, M. (1979). *Språkliga variationsmodeller tillämpade på nutida Burträsktal. Del 2 Teoretiska utgångspunkter och analys på språkartsnivå* (= *Studia philologiae Scandinavicae Upsaliensia* 14). Uppsala: Uppsala universitet.
- Torp, A., & Vikør, L. S. (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* 3. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk forlag.
- Vannebo, K. I. (1980). Om språkvitenskapens normbegrep. *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1/1:3–23.
- Vikør, L. S. (1998). Rettskrivingsreformer i nynorsk i dette hundreåret. *Språknytt* 1/1998:4–6.
- Vikør, L. S. (2002). Utviklinga i nynorsk 1950–2000. *Språknytt* 3/4:6–9.
- Vikør, L. S. (2003). Statleg og privat normering i nynorsk. I: Omdal, H. & Røsstad, R. (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*: 295–304. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* 3. utg. Oslo: Novus.
- Vikør, L. S. (2008?). *Om normering av nynorsk på tidleg 2000-tal – behov eller trong?* [Artikkel under trykking].



## Vedlegg

---

Vedlegg 1 Spørjeskjema.....	122
Vedlegg 2 Rettetekstar.....	127
Vedlegg 3 Ordliste.....	129
Vedlegg 4 Ordliste - fasit.....	130
Vedlegg 5 Gjennomføring .....	131
Vedlegg 6 E-post til lærar om gjennomføring .....	132
Vedlegg 7 Intervjuguide elev.....	133
Vedlegg 8 Intervjuguide lærar .....	134
Vedlegg 9 Transkripsjon elev sts-j1.....	135
Vedlegg 10 Transkripsjon elev sts-j2.....	137
Vedlegg 11 Transkripsjon elev sts-g1 .....	139
Vedlegg 12 Transkripsjon elev sts-g2.....	141
Vedlegg 13 Transkripsjon elev el-g1 .....	143
Vedlegg 14 Transkripsjon elev el-g2 .....	145
Vedlegg 15 Transkripsjon elev ss-j1.....	147
Vedlegg 16 Transkripsjon elev ss-j2.....	149
Vedlegg 17 Transkripsjon lærarintervju.....	151
Vedlegg 18 Utfylling til spørsmål 2.7 i spørjeskjema .....	153
Vedlegg 19 Utfylling til spørsmål 3.1 i spørjeskjema .....	155
Vedlegg 20 Utfylling til spørsmål 3.2 i spørjeskjema .....	156
Vedlegg 21 Utfylling til spørsmål 3.3 i spørjeskjema .....	157
Vedlegg 22 Utfylling til spørsmål 3.4 i spørjeskjema .....	158
Vedlegg 23 Rettingar i rettetekst 1.....	159
Vedlegg 24 Rettingar i rettetekst 2.....	160
Vedlegg 25 Signifikantsutrekning for figur 10.....	161
Vedlegg 26 Signifikantsutrekning for figur 14.....	162
Vedlegg 27 Signifikantsutrekning for figur 15.....	163
Vedlegg 28 Signifikantsutrekning for figur 18.....	164
Vedlegg 29 Signifikantsutrekning for figur 21.....	165

## Vedlegg 1 Spørjeskjema

### SPØRJESKJEMA MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

---

Takk for at du vil vere med!

I spørjeskjemaet under møter du spørsmål som handlar om bruken din og haldningane dine til både nynorsk og bokmål. Det er viktig at du legg dine eigne meiningar og opplevingar til grunn for svara du gir.

Eg håper at du vil ta deg tid til å svare på alle spørsmåla! Helsing Pernille Fiskerstrand

#### 1.0 HOVUDMÅL

- 1.1 Hovudmål: **nynorsk**   
**bokmål**

#### 2.0 DIALEKT OG SKRIFTSPRÅK

2.1 Dialekten min er ifrå: .....

- 2.2 Dei fleste orda i dialekten min er henta frå: **nynorsk** **bokmål** **mellomting**

- 2.3 Når eg skriv nynorsk brukar eg ordliste: **ofte** **av og til** **sjeldan** **aldri**

- 2.4 Når eg skriv bokmål brukar eg ordliste: **ofte** **av og til** **sjeldan** **aldri**

- 2.5 Eg får flest feil når eg skriv: **nynorsk**   
**bokmål**

2.6 Kva for målform vel du i dei ulike samanhengane under? (sett berre eitt kryss på kvar linje)

	<b>nynorsk</b>	<b>bokmål</b>	<b>dialekt</b>
2.6.1 E-post til venner og kjente	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.2 E-post til ukjente (f.eks ved kjøp på nettet o.l.)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.3 SMS til venner og kjente	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.4 SMS til ukjente	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.5 Personlege brev eller helsingar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.6 Beskjedar, huskelister, handlelister o.l.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.7 Formelle brev (f.eks jobbsøknad o.l.)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6.8 Tekstar i skulesamheng der du kan velje	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

2.7 Om du varierer i målform i spørsmål 2.6, kvifor gjer du det?

.....

.....

.....

2.8 Det er lettast for meg å skrive:

**nynorsk**

**bokmål**

2.9 Kor viktig er det for deg å kunne bruke ord frå dialekten din i skrift? (sett eitt kryss på linja)



2.10 Kommenterar: (Skriv her om du vil legge til noko som du meiner er viktig og som du ikkje har fått sagt gjennom spørsmåla over)

.....

.....

.....

**3.0 OPPLEVINGAR MED NYNORSK OG BOKMÅL** (svar helst på alle spørsmåla)

3.1 Nynorsk er lett å skrive fordi:

.....  
.....

3.2 Nynorsk er ikkje lett å skrive fordi:

.....  
.....


3.3 Bokmål er lett å skrive fordi:

.....  
.....


3.4 Bokmål er ikkje lett å skrive fordi:

.....  
.....

3.5 Kor sikker kjenner du deg på kva som er tillate å skrive i nynorsk? (sett eitt kryss på linja)




3.6 Kor sikker kjenner du deg på kva som er tillate å skrive i bokmål? (sett eitt kryss på linja)




#### 4.0 HALDNINGAR TIL MÅLFORMENE

4.1 Eg ser på nynorsk som: (sett eitt kryss på linja)



4.2 Eg ser på bokmål som: (sett eitt kryss på linja)




4.3 I nynorsk har vi stor valfridom innan rettskrivinga:    **einig**    **delvis einig**    **ueinig**

4.4 I bokmål har vi stor valfridom innan rettskrivinga:    **einig**    **delvis einig**    **ueinig**

4.5 Å skrive ord på nynorsk som tek til med *an-* og *be-*, eller sluttar med *-heit* og *-else* er:  
(sett eitt kryss på linja)



4.6 I nynorsk har vi både hovudformer og sideformer:    **einig**    **ueinig**    **veit ikkje**

4.7 I bokmål har vi både hovudformer og sideformer:    **einig**    **ueinig**    **veit ikkje**

## 5.0 EVENTUELLE KOMMENTARAR TIL SPØRJESKJEMAET

5.1 Skriv her om du har meiningar til nynorsk og bokmål som du ikkje føler har fått kome fram gjennom spørjeskjemaet:

.....

.....

.....

.....

.....

(Bruk baksida om du treng meir plass)

## 6.0 INFORMANTEN

6.1 Kjønn: **jente**   
**gut**

6.2 Studieretning: **studiespesialiserande**   
**yrkesretta**

6.3 Karakter i hovudmålet: (sett ein ring)    **0**    **1**    **2**    **3**    **4**    **5**    **6**

6.4 Kva yrke kan du helst tenke deg som vaksen? .....

6.5 Eg kan vere med på eit personleg intervju om liknande spørsmål seinare i veka:

**ja**

**nei**

## Vedlegg 2 Rettetekstar

### RETTETEKSTAR MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

---

Under står det skrive to tekstar. Den eine er på nynorsk, den andre er på sunnmørsdialekt. Det er eiga forklaring til kvar av tekstane.

Takk for innsatsen din!

Helsing Pernille Fiskerstrand

#### TEKST PÅ KONSERVATIVT NYNORSK

Les gjennom teksten under. Marker (med ein strek) dei orda som ikkje er naturleg for deg å bruke i daglegtalet, og skriv det ordet som du heller ville brukt i *erstatningsfeltet* til høgre. Erstatningsordet skal også kunne skrivast på nynorsk.

---

Eksempel: Sjå ~~børna~~ der borte

barna

Erstatningsfelt

Kva tykkjer du om valresultatet? Eg er stort sett nøgd, men eg har min tvil om ordføraren meistarar å innfri alle lovnadene til oss veljarar. Eg nytta i allfall røysteretten min, så har eg prova samfunnsengasjementet mitt.

Eg fekk rettleiing av fleire i tida fram mot valet. Tilrådingane gjekk båt i raud og blå retning, men som ein medviten borgar valde eg sjølvstekt ut ifrå eiga overtiding. Eg hørde dei melde på nyhenda at valoppslutnaden var god.

Eg drøymmer om at Noreg framleis skal vere eit godt land å bu i. Og i røynda ser det vel ut til at det skal halde seg trygt lenge enno. Det er kjærkome med pengane frå oljen, men vi veit jo ikkje kor lenge dei kan vare. Kva meiner dykk? Sant nok, har dei fleste det bra, men ein finn mykje urettvise òg. Dessutan forfell skulebygg og kyrkjer, og dei eldre får ikkje den omsuta dei har krav på.

## TEKST PÅ DIALEKT

Les igjennom teksten under. Marker (med ein strek) dei orda som du meiner ikkje er tillatne å skrive slik på nynorsk, og skriv det ordet du meiner tilsvarar, og som kan skrivast på nynorsk, i *erstatningsfeltet* til høgre.

Eksempel: ~~Ka~~ det ~~gjeng~~ i?

kva, går

Erstatningsfelt

Vil du bli berømt når du blir stor? Ej veit ikkje heilt, det er sikkert deilig å ver rik og sånn, men ej trur ikkje nødvendigvis at en blir lykkelig av det. Ej drømme selvfølgelig om økonomisk trygghet, men ej trur kanskje at det går på bekostning av for mykje anna, mi eiga sikkerheit for eksempel.

He dokke funne antrekk til begravelsen i morga? Ja, ej meina at det e naturleg å kle seg i svart i sånne sørgelige anledninga. Ej blir nok reine anstendigheita sjøl, ska du sjå.

Du som e så bedagelig anlagt, du blir vel ikkje med på en opplevelsestur? Tja, det blir nok ingen fornøyelse, men ej kan nå alltid gi det en kjangs.

Kan du anbefale dagens rett? Ja, korfor skulle ej ikkje det? Den innehelde alt mulig av spiselige nytelsa. Då bestille ej den. Ta godt med salt og pepper på biffen, og gløm for all del ikkje melk i kaffien til desserten.



### Vedlegg 3 Ordliste

#### ORDLISTE

MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

Les orda som står i kolonnen til venstre og marker med eitt kryss i den av dei fire kolonnane til høgre som du meiner at ordet høyrer til i.

Ord	Nynorsk	Bokmål	Begge delar	Ikkje norsk rettskriving
Norge				
løfte (eit)				
svømme				
fortreffelig				
døkke (de/dykk)				
analfabet				
forespørsel				
liksom				
forakte				
sjølsagt				
pepper				
beherske				
kjærlegheit				
eg				
korfor				
veit (å vite)				
oppmerksomheit				
ansatt				
brukbar				
seier (å vinne ein)				
vindu				
betennelse				
likheit				
spise				
ikkje				
hevelse				
forberedt				
antal				
noen				
tetttheit				
beskytte				
forsinkelse				
bolig				
aude				
åpne				
bevegelse				
beskrivelse				
stove				
skreve (å skrive)				
bru				

## Vedlegg 4 Ordliste - fasit

### ORDLISTE - FASIT

MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

Les orda som står i kolonnen til venstre og marker med eitt kryss i den av dei fire kolonnane til høgre som du meiner at ordet høyrer til i.

Ord	Nynorsk	Bokmål	Begge delar	Ikkje norsk rettskriving
Norge		x		
framifrå			x	
svømme		x		
fortreffelig			x	
døkke (de/dykk)				x
analfabet			x	
forespørsel		x		
liksom			x	
forakte			x	
sjølsagt		x		
pepper		x		
beherske			x	
kjærlegheit				x
eg	x			
korfor			x	
veit (å vite)			x	
oppmerksomheit				x
ansatt		x		
brukbar			x	
seier (å vinne ein)		x		
vindu		x		
betennelse			x	
likheit				x
spise		x		
ikkje	x			
hevelse			x	
forberedt		x		
antal				x
noen			x	
tetttheit				x
beskytte			x	
forsinkelse		x		
bolig		x		
aude	x			
åpne		x		
bevegelse			x	
beskrivelse		x		
stove			x	
skreve (å skrive)				x
bru			x	

## Vedlegg 5 Gjennomføring


### GJENNOMFØRING MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

---


Liste for gjennomføring av spørjeskjema, rettetekstar og ordliste i klassene

- Presentere meg sjølv
- Forklare kort om bakgrunnen for og formålet med undersøkinga
- Vise opp heftet som dei skal fylle ut, forklare om dei tre delane. Forklare kvifor dei ikkje kan ha hjelpemiddel
- Påpeike at eg er tilgjengeleg, og at dei berre må stille meg spørsmål undervegs
- Be dei om å ta seg god tid, og om å sjå til at dei har svart på alle spørsmål. Ver tydleg på at dei må svare det dei meiner, og ikkje det dei trur andre meiner eller eg forventar!
- Be dei skrive av nummeret øvst på framsida på svararket, i tilfelle dei vert trekt ut til intervju
- Forklare at dei retter opp handa når dei er ferdige, og at eg kjem rundt og samlar inn
  
- [del ut]
  
- Ver på vakt medan elevane arbeider i høve nokre skulle ha spørsmål
- Be dei som vert fort ferdige om å gå igjennom ein gong til
- Samle inn svarpapira og sortere dei etter ”ja-” og ”nei til intervju”
- Trekke ut elevar til intervju og informere om tid og stad
  
- Takke for meg og dele ut ”Twist”

## Vedlegg 6 E-post til lærar om gjennomføring



send Slett Sjøppelpost Flytt til Send og motta >> Arve

 \* Pernille Fiskerstrand  
pernillefiskerstrand@hotmail.com

26.02.2008 09:46

Til: liv.osnes@ulstein.vgs.no ;

**Gjennomføring av spørjeskjema**

Hei igjen,

eg sender her ei hugseliste til gjennomføringa av spørjeskjema-delen med klassa:

Før du deler ut:

- Hels frå meg, og sei at eg er svært takksam for at dei vil vere med på dette
- Forklar at heftet har tre delar, og at det er viktig at dei svarer på alle spørsmål. Før dei leverer kan dei gjerne gå igjennom heftet ein gong til for å sjå at der ikkje er spørsmål som dei har hoppa over
- Forklar at det er viktig at dei svarer det dei sjølve meiner, og ikkje det dei trur andre meiner eller at eg forventar at dei skal meine etc. Dette fordi påliteligheta til mitt materiale avhenger av at dei svarer ut i frå kva dei sjølve oppfattar og meiner. Dei kan difor heller ikkje bruke ordliste, datamaskin eller andre hjelpemiddel
- Forklar at dei må hugse nummeret som står øverst på arket, i tilfelle dei vert uttrekt til intervju
- Sei at dei må berre spørje om det er noko dei lurar på, og om der er noko du er usikker på så ringer du meg 99 737 092 / 38 02 28 77

Undervegs:

- Svar på eventuelle spørsmål
- Ha eit overblikk over klassen for å sjå at dei ikkje pratar med kvarandre eller bruker hjelpemiddel

Etter at elevane har levert:

- Takk for innsatsen
- Gå gjennom om dei leverte hefta og sjå kven som har sagt seg villig til å kunne bli intervjuet (på side 5). Legg desse i ein bunke for seg og trekk ut to tilfeldige elevar.

Helsing Pernille

---

Windows Live Hotmail nå med 5000 MB gratis lagringsplass. [Si det direkte med Windows Live Messenger.](#)

## Vedlegg 7 Intervjuguide elev

### INTERVJUGUIDE - ELEV MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

---

#### INTRODUKSJON

- Forklaring av situasjonen, og kva eg kjem til å spørje om

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL SPØRJESKJEMA

1. Om hovudmålet, kvifor informanten har nynorsk som hovudmål
2. Kor viktig er det for deg at skriftspråket samsvarar med dialekten din?
3. Kva meiner du om å skrive dialektnært?
4. Føler du at nynorsk ”manglar” ord?
5. Meiner du at nynorsk har ord som ikkje bokmål har? Og som heller ikkje finst i dialekten din?
6. Har du tankar om di eiga rettskrivingsnorm? Altså har du lært deg ein måte å skrive på som er korrekt og som dekker behova han har for å uttrykke seg?
7. Utdjuping av kva for målform informanten vel i dei ulike samanhengane?
8. Graden av sikkerheit i forhold til rettskrivinga i begge normalane
9. Kvifor har du svart at nynorsk er gammaldags(←→)trendy?
10. Kva er grunnen til at du oppfattar målformene som breie eller tronge?

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL RETTETEKSTANE

1. Kven av tekstane var vanskeligast å rette? Kvifor?
2. Kva for ord er vanskeligast å fastsette om dei er lov å skrive i nynorsk (dialekt? bokmål?)
3. Kva for ord er lettast å fastsette om dei er lov å skrive på nynorsk (tradisjonsord? dialekt?)
4. Kva er den største utfordringa med å skrive nynorsk? Kvifor?
  - ordtilfanget?
  - bøyingsystem?
  - rettskriving, stavingsmåte?

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL ORDLISTA

1. Kva for reglar har du lært deg for kva som er rett på nynorsk? Både innan ordtilfanget og bøyingsystemet?
2. Ser du eit overordna system som du kan brukast som huskeregel?

#### ANDRE SPØRSMÅL

1. Er du opptatt av å skrive rett?
2. Vil du halde fram med å skrive nynorsk som vaksen? Kvifor?
3. Kva kunne vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære?
4. Kva er ”fin” og ”god” nynorsk?

#### AVSLUTNING

-Takk!

## Vedlegg 8 Intervjuguide lærar

### INTERVJUGUIDE - LÆRAR MASTEROPPGÅVE – PERNILLE FISKERSTRAND

---

#### INTRODUKSJON

- Forklaring av situasjonen, og kva eg kjem til å spørje om

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL SPØRJESKJEMA

1. Om hovudmålet, korleis er stemninga for å skrive nynorsk i klassen
2. Kor viktig er det for deg at skriftspråket samsvarar med dialekten din?
3. Kva meiner du om å skrive dialektnært?
4. Føler du at nynorsk ”manglar” ord?
5. Meiner du at nynorsk har ord som ikkje bokmål har? Og som heller ikkje finst i dialekten din?
6. Har du tankar om di eiga rettskrivingsnorm? Altså har du lært deg ein måte å skrive på som er korrekt og som dekker behova han har for å uttrykke seg?
7. Opplever du at elevane er opptatt av å skrive rett?
8. Kven av målformene skriv elevane mest feil i? Kva slags feil?
9. Bakgrunnen for korleis elevane oppfattar valfridomen i nynorsk

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL RETTETEKSTANE

1. Kjenner du deg sikker på rettskrivinga i nynorsk?
2. Kva for ord meiner du at det er vanskeligast å fastsette om dei er lov å skrive i nynorsk?
3. Kva for ord meiner du at det er lettast å fastsette om dei er lov å skrive i nynorsk?
4. Kva er den største utfordringa for elevane med å skrive nynorsk? Kvifor? Kva prioriterer du i rettinga?
  - ordtilfanget?
  - bøyingsystemet?
  - rettskriving, stavemåte?

#### SPØRSMÅL RELATERT TIL ORDLISTA

1. Korleis legg du fram ordtilfanget i nynorsk for elevane?
2. Ser du eit overordna system som du kan brukast som huskeregel?

#### ANDRE SPØRSMÅL

1. Kva kunne vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære?
2. Kva er ”fin” og ”god” nynorsk?

#### AVSLUTNING

-Takk!

## Vedlegg 9 Transkripsjon elev sts-j1

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 1

P: Pernille

A: Informant I

00:04

P: Intervju 1

Du har valt å fortsette med nynorsk som hovudmål. Korfor det?

A: Fordi at det er likt dialekta mi, og eg har skreve nynorsk sia barneskulen og det fell meir naturleg enn å skrive bokmål.

P: Du var inne på det, men kor viktig er det for deg at skriftspråket samsvara med dialekten

A: Det har litt å sei, for at visst du har ei dialekt som er veldig avvikande i frå det skriftspråket som du skriv, så vil det kanskje vere vanskeligare å greie å skrive riktig. Så visst du har ei dialekt som er lik skriftspråket ditt så kan det då heve snittet både karaktermessig og personlig visst du kan skrive riktigare. Og ja, nynorsk er nå det tøffaste da.

P: Kva meiner du om å skrive dialektnært?

A: Nei, det er nå sånn greitt, egentlig. Dialekt er slik som ein vanligvis ikkje bruka å skrive på stilar og sånn med mindre det er sitering, men det er nå ganske nært dialekten mi sånn egentlig.

P: Føler du at, at nynorsk manglar ein del ord? Når du skriv nynorsk, er der ein del ord i dialekten din som du opplever at du ikkje kan bruke i skrift?

A: Nei, ikkje egentlig. Det er sjølsagt nokre få ord, men eg lid inga nød på grunn av det.

P: Når du skal skrive bokmål da? Opplever du då at du har betre ordforråd på nynorsk? At bokmålet manglar nokre ord?

A: Nei, ikkje egentlig det heller. Det er sjølsagt litt avhengig av ka slags ordforråd du har til vanlig. Eg har ikkje noko problem med å skrive verken nynorsk eller bokmål. Der er ikkje ord som manglar eller plassar der eg sit fast.

P: Kva for tankar har du gjort deg om, om din eiga rettskriving. Er du sikker på korleis du skal skrive?

A: Ja, relativt sikker i alle fall. Der er sjølsagt ord som eg ikkje er heilt sikker på, *interessert* er eit godt eksempel. Men det gjeld nå for begge målformer. Men stort sett så er det veldig greitt.

P: Eg ser av det du har kryssa av, så har du valt mykje forskjellig både, i nokre tilfelle vel du nynorsk, nokre bokmål og nokre dialekt.

A: Mhmm

P: Korfor vel du å skrive bokmål i formelle brev?

A: Det står der (under) at det er litt avhengig av ka språk, eller ka målform som er vanlig i den bedrifta. Mhm, ta eit eksempel da på Rolls Royce, der skriv dei bokmål, og når eg skriv, har skreve jobbsøknadar dit så har eg skreve det på bokmål. For det er bedre då, og då viser det på ein måte også at eg kan å skrive bokmål, og det kan hende kan vere avgjerande om eg får jobb der eller ikkje.

P: Også vel du dialekt når du skal vere mest uformell

A: Ja

P: i sms for eksempel. Korfor det?

A: Nei, du får ein mindre formell samtale når du skriv dialekt, det blir litt meir kvardags. Og, mhm når du prata med vener og kjente så skal du ikkje vere formell, då skal du vere rolig og avslappa og då bør språket vere deretter.

P: Mhm, ja. Du skriv at du er ganske sikker i begge målformene nå du skriv. Kva er det som gjer deg så sikker når du skriv bokmål, når du er oppvaksen med nynorsk?

A: Nei, det er vel som alle ungdommar så ser eg ganske mykje på TV, og dei fleste utanlandske seria og ting, program som er teksta som egentlig er på norsk blir teksta over på bokmål. Så du får jo inn det, emm, det bokmålske skriftspråket relativt mykje i forhold til den nynorsken som du har på skulen. Så du får det sånn nokolunde fifty/fifty, sjølv om du har mest nynorsk på skulen.

P: Korfor er nynorsk trendy?

A: Hehe, ehm. Nynorsk er utaffelig tøft. Det er eit språk for seg sjølv. Og er litt fan av det gamle og det norrøne og sånn og det er likt med det gamle språket. Og det er tøft, der er mange tøffe ord, *skilnad* –eit godt eksempel.

P: Oppfattar du at du på nynorsk har mykje å velje mellom? At der er stor valfridom?

A: Nei, det er vel. Ikkje i overgrad med friheit iallfall. Som regel så laga du deg ei setning som du vil skrive og då, så berre skriv du den. Og det har sjølsagt vore situasjonar der eg har leita litt etter ord, men som regel så har eg ikkje nokken problem.

- P: Oss skal gå over til rettetekstane. Kven av dei synest du var vanskeligast å rette?
- A: Den vi skulle rette frå nynorsk til den, skulle til å sei, det ordet vi ville ha valt å skrive. For då får du plutselig litt problem med ka som er bokmål, ka som er dialekt og ka som er anna sort nynorsk. Og den blir då deretter.
- P: Kva ord er det du synest, om du kan sei noko om ordtypen. Kva ordtype er det som er vanskeligast å fastsette om dei er lov å skrive på nynorsk.
- A: Det er sånne med, -else og endingar og sånn. For dei brukar vi i dialekta vår, og då, den blir jo ein mellomting mellom nynorsk og bokmål. Når du brukar den eine forma som kanskje er bokmål, så blir det plutselig litt vanskelig når du ikkje kan skrive det på nynorsk
- P: Kva ord er det som er lettast. Som du er heilt trygg på, det er nynorsk?
- A: Det er ord som er typisk nynorsk
- P: Kva som ligg id et?
- A: Nei, altså du har jo. Visst du tenker litt sånn lyd. Visst du tenker for eksempel *skilnad*. Det høyrer veldig rart ut når ein frå austlandet seier skiland. Så då tenker eg som så, at då må det nesten vere nynorsk. For det er ufattelig rart å høyre austlendingar snakke nynorsk. Og det høyrer heilt feil ut
- P: Kva er det vanskeligaste med å skrive nynorsk? Er det med ord, med ordforrådet eller bøyging eller er det korleis rettskrivinga, korleis dei skal stavast orda?
- A: Nei, det er mhm. Eg har nå ikkje spesielt problem med det, men ehm ja, det er litt både og egentlig. Rettskrivinga er jo ikkje eit problem, stort sett, men ord, altså når du skal bruke kva for ord – det er jo litt problematisk da.
- P: Har du lært deg nokre reglar for kva som er rett på nynorsk?
- A: Nei, ikkje som eg kjem på i forbifarta i allfall.
- P: Det er meir slik at du berre høyrer det, eller veit det eller?
- A: Det blir på ein måte det som fell meg naturleg, det er som regel det rettaste
- P: Oss var inne på desse –else orda, for eksempel. Har du laga deg noko system i hovudet for kven som kan brukast av dei?
- A: Nei, det er språkøyret nok ein gong som egentlig er avgjerande på om eg blir sitjande å skriv det eller ikkje. Men begravelse er jo eitt ord som vi brukar i dialekta, gravferd er vel ikkje så veldig naturleg. Det er sånne ord som egentlig er litt problem, fordi det er ord som du ikkje brukar i dagligspråket ditt. Og då får du litt problemer med det plutselig.
- P: Men kva gjer du då? Stoppar du opp og slår opp i ordlista eller finne du..., skriv du då gravferd for å vere på den sikre sida? Eller kva gjer du?
- A: Nei, eg skriv vel egentlig gravferd for å vere på den sikre sida. Men ofte så blir det å sjekke opp i ordlista i tillegg, berre for å ver heilt sikker.
- P: Er du opptatt av å skrive rett?
- A: Ja, i allfall når vi skal få karaktersetjing på teksta og slike ting som vi skriv så er rettskrivinga ein stor del av karaktergrunlaget. Og då er det sjølsagt viktig å skrive riktig.
- P: Vil du halde fram med å skrive nynorsk som vaksen?
- A: Ja, så sant situasjonen seier det så. Visst eg sjølsagt blir sitjande i eit firma eller ei bedrift som skriv bokmål så vil eg nok tilpasse meg det. Men sånn privat og sånn så vil eg nok sikkert skrive nynorsk.
- P: Meiner du at der er noko som kunne vore gjort for at nynorsk skulle kunne bli oppfatta som lettare å skrive og lære?
- A: Kanskje visst det blei ført inn i livet til ungdommane og ungar på andre vis? For eksempel å sette inn, at det var teksta på nynorsk i program for eksempel, at ein oversette meir til nynorsk. For folk følle automatisk med på dei tekstane, og så nynorsken like mykje som bokmålet.
- P: Har du nokre meiningar om kva som er fin og god nynorsk?
- A: Fin og god nynorsk, det finst ikkje stygg nynorsk. Det er.. så enkelt er det. Det skal ver.. det skal ver skikkelig, ein skal få ein skikkelig gamaldagsfølelse
- P: Er det positivt?
- A: Det er positivt!
- P: Har du noko du vil sei til slutt?
- A: Ja, ka det kan vere Altså eg kan egentlig ikkje forstå korfor bokmålelevar eller ungdommar på austlandet synst at det er vanskelig å lære nynorsk. For det er jo ikkje vanskelig i det heile tatt. Det er jo berre, altså det er sidestilt med bokmål. Og visst vi greier å lære bokmål like godt som nynorsk, så bør dei også greie det, å skrive nynorsk like godt som bokmål.
- P: Takk skal du ha!

12:03



## Vedlegg 10 Transkripsjon elev sts-j2

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 2

P: Pernille

B: Informant II

00:05

P: Intervju 2

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudnål?

B: Eg har valt å fortsette med nynorsk som hovudmål fordi det er heilt naturleg for meg, og eg likar veldig godt å skrive nynorsk. Og det ville vør unaturleg å begynne med bokmål no når eg er så gammal, og eg føle at nynorsk ligg nært, og det er ein del av identiteten min, vil eg sei.

P: Kor viktig er det for deg at skriftspråket samsvarar med dialekten din?

B: Det er jo litt viktig fordi det ligna meir med nynorsk til mi dialekt enn bokmål, men at ordrett.. Eg vil ikkje akkurat bruke det munnlege språket mitt når eg skriv for det skal jo vere meir ordforråd, eller eit bedre språk det du skriv. Føle eg, så det er ikkje akkurat viktig.

P: Så du synest at det blir eit dårlegare språk når du prøver å skrive dialektnært?

B: Ja, eller det er ikkje så mange kule ord i hermetegn, skulle eg til å seie. Eller der er ikkje så mange spesielle ord og det blir kanskje litt dårlegare visst du skriv akkurat slik som du pratar.

P: Opplever du nokon gong at nynorsk manglar ord? Du har dei i dialekten, men du får ikkje lov å bruke dei?

B: Nei, egentlig ikkje. Då må eg i så fall tenke meg litt om, og så finn eg ut at eg må skrive det litt om, men eg leita som regel ikkje etter ord.

P: Når du skriv bokmål, opplever du at du manglar ord der?

B: Ja, det er faktisk oftare at eg tenker sånn "å, ka er det som er eit godt ord på bokmål for det eg kan skrive på nynorsk". Men det er ikkje så veldig ofte. Eg stille ganske fort over til bokmål når eg skal skrive det

P: Kva tenker du om di eiga rettskriving? Har du lært deg ein måte å skrive på som er rett?

B: Mhm, eg veit ikkje heilt. Eg berre skriv det som er naturleg, og dei orda som eg har hatt problem med å skrive dei har eg på ein måte lært at "det er sånn eg skal skrive dei". Etter å ha slått opp før så veit eg ka det skal ver, og huska eg det til neste gong.

P: Du skil deg kanskje litt ut i den avkryssingslista ved å ikkje bruke bokmål i nokken samanhengar, korfor det?

B: Eg er veldig bevisst på at eg vil bruke nynorsk

P: Du skriv at du føler deg ganske sikker på rettskrivinga både i nynorsk og bokmål, korfor er det ingen forskjell på dei?

B: Nei, fordi eg synest ikkje at det er noko problem med verken bokmål eller nynorsk, det er berre det at eg likar bedre å skrive nynorsk, for at eg er opptatt av at nynorsk er viktig. Men det er ikkje noko vanskelig å skrive bokmål, altså eg synst at det er heilt greitt da. Det er ikkje det at eg skriv feil, men eg synest berre at det er berre kjedelig å skrive det.

P: Du skriv at nynorsk er trendy, korfor det?

B: Fordi eg trur sjøl at om folk er bevisst på det så kan ein gjere det til at det blir meir trendy. Det er jo fleire som brukar det gjennom marknadsføring og sånn, og folk har blitt meir bevisste på at det skal verte meir trendsetting med nynorsk etterkvart, kanskje. Eg har i alle fall forhåpninga om det. Så det kan ver, eller eg trur ikkje akkurat at det er gammaldags, det er jo like kult å skrive skikkeleg nynorsk enn berre vanlig bokmål.

P: Korfor skriv du at du er einig i at vi har stor valfridom i nynorsk?

B: Fordi eg synst at det er ein del bokmålsord som ikkje høyrer heime i nynorsken. Altså ord som er lov å skrive på nynorsk, eg kjem ikkje på nokre akkurat no, men det er ein del ting eg har reagert på visst eg har lest også så ser eg at oj, ditte passa ikkje inn her i det heile tatt. Korfor har dei lov til å skrive det? Slik som "skole" og da, i staden for då. Det har eg reagert på sida 2. klassa trur eg.

P: Oss skal gå over til rettetekstane, kven at dei synest du var vanskeligast å rette?

B: Det var ikkje akkurat at dei var vanskelige, den første teksten var skreve heilt greitt da, eller altså den var jo på nynorsk og slik som eg ville ha skreve den sjøl. Og på den andre så var der jo ein del å rette. Det var ikkje vanskelig da, men det var interessant da. Det var nokre ord eg tenkte at "det kan ikkje vere rett", men eg kom ikkje på ka det var på nynorsk sånn i farta.

P: Eit ord som "omsut", for eksempel, hadde du brukt det i skrift?

B: Det kan ver visst eg hadde tenkt det, men eg måtte kanskje ha slått det opp da, visst eg hadde visst, no kjem eg ikkje akkurat på kva det er på nynorsk, men om eg hadde sett det i samanhengen så. Om eg

hadde sett at det var eit anna ord for det på nynorsk så hadde eg kanskje brukt det. Men sannsynligheita er der.

P: Kva for typar ord synest du at det er vanskeligast å vite om dei er lov å skrive på nynorsk eller ikkje.

B: Eg veit ikkje, kanskje når det gjeld typar ord så er det kanskje slike med be- og an- og sånn. Men eg prøva, for eg veit at du helst skal unngå dei, men enkelte ord må du berre skrive, men dei kan kanskje vere dei som er vanskeligast. Men det eg slite mest med, er å huske artiklane framfor orda for dialekta vår er så feil. Så då må eg tenke: "heiter det ei familie, ein familie.." Då har eg lett for å skrive det som kjennast rett på dialekta mi.

P: Er det då bøyingsystemet som du opplever som vanskeligast?

B: Ja, bøyingsystemet i forhold til mi eiga dialekt, og i forhold til ka eg tenker er rett. Men ein må jo berre slå opp dei orda ein er usikker på, også lærer ein jo etterkvart.

P: Kva for ord er det lettast å fastslå at dei er lov på nynorsk?

B: Det må vere lyda med /k/ og /j/ , og /ar-ending/ og.. Eg veit ikkje heilt korleis eg skal forklare det, men. Det vart kanskje ikkje så bra, da men det er slik eg tenker i allfall

P: Har du nokre reglar inne i hovudet for kva som er lov på nynorsk?

B: Eg tenker at det må ver, eg veit ikkje heilt, men det som eg sa i sta om /ar-ending/ og /kj/ som i ikkje og kanskje meir /o/ i staden for /å/, og /leik/, tryggleik. Ja, det er i allfall vanlig på nynorsk.

P: Så du har ingen overordna hugseregul som er godt å ta tak i?

B: Nei, desverre. Egentlig ikkje.

P: Er du opptatt av å skrive rett?

B: Ja, eg har ikkje lyst til å skrive feil da. Ein må liksom, for å skape eit godt inntrykk av deg sjølv så bør du skrive mest mulig rett da. Og då må ein bruke litt tid til å sjå over om det ein har skreve er rett.

P: Kjem du til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?

B: Ja, det er eg heilt sikker på at eg kjem til å gjer. Sjøl om det kanskje kjem til å by på store utfordringar så skal eg prøve så godt eg kan å skrive nynorsk.

P: Korfor er det så viktig for deg?

B: nei, fordi eg synst at det er viktig å skrive nynorsk. Eg synest at det er veldig viktig å bevare nynorsken og at fleire skal skrive det. Og då hjelper det ikkje om eg slutta å skrive det og legg om til bokmål.

P: Er det noko du meiner kunne vore gjort for å gjere nynorsk lettare?

B: Det går an å vise folk at du ikkje alltid treng å skrive dei vanskelige orda. Du kan på ein måte gjere det om til at det liknar, eller vise kor likt det er vår eiga dialekt i forhold til kanskje bokmål. Slik at folk ser at det er mykje lettare å skrive nynorsk. At ein vert meir bevisst på at det er lett å skrive nynorsk. Og at meir media og bøker og sånn vart på nynorsk, for då hadde ein lært nynorsk mykje fortare enn ein gjer no for no er det bokmål over alt.

P: Kva er det som er fin og god nynorsk?

B: Eg synest no at konservativ nynorsk er kult og sånn da, men, så eg ville sagt at det var det kule med nynorsk, som "kjærleik" "røyndomen" og "lagnaden" og alle sånne . Eg synest at dei er mykje kulare.

P: Er det noko du vil seie til slutt?

B: Nei, egentlig ikkje anna enn at eg synst at nynorsk er veldig fint og at eg håper at det er fleire som vil bruke, eller like godt som meg å skrive nynorsk og at vil fortsette å skrive det i framtida.

P: Takk skal du ha!

08:28

## Vedlegg 11 Transkripsjon elev sts-g1

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 3

P: Pernille

C: Informant 3

00:04

P: Intervju 3

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

C: For det første, så er nå det det eg alltid har skrive, for det andre så synest eg det er kult, trendy som det stor på spørjeskjema

P: Kor viktig er det for det at skriftspråket samsvarar med dialekten?

C: Nei, det er vel ganske viktig. At eg kan skrive det samme... Det er ganske viktig.

P: Korfor er det det?

C: Nei, det må neste ver det, visst ikkje hadde det blitt heilt uvirkelig å skrive bokmål for meg som snakkar dialekt som er nærmere nynorsk enn bokmål.

P: Kva meiner du om å skrive dialektnært?

C: Ja, eg vil ikkje gjer det. Eg vil skrive skikkelig nynorsk, ikkje sånn... Ja, eg vil skrive skikkelig.

P: Opplever du av og til når du skriv nynorsk at språket manglar ord? At du har ord..

C: Ja

P: I dialekten din som du ikkje får skrive?

C: Nei, eg kan ikkje sei det.

P: På den andre sida da, når du skriv bokmål er det der ord som er vanskelig å finne?

C: Nei, eg klare å finne dei fleste orda.

P: Kva tankar har du om di eiga rettskriving, har du lært deg ein måte å skrive på som er rett, og som du er trygg på?

C: Ja, eg er rimelig trygg på rettskrivinga mi. Nokken feil blir det nå.

P: Er du mest sikker på nynorsk eller bokmål?

C: Kanskje bokmål, faktisk, for det lese eg mest på. Ja, eg skriv ikkje så mykje feil uansett.

P: Du vel å ikkje skrive bokmål i nokon av samanhengane, korfor det?

C: Nei, fordi eg skriv nynorsk, og det er språket mitt. Det er ikkje maks å skrive bokmål, for å sei det sånn.

P: Korfor meiner du at vi har stor valfridom i rettskrivinga?

C: Korfor eg meiner det?

P: Ja,..

C: Nei, det er nå berre sånn det er, trur eg. Det er for eksempel *hjá* og *hos* og endingar som ein kan velje mellom i form.

P: Er det positivt?

C: Nei, det er det ikkje. Eg synst at vi skal stoppe å tillate alt mulig. Det blir så mykje bokmål som kjem inn.

P: Vi skal gå over til rettetekstane. Kven av dei tekstane synest du at det var vanskeligast å rette?

C: Eg veit ikkje.

P: Kva for ord i nynorsk synest du at det er vanskeligast å bestemme om dei er rett på nynorsk?

C: Mhm, eg har ikkje så stort problem med det egentlig. Ka du meina?

P: For eksempel i slike ord som begynner med *be-* eller sluttar på *-else*

C: Åja

P: Er du trygg på kven av dei som er lov å skrive og ikkje?

C: Nja, det kan ver litt vanskelig, men eg har ikkje vore bort i det enda.

P: Visst der kjem eit ord der du er usikker, vel du då å slå opp i ordlista, eller skriv du heller setninga om?

C: Eg slår opp, heilt sikkert.

P: På den andre sida, kva for ord er det som du synest er lettast å fastslå at det er ein nynorskord?

C: Mhm, sei det. Eg veit ikkje eg. Ka du tenke på?

P: Når du ser for eksempel *skilnad*,

C: Ja, då tenke eg nynorsk

P: Korfor det?

C: Nei, sei det. Det er berre nokke eg har blitt oppvokst med eller lært. Altså *skilnad*, det høyrst i allfall ikkje bokmål ut.

P: Når du skriv nynorsk, er der då eitt felt som peikar seg ut som problem? Om der er ordforrådet, eller korleis orda skal bøyst, endingar og sånt, eller sjølve rettskrivinga, altså korleis orda skal stavast?

C: Kanskje stavinga, eller nei... det må vere bøyinga

- P: Kva for reglar bruker du når du skal bøye?
- C: For eksempel den om at visst det er, mhm ka det er då, for eksempel visst det er *hoppa* i fortid, då er det *hoppar*, men visst det er *spurte*, då er det, nei det blir feil. Mhm, ja.
- P: Ja, du har lært deg nokre reglar?
- C: Ja, det har eg.
- P: Er du opptatt av å skrive rett?
- C: Ja, heilt klart. Det blir feil å skrive feil.
- P: Endar det då med at du slår opp ganske mykje eller, er du så sikker at det går greitt uten?
- C: Det varierer. Eg slår nå opp av og til når eg er usikker.
- P: Kjem du til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?
- C: Ja.
- P: Korfor?
- C: Fordi eg lika nynorsk, eg synes at det passa bedre enn bokmål i diverse samanhengar. Eg meina det er flott.
- P: Meiner du at der er noko som kunne ha vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære?
- C: Nei, eg veit ikkje. Dei har vel gjort det meste. Eg tvila på at fleire går over. Så nei, dei må berre lære det.
- P: Trur det blir lettare ved at dei tillet fleire ord?
- C: Ja, det kan det bli. Lettare, men samtidig så tek dei då også vekk særpreget med nynorsk ved å tillate alle ord.
- P: Kva meiner du er fin og god nynorsk?
- C: Mhm, sånn konservativ, eller ikkje alt for konservativ, men altså mykje kan ver fint, men ikkje sånn med berre nye ord. Det lika eg ikkje.
- P: Er det noko du vil seie avslutningsvis?
- C: Nei, eg liker nynorsk og nynorsk er tingen.
- P: Takk skal du ha!

07:13

## Vedlegg 12 Transkripsjon elev sts-g2

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 4

P: Pernille

D: Informant 4

00:04

P: Intervju 4

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

D: Det er det eg alltid har hatt, så det er det som er mest naturleg for meg. Ja, det er det som er mest naturleg, det å skrive nynorsk.

P: Er det viktig for deg at skriftspråket samsvarar med dialekta?

D: Ja, men eg vil ikkje skrive feil, eller altså det må vere grammatisk rett, men at det må vere nokolunde likt slik som eg snakka det som eg skriv. Men det kjem litt an på situasjonen, visst det skal ver veldig formelt, må ein kanskje tenke på korleis ein skrive.

P: Kva meiner du om å skrive dialektnært?

D: Det er vel, ka eg skal eg sei, i meir uformelle samanhenga. Sånn ein skriv på msm eller mail, ein sms – der ein berre skal skrive noko fort. Då skriv du ikkje.. då er det ikkje så farleg med korsen du skriv, berre folk forstår det. Det er ofte enklare å forstå berre sånne små beskjedar visst du berre skriv sånn du prata nøyaktig.

P: Opplever du av og til når du skriv nynorsk at du manglar ord? At du har ord som du tenker i hovudet, men som du ikkje har lov å skrive?

D: Nei, det er ikkje noko.. Det er vel aldri.. Det er av og til eg kanskje eg har tenkt på eit bokmålsord, men så har eg.. Men så går ikkje det an å skrive, også har eg måtta funne eit anna. Men det har aldri vore nokke problem.

P: Når du skriv bokmål da? Opplever du der at du har ord som du ikkje har lov å skrive?

D: Ja, det kan.. Av og til så hende det at eg får igjen stilar der eg har brukt berre nynorskord, sånn at det ikkje er lov å skrive dei på bokmål, men eg har skreve dei likevel for eg har trudd at det var lov på begge.

P: Kva tenker du om di eiga rettskriving? Har du opparbeidd deg, etter så mange år på skulen, ein viss oversikt over kva som er lov og ikkje?

D: Ja, eg føler at eg har lært mykje av ka som er lov og ka som ikkje er lov. Også oppdagar nå eg av og til nye ord da, som eg må lære.

P: Du har kryssa av at du aldri skriv bokmål, i desse samanhengane i allfall. Kvifor det?

D: Sjå kva samanhengar var det, eg må berre sjå... Ja, nei det er berre ikkje naturleg for meg å skrive bokmål. For eg snakka ikkje bokmål, og så det. Eg prøva å skrive mest mulig nynorsk, så lenge det er greitt. Eg synes at det er viktig.

P: Du skriv at du er ganske sikker på rettskrivinga både i nynorsk og bokmål, korfor trur du at du er like sikker på bokmål som på nynorsk?

D: Fordi på bokmål, det får du meir sånn på ein måte indoktrinert til vanlig i aviser, på TV, ofte bøker og kanskje til og med dataspel og internett, så du får mest i kvardagen frå bokmål, frå større media. Men sånn i lokalavisa så er det nynorsk, men det er stort sett der.

P: Korfor er nynorsk nøytralt, mens bokmål er trendy?

D: Nei, nynorsk er på ein måte litt meir sånn nøytralt. Det er ingen som skriv nynorsk for å ver kul. Eller, det er nesten det ein skriv for å ikkje ver kul, men for å halde på. Mens bokmål, det er mange som skriv sånn bokmål uten.. Dei skriv på ein anna måte enn dei snakkar, men dei skriv bokmål da. For å virke, eg veit ikkje heilt, for å virke trendy eller kul. Sånn på msn for eksempel. Spesielt det å skrive så i staden for so, det synest eg er ein rar ting å gjere.

P: Du er einig i at vi har stor valfridom i både nynorsk og bokmål. Visst vi tenker på nynorsk, korfor skriv du at det er stor valfridom?

D: Kan du sei det igjen?

P: Ja, her har du kryssa av for at vi har stor valfridom innan rettskrivinga både i nynorsk og bokmål. Men for nynorsken sin del. Korfor, har du lært det eller har du sett det etter kvart eller korsen?..

D: Eg har vel oppdaga det etterkvart at det er mykje som eg ikkje trudde gikk an som går an, men det kan hende eg har tatt litt feil, men eg føle at ein kan skrive mykje same endingar og same ord, visst du ser i ordboka. Men det er ikkje alltid at det virka like naturleg.

P: Oss skal gå over til rettetekstane. Kven av dei synest du at det var vanskeligast å rette?

- D: Eg huska i allfall den i midten som var skreve på sånn dialekt. Den var egentlig.. den kunne du egentlig ha skeve om igjen heile greia for de va så mykje.. Setningane vart heilt rare og det gikk ikkje an å skrive dei om ord for ord. Så der skreiv eg ikkje om for det vart så mykje.
- P: Kva for ord er det vanskeligast å vite om dei er lov å skrive på nynorsk eller ikkje?
- D: Hm, det er vel kanskje mest sånne ord som, om det er /er/ eller /ar/-ending på. Også kjem eg ikkje på noko meir.
- P: Sånne ord som begynner på be-, eller sluttar på -heit eller -else, er du sikker på kven av dei som er lov og ikkje på nynorsk?
- D: Nei, ikkje sånn i.. Det er mange ord eg liksom kan, og då veit eg nå det. Men eg kan egentlig ikkje reglane, så eg bruker ordbok for å sjå da. Det kan vere litt forvirrande. Også er det mange av dei oss sei, men oss må skrive dei på ein anna måte. Enkelte av dei i allfall.
- P: Skjer det at du berre finn eit erstatningsord, eit anna ord som du er trygg på eller sjekkar du med ordlista kvar gong?
- D: Det er ofte at eg skrive om heile setninga, sånn eg veit at eg får inn eit ord som eg kan og som eg veit betydninga av. Eg prøva av og til å unngå slike ord som eg ikkje er heilt sikker på.
- P: Kva for ord er det som du lettast kan fastslå at det er nynorsk? Korleis ser dei orda ut?
- D: Det er visst det er /ar/, *kattar* og sånne ting. Også sånn *korkje*, *kvileis*, og alle sånne typiske nynorskord. *Hjá*, og alle sånne
- P: Kva er det som er største utfordringa med å skrive nynorsk? Er det det med orda, korleis du bøyer orda eller korleis du stavar orda?
- D: Eg trur det er korleis du bøyer orda. Altså det å få det til å virke forståelig, det er ikkje alle... Visst du ikkje har så mykje nynorsk i skule, for eksempel på Austlandet der dei berre har bokmål så kan det vere vanskelig for dei å forstå. Så det er vanskelig å skrive sånn heilt forståelig uten å skrive feil, på ein måte. Uten å blande inn bokmål.
- P: Har du lært deg nokre reglar for kva som er lov å skrive på nynorsk?
- D: Nei, ingen eg huska. Eg veit berre orda, *ikkje* og *korkje*. Eg berre veit liksom dei orda som er typisk nynorsk. Eg kan liksom sjå eller vite, men eg bruker ingen regla, og det kan ofte vere litt problematisk. Eg får litt feil på det, at eg skrive meir slik eg tenker og etter kva eg synest høyrest rett ut og ikkje nødvendigvis ka som er rett.
- P: Er du opptatt av å skrive rett?
- D: Ja, ja eg prøva å skrive så rett som eg berre kan.
- P: Trur du at du kjem til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?
- D: Ja, heilt klart. Eg kjem til å skrive nynorsk. Eg kjem ikkje til å skrifte, med mindre eg blir tvungen og det trur eg ikkje
- P: Korfor er det så viktig for deg å fortsette med nynorsk?
- D: Det er liksom arven og vår opprinnelse Litt sånn som med dialekt. Eg kjem ikkje til å legge om dialekta sjøl om eg flytta, det er på ein måte ein del av kar du kjeme frå og korleis du oppføre deg.
- P: Er der nokre ting du meiner kunne ha vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære og å bruke?
- D: Nei, det er nå ikkje så vanskelig da, det kunne kanskje vør å begynne med å forklare folk at det ikkje er så vanskelig som det ser ut til, og det er ikkje så tåpelig, sjølv om det kan virke veldig rart visst ein ser sånn veldig konservativ nynorsk som kan ver vanskelig å forstå. Men det er vel det å berre å lære reglane og på ein måte øke forståelsen for det er vel aller verst da, men stort sett så er det nå forståelig.
- P: Kva meiner du er fin og god nynorsk?
- D: Det er vel visst den er.. Den er ganske, den er ikkje så utvatna på ein måte, men det er skikkelig nynorsk, men samtidig er den ikkje heilt håplaus gammal med sånne ord som ingen veit, sjøl dei som kan nynorsk veit omtrent. Ein god balanse mellom det.
- P: Har du noko du vil seie tilslutt?
- D: Nei, eg har ikkje nokke. Ingenting å tilføye.
- P: Takk skal du ha!

09:54

## Vedlegg 13 Transkripsjon elev el-g1

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 5

P: Pernille

E: Informant 5

00:011

P: Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

E: Det var ganske greitt sian alle andre har det, også er nå det ei nynorskkommune da.

P: Kor viktig er det for det at skriftspråket ditt samsvarar med dialekten din?

E: Når det samsvarar litt så er det lettare å skrive, for då blir det litt lettare med ordvalge og sånn.

P: Opplever du at nynorsken gjer det? At den samsvarar med din dialekt?

E: Ja, ganske ofte egentlig.

P: Kva meiner du om, visst du ser dialekt nær skrift? Altså er det fint ut, ser det rart ut? Har du tankar om det?

E: Nei, det ser vel kanskje litt rart ut da. Men det er nå greitt egentlig.

P: Opplever du når du skriv at nynorsk manglar ord? At du har ord i dialekten som du føler at du ikkje kan skrive?

E: Nei, egentlig ikkje. Det finst ord for alt på nynorsk.

P: Visst du skriv bokmål da, kan du oppleve der at du manglar ord?

E: Ja, i bokmål er der ikkje så mange ord å velge mellom.

P: Kva tankar har du om di eiga rettskriving? Føler du at du har lært det ein måte å skrive på som er rett og som dekker dei behova du har når du skriv?

E: Ja, eg skriv nå litt blanda eg egentlig da så. Litt dialekt av og til og litt sånn vanlig nynorsk.

P: Du skriv at du er ganske usikker på kva som er rett i nynorsk, i kva for samanhengar opplever du det?

E: Nei, det er litt på endingane og litt på ka for ord vi har lov til å bruke.

P: På avkryssingslista skriv du at du aldri bruker bokmål. Er det eit bevisst val?

E: Ja, egentlig. For no har eg skreve nynorsk sia første klasse så no begynne det å sitte ganske greitt. Det er det lettaste å bruke.

P: Sjølv om du skulle skrive søknad på ein sommarjobb der du veit at dei forventar bokmål?

E: Ja, då hadde eg kanskje skreve bokmål da.

P: Du skriv at nynorsk er gammaldags, korfor det?

E: Det er så mange rare ord, sånne som dei gamle brukar liksom. Som du aldri har hørt før. Og visst du slår opp i ordboka så kan du sjå slike ord som du aldri har hørt før.

P: Men synst du framleis at nynorsk har dei orda som du vil velje å bruke? Eller synst du at du må skrive gammaldagse ord for å skrive nynorsk?

E: Nei, dei dekke ganske bra, men av og til må eg bruke litt sånn gammaldagse ord da.

P: Du skriv at oss har stor valfridom i nynorsk, kvifor det?

E: Nei, det har nå nokke med kor mange ord du har å velge mellom og endinga og litt sånn.

P: Viss oss går over til rettetekstane, kven av dei synst du at det var vanskeligast å rette?

E: Kanskje dialekta, for det var litt vanskelig å skille mellom ka som er lov og ikkje.

P: Kva for ord er det du har vanskeligast for å avgjere om dei er lov på nynorsk eller ikkje?

E: Mhm, det er noko dialektord da. Også er det litt sånne gammaldagse ord med litt sånn rare endinga og litt sånn.

P: Er det nokre typiske bokmålsord som du opplever at du har i dialekten din, men som du ikkje kan skrive?

E: Mhm, nei.

P: Visst eg seier ord som begynner med *be-* eller sluttar på *-else* eller *-heit*. Kan dei av og til vere problematiske?

E: Ikkje som eg merka. Eg har ikkje skrive så mykje bokmål egentlig.

P: Men visst du skulle skrive dei på nynorsk, skriv du då *kjærligheit* eller *kjærleik* eller?

E: Då hadde eg valt *kjærleik*

P: Er det nokre ord som du berre er heilt sikker på at det er nynorsk?

E: Ja.

P: Korleis ser dei ut? Er det noko kjenneteikn på dei?

E: Ja, i staden for *-het* så er det *-heit*, og sånn. Ofte putta inn ein *-i-*.

P: Kva opplever du som den største utfordringa med å skrive nynorsk?

E: Bøyinga egentlig.

P: Er bøyinga vanskeligare enn korleis du stavar orda? Og kva for ord du har lov til å skrive og ikkje?

E: Ja, det er litt blanding egentlig. Det er jo også det med kva for ord som du har lov til å skrive

P: Har du lært deg nokre reglar som du har i hovudet for kva som er lov på nynorsk?  
E: Nei, egentlig ikkje.  
P: Det er ikkje slik at du tenker at du bør unngå ord som sluttar på *-heit* og *-else*, og at du heller bør finne andre ord?  
E: Nei, eg bruka det som passar egentlig.  
P: Er du opptatt av å skrive rett?  
E: Ja.  
P: Kjem du til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?  
E: Ja, det trur eg, for eg har nå ikkje plana om å flytte.  
P: Og då vert det naturleg å halde fram med nynorsk?  
E: Ja.  
P: Er det noko som du meiner kunne ha vore gjort for å gjere nynorsk lettare å lære?  
E: Kanskje fornya orda litt? Slik at dei ikkje var sånn gammaldagspreg over dei liksom.  
P: Kva meiner du er fin og god nynorsk?  
E: Det er vel litt blanding mellom nytt og gammalt språk da. Ikkje for mykje dialektord og god rettskriving egentlig.  
P: Er det noko du har lyst å seie til slutt, som du meiner bør komme med?  
E: Nei, egentlig ikkje.  
P: Takk skal du ha!

07:19



## Vedlegg 14 Transkripsjon elev el-g2

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 6

P: Pernille

F: Informant 6

00:011

P: Intervju 6

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

F: Det veit eg ikkje. Eg måtte berre ta det på ein måte. Eg berre... Det interesserar meg egentlig ikkje så mykje. Det var egentlig litt det same om eg tok nynorsk eller bokmål.

P: Er det viktig for deg at skriftspråket samsvarar med dialekten?

F: Det vert litt lettare då da, så ja litt. Det vert litt greiare.

P: Opplever du at nynorsken ligg nært dialekten din?

F: Til tider, men ikkje heilt.

P: Kva meiner du om å skrive dialektnært?

F: Det er mykje greiare da. Det er litt... Ja, heilt greitt egentlig.

P: Opplever du somme tider når du skriv nynorsk at nynorsken manglar ord. At du har ord i dialekten din som du ikkje kan skrive?

F: Ja, veldig ofte.

P: Kva gjer du då? Slår du opp i ordlista eller vel du eit meir konservativt ord for å vere sikker eller?

F: Eg prøver å velge eit anna ord da. Men eg slår som regel opp i ordboka.

P: Når du skriv bokmål, opplever du det av og til der at bokmålet manglar ord? At du har typiske nynorskord i dialekten din som du ikkje kan bruke på bokmål?

F: Nei, ikkje fullt så mykje. Litt meir i nynorsk.

P: Du skriv at du vel å bruke bokmål i ganske mange samanhengar, korfor det?

F: Eg synst at det er lettare. Forma er lettare synst eg.

P: Du skriv at du er litt sikker i nynorsk, men ganske sikker i bokmål. Er det ein grunn til at du er sikrere i bokmål?

F: Nei, eller besteforeldra mine og dei snakka bokmål da. Så det har litt med det. Det ligg kanskje litt lettare då.

P: Du karakteriserer nynorsk som gammaldags, korfor det?

F: Nei, eg veit ikkje... Det blir så stivt og.. Det er for det meste på sånne gamle eventyr du har nynorsk. Og då føle eg at det blir gammaldags.

P: Mens bokmål er trendy, korfor det?

F: Det er litt meir sånn.. Du kan drage det litt meir og ja.

P: Kven av rettetekstane synest du at det var vanskeligast å rette?

F: Den første.

P: Korfor det?

F: Eg var ikkje heilt sikker på ka for ord som var, eller som eg kunne oversette. Der var ein del ord som eg ikkje forstod i det heile tatt.

P: Kva for typar ord synest du at det er vanskeligast å vite om dei er lov å skrive på nynorsk?

F: Det er sånne lette, på ein måte. Korte, slike som *bare* eller *berre*. No ligg eg litt tynt an...

P: For eksempel slike som begynner med *be-* eller sluttar med *-heit* eller *-else*. Føler du deg trygg på dei?

F: Ja, det føle eg er nynorsk på sitt beste, på ein måte. Det er nynorsk.

P: Du skriv dei fullt ut?

F: Ja.

P: Er der nokre ord som er veldig greie på nynorsk. Nokon som du ser på og veit med ein gong at det er eit nynorskord?

F: Det er nå sånn som *eigentleg* og sånn.

P: Kva som gjer at dei opplevast som nynorsk?

F: Eg veit ikkje. Det er liksom det med *-i-en*, på ein måte. *Eg* og *ein* og sånn.

P: Når du skriv nynorsk, visst du kan velje ut ein av dei, er det då vanskeligast med kva for ord som er lov, å bøye dei, eller korleis orda skal stavast?

F: Bøye dei. Stavinga går greitt, men så kjem bøyinga og då er det litt verre.

P: Har du lært deg nokre reglar som du har inne i hovudet for kva som er rett på nynorsk?

- F: Det er nå den aldri to *ll-ar i aldri* og... Den og så er det... Det må nå vere den, trur eg. Den gjeld vel egentlig på begge då men
- P: Du har ingen huskeregel for kva for ord du bør velje?
- F: Nei.
- P: Er du opptatt av at det du skriv skal vere rett?
- F: Ja, i stilar eller?
- P: Ja
- F: Ja, eg prøva som regel å få det rett da. Og er det noko eg er usikker på, så slår eg opp i ordboka.
- P: Kjem du til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?
- F: Det kjem heilt an på, men eg kjem ikkje til å skrive det til vennar eller ukjente. Då held eg meg til bokmål.
- P: I jobbsamanheng for eksempel?
- F: Då blir det bokmål.
- P: Er det noko du meiner kunne ha vore gjort med nynorsk for å gjere han lettare? Noko som gjor at du syntest at det vart lettare å skrive nynorsk?
- F: Eg veit ikkje heilt. Eg trur ikkje det.
- P: Visst du ser ein tekst, og tenker at det var fin eller god nynorsk. Kva er det då med den tenksten?
- F: At den ikkje er så stiv på ein måte, at det er litt lengre mellom punktuma, at det ikkje er så kort og statisk.
- P: Er det noko som du vil seie til slutt, som eg bør ha med i oppgåva mi?
- F: Nei, nei... Men eg har kanskje ei litt betre forklaring på akkurat det med tekstane. Plutselig så begynte eg å lure på ka i all verda skal eg gjer, men eg forstod det til slutt
- P: Takk skal du ha!

06:12

## Vedlegg 15 Transkripsjon elev ss-j1

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 7

P: Pernille

G: Informant 7

00:05

P: Elevintervju 7

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

G: Nei, fordi eg trur at det er fleire som går over til bokmål no, og då meina eg at det er greitt at nokken fortsette med nynorsk.

P: Er det viktig for deg at skriftspråket som du bruker samsvarar med dei orda som du har i dialekten din?

G: Ja, altså. Ka skal eg sei. På ein måte, men på ein anna måte ikkje. Det er litt vanskelig å sei.

P: Føler du at den nynorsken som du skriv ligg nært dialekten din?

G: Nei, egentlig ikkje.

P: Kva synest du om å skrive dialektnært?

G: Eg synst at det er heilt greitt å skrive på dialekt eg, i staden for å bruke den vanlige nynorsken heile tida fordi eg føler at det ikkje er så veldig nært dialekta mi.

P: Opplever du når du skriv nynorsk at nynorsken manglar ord? At du har ord i dialekten din som du ikkje kan skrive?

G: Ja, det føle eg.

P: Opplever du det også når du skriv bokmål?

G: Ikkje like mykje på bokmål.

P: Har du tankar om di eiga rettskriving? Har du lært deg ein måte å skrive på som er rett og som dekker dei behova du har når du skriv?

G: Nei, det kan eg egentlig ikkje sei.

P: På lista der du skulle krysse av kva for målform du vel i dei ulike samanhengane så kryssar du av for nynorsk i personlige brev, men bokmål i formelle samanhengar og til ukjente, korfor det?

G: Det har litt med å gjere at.. No begynne folk meir med bokmål, og så føle eg litt at når eg skal skrive til folk eg ikkje kjenner eller når det skal vere formelt så følest det kanskje mest naturleg å bruke bokmål, og så er eg vant med å bruke bokmål sia mor mi er frå Oslo, og då kan eg liksom begge deler.

P: Du skriv at du er litt usikker på kva som er tillate i nynorsk, korfor det?

G: Det er altså.. Dialekta min er annleis enn nynorsken, derfor eg litt vand med å skrive slik som dialekta mi og sann som den er, og då vert eg litt usikker når eg skal skrive på nynorsk. Då blir det litt anna, og det er ikkje alltid eg veit.

P: Korfor er du litt usikker i bokmål?

G: På bokmål så er det fordi eg har nynorsk som hovudmål, og derfor så kan eg ikkje alt liksom. Eg føler ikkje at eg er heilt sikker på det, men det mest i allfall da. Eg kan ikkje sei at eg er sikker på alt.

P: Har du noko forklaring på kvifor du er like sikker i bokmål som nynorsk når du har nynorsk som hovudmål?

G: Det er fordi eg egentlig skriv ganske mykje bokmål også. Sjøl om eg har nynorsk som hovudmål, så vel eg egentlig ganske mykje å skrive på bokmål. Alle bøkene mine er på bokmål, læraren min pratar bokmål, og då blir det plutselig ganske naturleg å skrive bokmål.

P: Korfor meiner du at nynorsk er nøytralt?

G: Altså, eg synest ikkje... Eg veit ikkje heilt.. På ein måte så veit eg ikkje heilt ka eg skal sei. Om eg skal velge nøytralt eller gammaldags. Eg vil sei at det er ein mellomting. Det er liksom ikkje gammaldags, men på ein måte så er det ikkje heilt nøytralt heller. Så det var litt vanskelig å vite ka eg skulle velge der. Men ja..

P: Korsen oppfattar du valfriheita som du har i nynorsk?

G: Ka du meina med det?

P: I nynorsk kan du velje mellom forskjellige former, du kan for eksempel både skrive personleg og personlig.

G: Ja

P: Opplever du at det er bra, eller ville du heller hatt det slik at berre ei form var lov?

G: På ein måte så kunne det ha vør bedre om berre ein ting var lov, så slepp du, altså.. Eg kan av og til verte usikker på om begge er to er lov, og så hadde det vore greitt om du kunne vite at det var berre den eine som var lov.

- P: Oss skal gå over til dei tekstane som du skulle rette. Kven av dei synest du det var vanskeligast å rette?
- G: Det trur eg egentlig var nynorsken. Det var enklast å skulle rette dialekt.
- P: Korfor det?
- G: Det er så vanskelig å skulle skrive, altså. Egentlig så skriv eg veldig mykje på dialekt elles, altså på meldingar og alt mulig sånt så skriv eg på dialekt. Eg er egentlig veldig sånn på dialekt. Så det er berre sånn i skulesamanheng at eg skriv nynorsk, og sånne formelle brev. Men elles så går alt på dialekt.
- P: Kva for ord synest du at det er vanskeligast å avgjere om dei er lov å skrive på nynorsk eller ikkje?
- G: Mhm, eg veit ikkje om eg kjem på noko sånn i slengen no. Men eg kan nå tenke litt..
- P: Visst eg seier slike ord som sluttar på *-else*, som *begravelse*, eller *-heit* som i kjærlighet, eller kjærlighet. Sånne ord, er du av og til usikker på dei?
- G: Ja, altså eg kan vere litt usikker på sånne, ja sånne med slike endingar for då blir det litt sånn.. Ja, du lurar litt på om det er lov.
- P: Er det nokre ord som du er heilt sikker på at dei er lov på nynorsk? Og korleis ser dei ut?
- G: Ingen som eg kjem på akkurat no. Eg veit jo at der er nokre som eg er sikker på. Meg eg kjem faktisk ikkje på nokon.
- P: Visst eg seier for eksempel *gravferd*, tenker du då at det er nynorsk eller bokmål?
- G: Eg tenker at det er nynorsk.
- P: Veit du korfor du meiner det?
- G: Nei, eg synest berre at det høyrer veldig nynorsk ut.
- P: Når du skriv nynorsk, kva er det då som er det største problemet. Er det usikkerheita rundt kva ord som er lov og ikkje, er det korsen du skal bøye ord eller er det korsen orda skal stavast?
- G: Det er litt med korsen dei stavast, og litt med korsen dei skal bøyast. Ikkje så veldig mykje med korsen dei skal bøyast. Men egentlig litt av alt. Ei god blanding.
- P: Oss har vore litt inne på det, men har du nokre reglar for kva som er rett nynorsk som du bruker når du skriv?
- G: Nei, eg har egentlig ingen regla sånn som eg har lært meg sjøl. Eg skulle ønske at eg hadde det. For det hadde kanskje hjelpt når eg skal skrive.
- P: I slike ord som for eksempel sluttar med *-heit* eller *-else* i dialekten din, har du nokon regel i hovudet for når du kan bruke dei eller om du ikkje bruker dei i det heile tatt eller?
- G: Nei, ingenting.
- P: Er du opptatt av å skrive rett?
- G: Ja, eg er opptatt av å skrive rett visst eg skal skrive formelle brev og sånt. Men elles når eg skrive sånn meldingar og sånt så er eg ikkje så veldig opptatt av det. Det er kanskje ikkje så lurt å ikkje vere opptatt av det, men det er berre slik det har blitt. Og då det kanskje meir ut av rettskrivinga mi, og kanskje eg blir dårlegare til å skrive når eg ikkje øver på det til daglig og når eg skriv elles.
- P: Trur du at du kjem til å fortsette med å skrive nynorsk som vaksen?
- G: Ja, det trur eg egentlig. Men på ein måte så trur eg at eg kjem til å gå meir over til bokmål fordi eg tur det at visst eg for eksempel flytta til storbya og sånt, så blir det litt meir at eg kjem til å prate litt meir bokmålsord for at folk skal forstå meg meir og då trur eg kanskje at eg kjem til å gå over til bokmål. Men eg vil fortsatt prøve å bevare nynorsken og ha den fortsatt.
- P: Er der noko du meiner kunne ha vore gjort med nynorsken for å gjere han lettare å bruke?
- G: Altså, på ein måte så føler eg at det ikkje er nokon som snakkar slik som nynorsken e da. Så det kunne sikkert vore gjort litt meir, ja ka skal eg sei da. Gjort den litt meir lik sånn som folk prata. Ikkje heilt sånn, eg veit ikkje heilt korsen eg skal forklare det, men eg føler at det ikkje er nokon som pratar den nynorsken som blir skreive, og då føler eg at det blir litt rart å skulle skrive det også.
- P: Er det noko du meiner er fin og god nynorsk?
- G: Nei, egentlig ikkje.
- P: Er det noko du har lyst til å seie til slutt om bruk av nynorsk?
- G: Nei, eg trur ikkje det.
- P: Tusen takk skal du ha!

10:58

## Vedlegg 16 Transkripsjon elev ss-j2

### TRANSKRIPSJON

---

#### Elevintervju 8

P: Pernille

H: Informant 8

00:03

P: Elevintervju 8

Korfor har du valt å fortsette med nynorsk som hovudmål?

H: Fordi eg føle at det er rett for meg, sida det er morsmålet mitt og det er det eg kan best.

P: Kor viktig for deg at dei orda som du har i dialekten din, samsvarar med dei du kan bruke i skrifta?

H: Det er egentlig ikkje så veldig viktig. Fordi eg veit at det eg seier og det eg skriv er to forskjellige ting, eg kan jo ikkje skrive slik eg snakkar.

P: Kva du meiner om å skrive dialektnært?

H: At ein skriv dialekt på sånn stilar på skule og sånn det synest eg ikkje er noko bra, skulle eg til å seie.

P: Opplever du av og til når du skriv nynorsk at nynorsken manglar nokon ord? Altså at du har orda i dialekten din, men at du kan ikkje bruke dei i skrift?

H: Nei, det føle ikkje eg.

P: Visst du skriv bokmål da? Kan du oppleve det samme det?

H: Nei, det trur eg ikkje. Eg skriv ikkje så ofte på bokmål.

P: Har du nokon tankar om di eiga rettskriving? Har du lært deg ein måte å skrive på som er rett og som fungerer?

H: Ja, det har eg. Ja.

P: På lista der du skulle krysse av på spørjeskjema, så har du kryssa av at du aldri brukar bokmål. Korfor det?

H: Fordi eg synst at det blir feil, i og med at eg bur her eg bur, og eg er berre vant med å skrive nynorsk.

P: Du vel å skrive dialekt når du skal vere uformell, korfor det?

H: Fordi eg føle at det er meir personlig, på ein måte. Det er meg liksom.

P: Du kryssar av på at du er litt usikker på kva som er tillate å skrive i nynorsk, korfor det trur du?

H: Nei, der er så mange vanskelige ord som eg ikkje veit heilt om dei er lov å skrive.

P: Når du er i tvil, er det ofte ord som høyrest ut som bokmål eller ord som høyrest ut som dialekt?

H: Dialekt ofte.

P: Korfor meiner du at nynorsk er litt gammaldags?

H: Fordi der er nokre ord som høyrest ut som litt... Ja, sånn som gamle folk brukar.

P: Og korfor er då bokmål moderne?

H: Nei, fordi sånn som eg ser på TV og sånn, på filma så er det mange som snakka bokmål, i norske filmar og sånn. Så eg føler at det er mest trendy.

P: Du skriv at du er delvis einig i at vi har stor valfridom i nynorsken, kvifor det?

H: Eg veit ikkje, det er nå fordi at der er mange ord ein kan velge mellom med samme betydning.

P: Synest du at det er positivt eller negativt?

H: Positivt, vil eg tru.

P: Oss skal gå over til dei tekstane som du skulle rette. Kven av dei synest du det var vanskeligast å rette?

H: Den med dialekt.

P: Korfor det?

H: Der var så mange ord som eg ikkje heilt visste kva betydde. Eg hadde aldri høyrte dei før.

P: Var du nokon gong usikker på om dette var lov å skrive på nynorsk eller ikkje, eller ?

H: Ja, det var eg.

P: Hugsar du kva for ord det var?

H: Nei..

P: Vi skal gå litt vidare på det samme. Er der noko ord som du møter som du alltid er usikker på om dette er lov på nynorsk eller ikkje.

H: Eg har veldig problem med *ho* og *henne*, og *hun* og sånn. Det synest eg ikkje er så enkelt.

P: Ord med endingar som *-heit* og *-else* for eksempel, er dei problematiske?

H: Nei, det trur eg ikkje.

P: Kva du vel visst du for eksempel tenker på *begravelse*, kva gjer du då?

H: Når eg skriv nynorsk?

P: Ja

H: Eg skriv vel..

P: Skriv du *gravferd* eller *begravelse*?

H: *Gravferd*

P: Fordi det høyrer mest nynorsk ut eller?

H: Ja, *gravferd* er det nynorske og *begravelse* er det bokmålske.

P: Er der noko ord som du på den andre sida er heilt sikker på at det er nynorsk? Altså korsen ser dei ut dei orda som du berre veit er nynorsk?

H: Mhm, sånn som *orsak*, slike ord som det ikkje er noko som heiter på bokmål.

P: Kan du seie litt meir om kva som er grunnen til det?

H: Kva, til at eg synest at det er nynorsk?

P: Ja

H: Det er liksom, eg føle at det ikkje høyrer bokmålsk ut. Dei som snakkar bokmål sånn i Oslo og sånn, det høyrer ut som om dei ikkje kunna ha sagt det. Det er litt sånn gammaldagse ord.

P: Når du skriv nynorsk, visst du kan velje en av disse. Kven er det då som er det mest problematisk, er det kva ord som er lov og ikkje, er det korsen dei orda skal bøyst eller er det korsen dei skal skrivast?

H: Det er vel bøyst.

P: Har du lært deg nokre reglar for kva som er rett på nynorsk?

H: Ja, vi har nå hatt rettskriving da.

P: Er det nokon av dei som du kjem på som du har i hovudet og som du bruker ofte?

H: Nei, eg snakkar vel egentlig ikkje heilt nynorsk, skulle eg til å seie, så..

P: Du opplever at du ikkje snakkar nynorsk?

H: Ja.

P: Så du føler at di dialekt ligg eit stykke i frå nynorsken?

H: Eg føler at det ligg sånn midt i mellom.

P: Mellom nynorsk og bokmål, eller?

H: Ja.

P: Er du opptatt av å skrive rett?

H: Ja, i alle fall i skulesamanheng. Då er det veldig viktig for meg.

P: Trur du at du vil halde fram med å skrive nynorsk som vaksen?

H: Ja, det er eg heilt sikker på.

P: Korfor det?

H: Fordi eg likar ikkje å skrive på bokmål, eg berre føle at det ikkje er rett for meg.

P: Er der noko du meiner kunne blitt gjort for at nynorsken blei lettare å lære?

H: Nei, eg trur det at ein berre må lære det som er å lære.

P: Kva meiner du er fin og god nynorsk?

H: Fin og god nynorsk?

P: Mhm. Visst du har ein tekst framfor deg og etter at du her lest den, så tenker du, ja, det var fin og god nynorsk. Korleis ser den då ut?

H: Då er der litt avanserte ord som ikkje er i dagligdagstale liksom

P: Er det noko du har lyst til å seie til slutt?

H: Nei, egentlig ikkje.

P: Tusen takk skal du ha!

07:37

## Vedlegg 17 Transkripsjon lærarintervju

### TRANSKRIPSJON

---

#### Lærarintervju

P: Pernille

L: Lærer

00:17

P: Lærarintervju

Korleis er stemninga i klassene for å skrive nynorsk?

L: Det er varierende, i nokre klasser er dei bevisste nynorskbrukarar, det kjem litt an på kven som er førande i klassen, om dei er bevisste nynorskfolk eller ikkje. Så i den klassen som du har vore i, i dag, er der mange bevisste nynorskfolk og der er det aldri noko tema det at det er teit med nynorsk. Men i ei anna klasse eg har, er der ein del sterke personar som gir tydelig uttrykk for at nynorsk er dumt og at det er mye lettare å skrive bokmål. Jamt over så er dette ein ganske sterk nynorskskule vil eg seie, og med ganske stor bevisstheit rundt at det er nynorsk som vi bruker. Mens det er heilt reelt elevane som strevar med nynorsk, og synest at det er vanskelig, og at dei høyrer så mykje på bokmål at dei synest det er vanskelig å skilje og som kanskje hadde ønska seg å skrive. Men det er ikkje så mange som gjer. Så det er delt, men hovudoppfatninga mi er at dei fleste synest at det er greitt med nynorsk, men at ein del synest at det er vanskelig og strevar.

P: Opplever du det som viktig at skriftspråket samsvarar med dialekten deira?

L: Mhm, ja kva skal eg seie om det. Det er både og. Det kan gjere det vanskelig fordi at mye av det dei seier kan dei skrive omtrent slik som dialekten er, men så er det ein del ord dei ikkje kan skrive, slik som dialekten er. Og eg kan ikkje seie i alle tilfelle at, berre skriv slik som du snakkar, lytt etter på dialekten din. For i ikkje så reint få tilfelle blir det feil. For eksempel så skriv 70 % feil, dei skriv *meinar* fordi dei seier */ej meina/* og då kan dei ikkje stole på det dei sjølv seier. Så det er både og. Eg har ikkje noko betre svar på det trur eg.

P: Opplever du at nynorsk manglar ord. At elevane puttar inn bokmålsord eller dialektord fordi dei ikkje heilt veit kva dei skal skrive?

L: Ja, i aller høgaste grad. Nynorsk er jo eit mye meir sånn verbalt språk enn bokmål og eg prøver å oppfordre elevane til å tenke meir verbalt. Men dei vert gjerne freista til å bruke substantiveringar frå bokmål, og dei leitar etter då etter ord som kan tilsvare heller enn å skrive om. Så det spørst litt om ein tenker, og om ein får elevane til å tenke at dei må frigjere seg frå det dei tenker på bokmål.

P: Ser du eksempel på det motsette. At det kjem nynorskord inn i bokmål fordi dei ikkje er trygg på bokmålsrettskrivinga?

L: Nei, elevane våre skriv veldig rett bokmål. Så nesten ikkje.

P: Opplever du at elevane vil gjerne skrive rett?

L: Det er eit interessant spørsmål. Eg trur at ikkje berre elevane, men samfunnet generelt er mye mindre opptatt av rettskriving no, enn dei var før. Det er min personlige teori da, men ein ser både i annonsar og i lokalavisa vår og skilt og så vidare at.. Ja, det verkar ikkje som om det er pinlig å skrive feil, sånn som det var meir før, at ikkje det er ein kvalitet som ein vil dyrke da, det å skrive rett. At det ikkje lenger er ein status eller kva eg skal seie. Så svaret mitt er at elevane.. At det er litt sånn at: "det kan vel ikkje vere så nøye", "det kan vel ikkje vere så farlig med å skrive rett", at det også gjeld veldig mange elvar.

P: Påverkar det rettinga di? At du blir meir fokusert på innhald i staden for rettskrivinga?

L: Nei, det trur eg ikkje. Eg er veldig opptatt sjølv av at det skal vere rett og eg prøver å oppfordre elevane til at dei skal prøve å skrive så rett som mulig heile tida. Men det som skjer er jo at dei skriv dialekt i alle andre situasjonar enn norskstil, og då er det ikkje så lett å vite kva som er rett og få inn den gode vanen.

P: Kva du prioriterer i rettinga?

L: Mhm, ja.. eg prøver å prioritere system, altså systemfeil, og det å forklare for eksempel det med sterke verb med ending, *ligger*, frå bokmål da og då prøve å gjer dei merksam på det i kommentaren da. Eg prøver å ta opp slike systemfeil, at her er det grammatiske ting. Forklare typiske ting, i nynorsk skal det vere sånn. Eg prøver nå å påpeike alle feil, men eg strekar gjerne under og så prøver eg å få eleven til å sjå sjølv kva som er rett, og så prøver eg i kommentaren å ta opp, ja meir sånn gjennomgangsfeil og systematisk.

P: Blir det fokusert i undervisninga den valfridommen ein har i nynorsk?

L: Nei, eg vil ikkje seie at det er så mye fokus på den. Og det er.. Både med pluss og minus for elevane, at det er så mye å velje mellom, kva som er rett da, kva er mest rett, og det er jo en sånn norsk lærar sin kjeppest dette her at vi gjerne vil at dei skal skrive nokolunde konsekvent, at dei ikkje vinglar mellom veldig konservativt og veldig radikalt og bruken av skarpe klammer for eksempel. Eg er tolerant for alt,

- men det skal eg jo vere også, men samtidig vil eg råde dei litt forsiktig til å kanskje velje.. Altså, dei skarpe klammeformene kan dei jo ikkje bruke seinare i offentlig samanheng og då er det kanskje lurt å ikkje venje seg for mye til å bruke dei. Men samtidig så skriv eg skarpe klammeord i eit ganske radikalt bokmål sjølv, sånn at ja. Eg har vel ein litt sånn vaklande oppfatting egentlig. Men det gjer det ikkje berre enkelt for elevane at det er så stor valfridom, og dei veit ikkje alltid at dei kan skrive alt mulig nei.
- P: Kjenner du deg sjølv sikker på rettskrivinga i nynorsk?
- L: Er det arrogant å seie ja? Ja, eller kva skal eg seie. Ja, eg skriv rett nynorsk sjølv, men eg må slå opp veldig mye i ordlista for å sjekke at eg ikkje tar feil når eg rettar, nettopp på grunn av valfridommen og på grunn av dei skarpe klammene. Eg føler meg trygg i nynorsk, og med å skrive nynorsk, men eg føler meg ikkje alltid trygg på om eg kan seie på ståande fot om det er lov eller ikkje lov. Og eg seier veldig ofte til elevane at det må eg slå opp, og eg har med meg ordlista ofte inn i timane, og slår opp.
- P: Kva for typar ord er det du ofte stussar på?
- L: Det er jo då bokmålslike ord gjerne, for eksempel *følelse* som vart lov no i 2006, eller når det var. Det tok ei stund før eg oppdaga. Ja, både *-else*, *-heit*, *an-* og *be-* som har vore ulovlige og som har.. delvis begynner å bli oppmjuka, og dei må eg ofte sjekke. *Bilde* for *bilete*, ja, skarpe klammeorda rett og slett.
- P: Kva for ord er det du er heilt sikker på at er nynorsk, kva kjenneteiknar dei orda som du berre veit er nynorskord?
- L: Oj, nei det var eit veldig vidt spørsmål. Eg trur ikkje eg klarer å svare på det. Eg veit jo dei orda som eg ville ha skrive sjølv, *byrjing* og, altså dei typisk, altså dei som er meir konservative nynorskord, dei er eg sikker på. Og eg brukar vel, nei eg trur ikkje eg brukar eit så veldig konservativ nynorsk sjølv egentlig da. Nei, eg klarer ikkje å svare så godt på det.
- P: Kva opplever du som den største utfordringa med å skrive nynorsk for elevane. Er det kva som er rett og ikkje, eller er det bøyingsystemet eller er det sjølve rettskrivinga som er mest problematisk?
- L: Det er å skilje dialekt og nynorsk. Og der får dei sjølvsagt bøyingsystemet også. Og det er jo som eg sa med sterke verb, om skal dei ha eller skal dei ikkje ha ending og så vidare og... Nei, det er først og fremst dialektord som kjem inn i nynorsken.
- P: Oppfordrar du elevane til å skrive konservativt for å vere sikre, eller at dei skal slå opp eller prøve seg fram eller... Har du nokre tips du brukar å lære dei?
- L: Nei, eg råder dei ikkje til å skrive konservativt, på same måte som eg ikkje råder dei til å skrive konservativt bokmål - noko dei har ein tendens til å gjere. Nei, eg gir vel ikkje andre råd enn at dei bør prøve å vere konsekvente. Og som sagt det med skarpe klammer, at dei mest ekstreme skarpe klammeorda at... Det klart visst dei gjerne vil skrive dei så må dei sjølvsagt få lov til å gjere det, men visst dei spør meg kva eg meiner så synest eg at dei bør skrive *-leg* i staden for *-lig* for eksempel.
- P: Er det noko du meiner kunne ha vore gjort for å gjere nynorsk lettare?
- L: Eg er ikkje sikker på om den breidda er av det gode. Nei, eg er ikkje sikker på det.
- P: Kva oppfattar du som fin og god nynorsk?
- L: Kan du vere litt meir presis kva du meiner?
- P: Visst du vurderer ein tekst, og så sit du igjen med at der var det fint nynorskspråk eller der var det god nynorsk. Kva er det med den teksten då?
- L: Nja, då står den på eigne bein, uten å... Då står nynorsken på eigne bein utan å vere veldig bokmåls influert og sånne hybridar der ein prøver å ja... Altså litt som eg snakka om i stad, dette her med at ein skriv eit verbalt nynorsk for eksempel og at ein skriv om og tenker på nynorsk, meir enn å tenke bokmål. At ein prøver å finne det rette nynorskordet som kan erstatte
- P: Er det noko du vil seie til slutt?
- L: Mhm, ja, altså våre elevar har ein kjempefordel som skriv nynorsk som hovudmål, trur eg. Bokmål kjem veldig lett for dei. Men det er klart at på eksamen så har dei ikkje nødvendigvis ein fordel når dei skriv nynorsk som hovudmål fordi, eg trur at eg skal vere så ærlig å seie at sjølv om eg er den absolutte nynorsk fan så ser eg at det ikkje er lett for våre elevar. Sjølv om dei bor i eit ekte nynorskrområde så er det ikkje lett å skrive god nynorsk, og dei les ikkje nynorsk anna enn på skulen, dei les ikkje nynorsk bøker og ikkje nynorsk aviser, sånn at det gode forbildet for språket det manglar dei til dels. Så det er ikkje berre lett å vere nynorskbrukar, det trur eg faktisk, og eg er redd for at mange av mine elevar kjem til å bytte over til bokmål seinare når dei blir studentar.
- P: Takk skal du ha!



## Vedlegg 18 Utfylling til spørsmål 2.7 i spørjeskjema

### Utfylling til kvifor eleven vel å byte målform i ulike samanhengar

#### Sp 2.7

Det kjem an på samanhengen  
litt avhengig av mottakat, mindre formelt ved dialekt  
til venner og kjente skriv eg slik som eg snakkar, då føler eg at dei forstår meg best  
Eg gjer det fordi at folk skal forstå

Eg skriv den målforma som mottakar bruker  
Om eg får inntrykk av at bedrifter og lignende brukar nynorsk eller bokmål, tilpassar eg meg det  
Der eg skriv dialekt, er det fordi det er greast fordi då treng eg ikkje tenkje på rettskrivinga. Elles der mottakaren er i frå  
I uformelle samanhengar der eg snakkar med vener, er det enklare og meir naturleg å bruke dialekt  
når eg skal snakke med personar som ikkje snakkar nynorsk, må eg ofte prate bokmål for å verte forstått.  
Då har det blitt ein vane for meg å prate det til folk som har bokmål uansett om dei kanskje forstår nynorsk  
Fordi ukjende mennesker ikkje forstår sør-ytre sunnmørsk  
For det er lettare å skrive dikalekt, men dersom eg ikkje kjenner dei eg skriv til eller det er formelt, verkar det meir seriøst om eg skriv nynorsk  
Eg kortar orda og brukar dialekta for å få det meir personleg og gjerne kortare. Men når eg skriv nynorsk eller bokmål så er det noko ordenteleg og viktig eg skriv

For å prøve å forbedre meg litt i begge språka. Det er kjekt med litt variasjon  
Eg skriv for det meste nynorsk når eg er formell og når det skal vere litt finare. Elles brukar eg dialekt, det går fortast å skrive  
Eg brukar dialekt til uformelle tekstar, då dette er lettare

For meg er det naturleg å skrive/snakke dialekt til venner, dei kjenner eg, i det er det ikkje nødvendig å vere so høgtideleg. Men er det td. Ein jobbsøknad, so må eg "vise meg fram" på best mogeleg måte  
Fordi av og til må eg berre skrive raskt. Dersom eg har god tid skriv eg korrekt grammatisk  
Fordi det verkar mest naturleg  
Fordi eg prøvar å tilpasse dialekta/målforma mi til den eg skriv til, for å få dei til å forstå betre  
Fordi det ikkje er like høgtideleg med venner og kjente  
Fordi eg veit kva eg skal skrive ut ifrå kva situasjon eg er i. Snakkar eg med folk over nettet brukar eg dialekta mi. Men viss eg skriver til andre over nettet er det mest bokmål  
Det vert gjerne meir personleg å bruke dialekt, difor brukar eg det når eg meldar med kjente. Det vert meir kortfatta når ein brukar dialekt på beskjedar/handlemisster. Elles brukar eg nynorsk for å verke truverdig og for å vise at eg tek oppgåva seriøst.  
Fordi at eg gidde ikkje å fare å skrive rett heile tida. Lettare å berre skrive ei blanding  
Når det er kjente skjønar dei meir av kva du skriver og meiner på dialekt. Mens søknad, skole osv. er det meir nynorsk og det er fordi vi bor på ein stad der vi brukar for det meste nynorsk  
Fordi eg syns bokmål passar meg best til ein ting, menst nynorsk eller dialekt passar bedre til ein anna ting

Kjeme ann på kva tema det er snakk om på for eksempel e-post

Fordi ting som ikkje er så viktige så brukar eg dialekt, men med ting som er viktige brukar eg nynorsk  
Veit ikkje  
Fordi i somme samanhengar som f.eks jobbsøknad tviler eg på dei ville ha forsteie meg og det hadde ikkje gjort så sterkt inntrykk på dei  
Når eg skriv med vennar skriv eg dialekt fordi det har blitt ei vane. Når eg skriver til nokon eg ikkje kjennar skriv eg nynorsk eller bokmål  
Fordi eg skriv berre nynorsk i formelle samanhengar

Fordi eg gjer det som er naturleg for meg

For somme ting er viktigare enn andre

Eg skriv av og til bokmål og av og til nynorsk. Det er fordi mammaen min snakkar bokmål, så eg er vant med det og

Fordi nokre tekstar er meir formelle enn andre. Derfor må eg skrive på eit språk andre forstår meg på

For eg tykkjar at nynorsk blir litt rart og innvikla i nokon samanhenger

## Vedlegg 19 Utfylling til spørsmål 3.1 i spørjeskjema

### Utfylling til "Nynorsk er lett å skrive fordi"

#### Sp 3.1

Fått det gjennom morsmjølka, betre og meir utvikla ordforråd. Likar det og det gjer det lettare  
Det er nesten det same som dialekta med unntak av kj-lydar og slikt  
Det ligg nær dialekten og det er mange kule ord som gjer det morosamt og fargerikt

Nynorsk har ganske mange ord som liknar på dialekta mi  
Nynorsk liknar mest på dialekta mi, difor er det lett å skrive  
Det er nærast dialekta og det er den målforma eg har lært heilt i frå 1. Klasse  
Ivar Aasens forskning på TV  
Ikkje så altfor ulikt dialekta  
Eg har alltid hatt nynorsk som hovudmål, og er difor veldig vant med å skrive det

Eg er oppvokst med det  
Det er det skriftsmålet som eg alltid har lært  
Eg har nynorske ord i dialekta mi  
Eg har skrive nynorsk i så mange år. Eg synest nynorsk er eit bra språk og likar det godt  
Det er det eg har lært lengst  
Det er ganske likt dialekta, og det er inspirerende med "rare" ord  
Dialekta mi byggjer på nynorsk  
Det er det eg snakkar  
For det er hovudmålet  
Det er slik eg pratar. Og det er det eg har lært  
Liknar på den daglege talemåten vår  
Det er det eg har skrive heile livet, og det er mykje det eg snakkar  
Eg har mykje øving  
Eg har lært det som mitt hovudmål gjennom heile oppveksten min  
Liknar på dialekta mi. Har brukt nynorsk sidan fyrste klassa  
Det er det eg er mest vand med  
Fordi eg har skreve det meir enn bokmål på skoler  
Her på Sunnmøre pratar vi eigentleg nynorsk  
Er ikkje lett  
Det finst så mange endingar som er tillete  
Det er det eg har vokst opp med og lært på skulen  
Nokken ord liknar på dialekta mi  
Det er det eg har lært meg å skrive  
Det er det språket eg kjenner best  
Det er det eg er vand med

Fordi vi brukar det mest på skule og det er det vi fokuserar på  
Det er berre å legge til ein "j" i det meste, så virkar det oldtids og då funkar det  
Det er det eg lærte å skrive med og det eg alltid har brukt  
Har blitt vant med det  
Det er sann alle snakkar her  
Vi har alltid hatt den som skriveform

Det er det som er morsmålet mitt, og det er nynorsk som eg har vakse opp med

Det går greit, og eg har alltid skreve det på skulen

## Vedlegg 20 Utfylling til spørsmål 3.2 i spørjeskjema

### Utfylling til "Nynorsk er vanskeleg å skrive fordi"

#### Sp 3.2

kan ein sjeldan gong vere forvirring om kvar ein skal ptte "j-en" td. i velje  
Det er mange reglar og ord du høyrer på TV og ikkje kan bruke  
Det er avhengig av kva slags tekst det er. Skjømmllitteraære tekstar er best på bokmål  
Det er tyngre å skrive enn bokmål, og eg høyrer mykje oftare folk som snakkar skikkeleg bokmål enn skikkeleg nynorsk  
Nynorsk har mykje vanskelegare ord  
Nokre gongar kan det vere litt vanskelege ord/litt gamaldagse  
Det er ord og bøyingar ein aldri brukar i andre samanhengar enn når ein må skrive oppgåver og slikt på skule  
Enkelte blundar  
Kludrete ord, av og til kj-lyd og av og til ikkje  
Av og til kan der vere ord som er heilt unaturlege for meg å bruke, som eg ikkje brukar i daglegtale

Eg har skrivevanskar  
Enkelte nynorske ord bruker eg ikkje i dialekta mi, og blir litt for gammaldagse og litt for nynorske for meg.  
Døme: Korkje  
Nynorsk er ikkje så vanskeleg å skrive som mange vil ha det til  
Det er ein del rare ord iblandt  
Der er mykje uregelrette verb  
Lite som er skrive

Det er mange nynorske ord som ein ikkje høyrer så mykje av i daglegtalet, dei er heilt annerledes enn ord frå bokmål  
Nynorsk er lett  
Har ofte litt uklare retningslinjer innanfor kva for ordvalg som er lov til å bruke  
Nokre ord er vanskelige å bøye og hugse

Eg snakkar ikkje nynorsk, så det er viktig at man kan reglane  
Nynorsk er ei blanding av mange dialektar, så av og til har dei ikkje tatt med mi dialekt si bøying av ordet.  
Det kan føre til at ein må vere oppmerksam  
Eg blanda litt nynorsk og bokmål  
Der er masse andre ord enn i bokmålen. Det vil sei at dei betyr det samme, mens skrives på ein heilt anna måte  
Fordi eg er flinkare med bokmål  
Litt for formelt  
Mange sære ord  
Det finst for mange kompliserte ord som er bokmål i dialekta mi  
Der er ein del rare/vanskelege ord  
Fordi det er litt ulikt dialekta mi  
Det er mange vanskelige ord

Det kan vere litt komplisert og meiningslaust, ditte gjelde berre spesielle ord  
Eg bruker ikkje så mykje av orda til dagleg i samme "form"  
Det er litt gamaldagse ord av og til  
Det er mykje ord  
Komplisert  
For der er ein del vanskelege ord og ukjente  
Har nokon litt vanskelege og rare ord

for innvikla og teite ord som ikkje følast naturleg å bruke

## Vedlegg 21 Utfylling til spørsmål 3.3 i spørjeskjema

### Utfylling til "Bokmål er lett å skrive fordi"

#### Sp 3.3

Høyrer det rundt seg i media og les det i bøker. Ein lærer det utan fri vilje  
Du høyrer det rundt deg kvar dag på TV  
Du høyrer det rundt deg, på TV og på radio, og du får det inn i store mengder kvar dag  
Eg kan det best, og ting eg les å ser på TV er bokmål  
Det er skrive meir "rett fram"  
Vi ser mest tekstar som er skrivne på bokmål i TV, massemedia, bøker, litterære tekstar osv.  
Det er det språket dei fleste bøkene eg les er på. I tillegg høyrer eg bokmål dagleg gjennom TV: Alle orda i bokmål er ord som ein har høyrte før  
Brukt i aviser, i internett, teksting på TV  
Har sett det på TV, aviser, internett heile livet  
Oftare enklare ord og formuleringar i bokmål. Det er neste berre bokmål som blir brukt på TV, så difor er eg vant med det og  
Det er det vi ser på TV når der er tekst og oftast i bøker  
Det er ikkje so ulikt nynorsk  
Det er det eg les i blad, på TV og i bøker  
Eg har bokmålord i dialekta mi. Og eg tenker bokmål når eg skriv  
Ein høyrer det alle stadat på TV, internett, mange aviser, bøker osv.  
Du les det ofte i undertekstar på TV  
Ein får bokmålskjelder gjennom TV og vekeblad. Men ikkje så kjekt å skrive. Blir litt kjedelig sidan "alle andre" skriv det  
Eg les det ofte i til dømes aviser og på fjernsyn  
Eg les mykje bokmål som aviser osv.  
Dei fleste bøker er på bokmål, alt som er på TV, er teksta på bokmål  
Ein les det over alt  
pga ytre påverknadar, som TV, fell det mykje enklare inn enn kva som ville ha vore naturleg for oss på Sunnmøre  
Alle veit korleid det "høyres" ut. Og vi ser og høyrer det rundt oss kvar dag (media)  
Eg høyrer det ofte  
Man kan for det meste seie det man skriv, eller skrive det man seier på bokmål  
Det er det ein får prenta inn i hovudet frå media og bøker  
Du høyre det på TV ganske ofte  
Det er dei orda som er mest lik slik som du pratar i bokmål til vanlig  
Fordi det er bokmål du les i bøker, på TV og dei fleste spel og filmar med morsk i, har bokmål ikkje så formelt  
Mykje samme endingar, lite sære ord  
Det er det man høyrer på TV  
Det er det eg skriv ellers  
Eg høyrer på det på TV, radio osv.

er ikkje det  
Det er den skriveforma som oftast er i blad  
Det kan ligne litt på dialekta  
Dei fleste tekstar på filmar er skrevne på bokmål  
Det er det språket så og seie alle bruker, aviser og blad er på, så det er det vi les  
Forkortingar

Vi ser det rundt oss heile tida, som i TV for eksempel  
Fordi eg synest orda er lettare  
Difordi det er på ein måte slik du seier det, som i Oslo

enkelte ord og lett grammatikk

## Vedlegg 22 Utfylling til spørsmål 3.4 i spørjeskjema

### Utfylling til "Bokmål er vanskeleg å skrive fordi"

#### Sp 3.4

Oppnår ikkje like godt ordforråd i bokmål, har ikkje dei same kule orda som i nynorsk  
Fordi det ikkje er morsmålet mitt. Eg er vakse opp med nynorsk  
Det ligg eigentleg langt i frå dialekten, og det felle ikkje like naturlig som nynorsk  
Fordi eg må tenke på ein heilt annan måte, ettersom at eg snakkar nynorsk  
Bokmål er ikkje mitt hovudmål  
Sidan eg ikkje snakkar bokmål, kan det nokre gongar vere litt vanskeleg  
Det kan vere vanskeleg å omstille seg frå nynorsk og det kan føre til at ein blandar inn ord som ikkje skal brukast i bokmål  
Enkelte blundar  
Uvant  
Kan meir om nynorsk enn bokmål

Eg har skrivevanskar  
Det er lett  
Kjem ikkje på noko  
Det er ikkje alltid orda blir skrivne slik dei blir uttalt  
Det skil seg frå breidda på dialekta. "Bokmål er litt penare"  
Eg snakkar ikkje det (det liknar ikkje)  
Skriver ikkje så ofte bokmål  
Det er ikkje hovudmål  
Det er stygt og høyrest ut som dansk  
Om ein skal vere konservativ i formuleringar, ofte den anbefalte eller moderne  
Det er ikkje hovudmålet mitt, og eg brukar det ikkje særleg mykje i kvardagen

Det er eigentleg ganske lett å skrive  
Ikkje alltid ein klarer å tenkje ut kva som er korrekt skrivemåte, sidan det ikkje ligg i dialekta.  
Fordi det er lett å blande med nynorsk  
Det kan av og til blande seg med nynorsken

Eg kan ikkje ta med endingar og liknande som eg er vand med på dialekta  
Det kan blandast saman med nynorske  
Det er ikkje det eg har lært å skrive til å bjunde med  
Det er litt annaleis enn det eg er vant til å skrive  
stygt heile greiene

Det er ikkje hovudmålet på skule, og er lite vandt å skrive det til vanleg  
Det ordet eg tenkjer på ofte er nynorsk  
Det er ikkje det eg er vand til  
Snakkar det ikkje så mykje bokmål  
Vanskelig å samanligne med andre ord

ingen grunn

## Vedlegg 23 Rettingar i rettetekst 1

kva	ka	2										
tykkjer	synest	9	meinar	2	meiner	2	sunst	1	synast	1	synes	5
	syns	5	synst	9	tenkjer	1	trur	2	markert	1	ikkje svart	9
valresultatet	valgresultatet	6	ikkje svart	41								
eg	ej	4										
nøgd	fornøgd	33	ikkje svart	14								
min	mine	2										
meistrar	får til	1	greier	1	klarar	2	klare	2	klarar	6	mestra	2
	mestrar	7	markert	1								
lovnadane	lovane	1	lovene	2	løfta	2	løftene	2	løyva	1		
veljarar	velgara	1	velgarane	2	velgarar	6	veljarane	1				
nytta	bruka	1	brukar	3	bruker	2	brukte	11				
røysteretten	stemma	1	stemmerett	8	stemmeretten	13						
prova	bevist	15	brukt	1	prøva	2	prøvd	2	prøver	1	vist	9
	markert	1										
rettleiing	rettleding	1										
valet	valge	1	valget	8								
tilrådingane	anbefalingane	1	annbefalingane	1	forlaga	1	råda	3	rådgivinga	1	tipsa	1
båe	begge	2	både	27								
raud	raude	1	rød	1								
medviten	bevisst	4	ærleg	2	markert	3						
valde	valgde	1	valgte	2								
sjølvsgagt	selvfølgelig	1	sjølvsgagt	1								
eiga	egen	1	ega	1								
overtydning	meining	8	overbevisning	4	markert	4						
høyrde	haure	1	hørte	1								
melde	meldte	2	melte	1	sa	1						
nyhenda	nyheita	7	nyheitene	15	nyhet	2	nyhetene	2				
valopp slutnaden	valget	1	valgopp slutnaden	1	valgopp slutninga	4	valgresultatet	2	valopp slutninga	4		
drøymmer	drømmer	5	drøyme	1								
Noreg	Norge	5										
framleis	fortsatt	10	framdeles	1	fremdeles	2						
eit	et	1										
røynda	egentleg	1	eigentleg	3	i grunnen	1	lengda	1	realiteten	1	verkelegheita	2
	verkelegheita	1	verklegheta	4	verkligheta	1	virkelegheita	1	virkeligheten	1	virkeligheta	1
	markert	5										
halde	holde	4										
enno	enda	3										
kjærkome	bra	2	veldig bra	1	deilig	1	fint	1	flott	2	golli	1
	markert	3	rikeleg	1								
dykk	de	1	dere	2	dokke	15	dække	1				
urettvise	dårleg	1	urett	2	urettferd	1	urettferdig	4	urettferdigheit	14	urettferdighet	1
	markert	1										
kyrkjer	kirker	2	kirke	1								
omsuta	omsorg	9	omsorga	11	omsorgen	6	omsårigen	1	omtanken	1	pengane	1
	markert	3										
innfri	held	1	oppfylle	1	skrive inn	1						
bu	bo	6										

## Vedlegg 24 Rettingar i rettetekst 2

berømt	vidgjeten	1	kjend	2	markert	1						
bli	vert	1	verte	1	bli	1						
ej	eg	39										
deilig	dèili	1	dèileg	2	herleg	1						
ver	vera	1	vere	24	vær	1						
sånn	sann	4	slik	1	slikt	1	åsånn	1				
nødvendigvis	naudsamt	1										
en	ein	23										
lykkelig	gla	1	lukkeleg	8	lykkeleg	2						
drømme	draumer	2	drømmer	2	drøyma	1	drøymar	1	drøyme	7	drøymer	12
selvfølgelig	sjølsagt	1	sjølvsagt	15								
trygghet	tryggleik	10										
bekostning	kostnad	1	markert	2								
mi	min	4										
eiga	eigen	3										
sikkerheit	tryggleik	5										
He	har	28										
dokke	de	7	dere	1	dykk	17	du	1	dåkke	1		
funne	fonne	1	funnet	1								
antrekk	klede	2	klæ	1	markert	2						
begravelsen	begravinga	2	gravferda	4								
morga	morgon	13										
meina	meinar	10	meiner	9								
e	er	29										
naturlig	naturleg	12										
kle	klæ	1										
sånne	sanne	3	slik	1	slike	14	slik ei	1				
sørgelige	sørgelege	8	sørgjelege	4	triste	1						
anldeninga	anledning	1	anledningar	9	anledninger	1	høve	2	tilstelning	1	markert	1
anstendighei	høveleg	1	markert	3								
ta												
sjøl	sjølv	23										
ska	skal	22										
bedagelig	bedageleg	5	roleg	1	markert	4						
anlagt	skapa	1	markert	2								
opplevelsest	opplevings	9	oppdagingstur	1								
ur	tur											
ingen	inga	3										
fornøyelse	fornøying	7										
nå	no	14	jo	1								
alltids	alle tides	1	alltid	2	alltids	2						
gi	gje	1	markert	1								
kjangs	sjangs	5	kjangse	1	forsøk	1	sjans	3	sjanse	11		
anbefale	rådgive	1	markert	3								
korfor	kvifor	29	koffor	1								
innehelde	inneheld	20	markert	1								
mulig	mogeleg	5	mogleg	4	moglege	2						
spiselige	etande	1	etelege	1	spiselege	7	kan etast	1	markert	1		
nytelsa	nytelsar	10	nytingar	8	markert	1						
bestille	bestill	1	bestiller	12	tingar	1	markert	1				
pepper	pepar	5	peppar	6								
gløm	gløym	25										
melk	mjelk	1	mjølk	10								
kaffien	kaffen	3										



## Vedlegg 25 Signifikantsutrekning for figur 10

Faktiske verdier	svært viktig	viktig	inga meining	uviktig	heilt uvesentleg	SUM
nynorsk	3	10	10	3	2	28
bokmål	0	0	1	0	0	1
mellomting	0	6	6	1	0	13
SUM	3	16	17	4	2	42
Forventa verdier	svært viktig	viktig	inga meining	uviktig	heilt uvesentleg	SUM
nynorsk	2	10,67	11,33	2,67	1,33	28
bokmål	0,07	0,38	0,40	0,10	0,05	1
mellomting	0,93	4,95	5,26	1,24	0,62	13
SUM	3	16	17	4	2	42

Friheitsgraden er 6 i denne tabellen, og eit signifikanstnivå på  $\alpha=0.05$  gir då eit kjikvadrattal på 12,59. Utrekning for denne tabellen viser ein verdi på 7.88. Kjikvadrattesten gir såleis eit negativt resultat, og materialet kan dermed ikkje påvise nokon samanheng mellom dei to variablane.

## Vedlegg 26 Signifikantsutrekning for figur 14

Det er lettast for meg å skrive / eg får flest feil når eg skriv

2.5/2.8				
Faktiske verdier				
	nyn	bm	ikkje svart	SUM
nyn	4	24	3	31
bm	13	1	0	14
ikkje svart	0	1	1	2
SUM	17	26	4	47
Forventa verdier				
	nyn	bm	ikkje svart	SUM
nyn	11,213	17,149	2,64	31
bm	5,064	7,745	1,19	14
ikkje svart	0,723	1,106	0,17	2
SUM	17	26	4	47

Friheitsgraden er 6 i denne tabellen, og eit signifikanstnivå på  $\alpha=0.05$  gir då eit kjikvadrattal på 12,59. Utrekning for denne tabellen viser ein verdi på 31.71. Kjikvadrattesten gir såleis eit positivt svar, og materialet viser dermed ein samanheng mellom dei to variablane.

## Vedlegg 27 Signifikantsutrekning for figur 15

Linjeval og lettaste målform			
Faktiske verdier	studiespes	yrkes	SUM
nynorsk	21	10	31
bokmål	4	10	14
SUM	25	20	45
Forventa verdier	studiespes	yrkes	SUM
nynorsk	17,22	13,78	31
bokmål	7,78	6,22	14
SUM	25	20	45

Friheitsgraden er 1 i denne tabellen, og eit signifikanstnivå på  $\alpha = 0.05$  gir då eit kjikvadrattal på 3.84. Utrekning for denne tabellen viser ein verdi på 5.99. Kjikkvadrattesten gir såleis eit positivt resultat, og materialet påviser dermed ein samanheng mellom dei to variablane.

## Vedlegg 28 Signifikantsutrekning for figur 18

Kjennskap til lettaste normal				
Faktiske verdier	nyn	bm	ikkje svart	SUM
heilt sikker	1	1	0	2
ganske sikker	19	10	0	29
litt usikker	7	3	0	10
ganske usikker	2	0	0	2
veldig usikker	0,01	0	0	0,01
ikkje svart	2	0	1	3
SUM	31,01	14	1	46,01
Forventa verdier	nyn	bm	ikkje svart	SUM
heilt sikker	1,35	0,61	0,04	2,00
ganske sikker	19,55	8,82	0,63	29,00
litt usikker	6,74	3,04	0,22	10,00
ganske usikker	1,35	0,61	0,04	2,00
veldig usikker	0,01	0,00	0,00	0,01
ikkje svart	2,02	0,91	0,07	3,00
SUM	31,01	14	1	46,01

Friheitsgraden er 10 i denne tabellen, og eit signifikanstnivå på  $\alpha=0.1$  gir då eit kjikvadrattal på 15,99. Utrekning for denne tabellen viser ein verdi på 16,70. Kjikvadrattesten viser såleis eit positivt resultat, og materialet påviser dermed ein samanheng mellom dei to variablane.

## Vedlegg 29 Signifikantsutrekning for figur 21

Valfridom og to-nivåsystem				
Faktiske verdier				
	Einig	Delvis einig	Ueinig	SUM
Einig	4	10	1	15
Ueinig	3	3	2	8
Veit ikkje	1	17	5	23
Ikkje svart	0	1	0	1
SUM	8	31	8	47
Forventa verdier	Einig	Delvis einig	Ueinig	SUM
Einig	2,55	9,89	2,55	15
Ueinig	1,36	5,28	1,36	8
Veit ikkje	3,91	15,17	3,91	23
Ikkje svart	0,17	0,66	0,17	1
SUM	8	31	8	47

Friheitsgraden er 6 i denne tabellen, og eit  $\alpha=0.05$  gir då 12,592. Verdien for denne tabellen vert ved utrekning 8,23. Kjikvadrattesten gir såleis eit negativt resultat, og ein kan ikkje påvise samanheng mellom variablane i dette høvet.